

Folket  
i krig  
mot  
fascismen

**SPANIA  
1936–1939**

Oktober

**Ein marxistisk analyse**



# Spania 1936—1939

Folket i krig  
mot fascismen

*Ein marxistisk analyse*



Forlaget Oktober  
Oslo 1976

**Spania 1936—1939  
Folket i krig mot fascismen  
Ein marxistisk analyse**

**Omsett etter:  
La Guerra Nacional Revolucionaria  
del Pueblo Español contra el Fascismo  
Analisis critico**

**Utgjeve av  
Ediciones Vanguardis Obrera, 1975**

**©Forlaget Oktober A/S Oslo, 1976  
Første opplag desember 1976: 3000**

**Trykt i offset hjå A/S Duplotrykk, Oslo 1976**

**ISBN 82-7094-134-4**

# Innhald

Innleiring .....	s.	5
<i>Kapittel 1:</i> Det spanske folket har bruk for lærdommane frå den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen .....	s.	13
<i>Kapittel 2:</i> Den politiske situasjonen i Spania frå 1931 til 1936. Dei direkte årsakene til den fascistiske oppreisten .....	s.	31
<i>Kapittel 3:</i> Den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen .....	s.	41
1. Om å klamre seg fast til den republikanske lovtruskapen og ikkje dra nytte av dei nye maktformene som massene utvikla .....	s.	44
2. Om tapet av sjølvstende innanfor Folkefronten og ønsket om å gjere alt innanfor fronten .....	s.	49
3. Om einskapen i arbeidarklassen. Ei opportunistisk oppfatning av kampen for å få eit proletarisk einskapsparti ..	s.	57
4. Om å la vere å mobilisere den naudsynte styrken bak kravet om folkerøystingar i situasjonar der det trongst ..	s.	61
5. Om å henge seg på slep etter småborgarskapet .....	s.	64
6. Om å gje frå seg baktroppen, og samstundes korkje ha kontroll over folkehæren eller rá over eigne væpna styrkar .....	s.	66
7. Om sviktande førebuing og organisering av undergrunnsarbeidet .....	s.	68
8. Om redsle for, og forsoning med dei såkalla vestlege demokratia .....	s.	70
<i>Kapittel 4:</i> Politikken for deltaking i regjeringa .....	s.	72
Nokre konklusjonar .....	s.	79

<i>Kapittel 5:</i> Strategien og taktikken under krigen, og deltakinga i dei væpna styrkane .....	s. 82
1. Om karakteren til krigen og strategien i han .....	s. 83
2. Politikken i høve til dei væpna styrkane .....	s. 96
<i>Den amerikanske imperialismen i krigen vår, og den hjelpa han gav den fascistiske oppreisten .....</i>	s. 105
<i>Problemet med koloniane: «Eit folk som un- dertrykkjer eit anna folk kan ikkje vere fritt .....</i>	s. 118
<i>Nokre konklusjonar som melder seg .....</i>	s. 123
<i>Vedlegg 1:</i> Om «Det svarte toåret» .....	s. 126
<i>Vedlegg 2:</i> Om femte regimentet .....	s. 128
<i>Vedlegg 3:</i> Om dei revolusjonære åtgjerdene som vart tekne under krigen vår .....	s. 129
<i>Vedlegg 4:</i> Om det anarko-trotskistiske kuppet i Barcelona .....	s. 132
<i>Vedlegg 5:</i> Om «sosialisten» Indalecio Prieto .....	s. 135
<i>Vedlegg 6:</i> Om Casado-oppreisten .....	s. 137
<i>Vedlegg 7:</i> Om konsentrasjonsleirane .....	s. 139
<i>Vedlegg 8:</i> Albania .....	s. 141
<i>Vedlegg 9:</i> Kart .....	s. 144
<i>Notar:.....</i>	s. 148

# Innleiing

Denne boka er ein kritisk analyse av ein del grunnleggande problem omkring utbrotet og utviklinga av den nasjonalrevolusjonære krigen mot fascismen (1936—39), og av dei avgjerande årsakene til nederlaget i han. Hovudformålet med analysen er å nytte marxismen-leninismen og den historiske materialismen for å finne fram til dei konkrete årsakene til at borgarkrigen braut ut og dei grunnleggande årsakene til at dei folkelege styrkane leid nederlag i 1939. Ut av dette vil vi så dra dei naudsynte røynslene og lærdomane som vi marxist-leninistar og dei revolusjonære massane i Spania treng, når vi i tida som kjem skal føre kampen mot fascistane til endes og kaste den amerikanske imperialismen ut or landet vårt.

I dei 36 åra som er gått etter 1939 er det skrive store mengder bøker, artiklar og avhandlingar om den revolusjonære krigen vår mot fascismen. Dei har ikkje berre kome i Spania, men over heile verda. Dette ber tvillaust bod om at folk over alt har vore uvanleg sterkt interesserte i og djupt opptekne av den heltemodige kampen det spanske folket førte gjennom 32 månaders krig.

Hovudforklaringa på den store interessa er at krigen i Spania i røynda var den første væpna kampen i 2. verdskrigen, og ein del av den kampen mot fascismen og nazismen som dei fleste folk i verda laut føre straks etter. Kamerat Stalin sende i oktober 1936 eit historisk telegram til det spanske folket. Der uttrykte han kjenslene til folkemassane over heile verda slik:

«...å frigjere Spania frå undertrykkinga til dei reaksjonære fascistane er ikkje ei privatsak for spanskjolane, men ei sams sak for heile den framskridne, progressive menneskeslekta.»<sup>1</sup>

Når dei første kampane mot den væpna fascismen i Europa braut ut i Spania, var det på ingen måte tilfeldig. På same måten som i dag, var Spania for 39 år sidan den veikaste lekken i den imperialistiske lekkja i Europa. Da dei fascistiske kretene i Spania gjorde oppreist i 1936, var det i røynda eit blodig og logisk høgdepunkt på ein lang periode med hissige kampar og ekstremt skjerpa klassestrid. På same tid var utviklinga komen så langt at det både subjektivt og objektivt låg føre ein revolusjonær situasjon. Den gongen, som i dag, var det umogleg å løyse dei økonomiske, politiske og sosiale problema som trengde seg på, utan samstundes å sprengje dei trange ramene som dei rådande samfunnsøkonomiske tilhøva sette. Desse ramene var ein arv frå det gamle monarkistiske og halvføydale regimet<sup>2</sup>, og det republikanske styret som vart innført etter vala i 1931, hadde så godt som ikkje rørt ved dei i det heile. Eit døme på dette er jordproblema på landsbygda. Dei kravde gjenomgripande åtgjerder straks og utan nøling. Latifundiesystemet<sup>3</sup> (storgods-systemet) og andre føydale ovringer som framleis fanst i rikt monn, førte med seg at millionar av landarbeidarar og fattigbønder levde i svolt og elende. Det som måtte til, var ein djuptgripande landreform der latifundia vart kverrsette og jorda delt ut til dei eigedomslause massane. No hadde dei skiftande republikanske regjeringane gjort enkelte vedtak i denne leia. Men tiltaka var smålåtne og utilstrekkelege, og vart dessutan sett ut i livet berre delvis og ufullstendig. Dei breie folkemassane var kløyvde mellom sosialdemokratiske og anarkistiske retningar. Men dei gjekk likevel til harde aksjonar som bar bod om kampkraft og vilje til revolusjon, og dei kravde at problemet måtte løysast.

Marxismen-leninismen og den historiske materialismen lærer oss at det aldri vil finnast nokon klasse som passivt og fredeleg gjev slepp på særrettane sine og let klasseinteressene sine vike. Da den 2. republikken vart proklamert i april 1931, gjekk rettnok finans- og godseigaroligarkiet<sup>4</sup> med på å dele noko av den politiske makta si med mellomborgarskapet, og dei gjorde ingen væpna motstand på den-

ne tida. Forklaringa på dette ligg i hovudsak i at dei ikkje såg dei livsviktige interessene sine truga. Dei hadde framleis stor innverknad i statsapparatet, og dei åtte rikdomar og gods. Dei kunne berre vente på eit høveleg tidspunkt da vaklinga og handlingslamma til dei borgarlege republikanske politikarane igjen gjorde det mogleg for oligarkiet å ta att heile den politiske makta.

Etter at Folkefronten<sup>5</sup> sigra ved vala i februar 1936, vart det skipa ei regjering med representantar nesten berre frå mellom- og småborgarskapet. Dei reaksjonære gruppene sette da straks fart i førebuingane til den svikefulle oppreisten mot folket og mot republikken. Desse gruppene var samansvorne med dei fascistiske kreftene som no lyfte hovudet og organiserte seg over heile Europa for å hindre at dei folkelege kampane hadde framgang. I brodden for desse kreftene stod Hitler-Tyskland og Mussolinis Italia. Revisjonistgruppa til Carrillo-Ibárruri<sup>6</sup> slår i alle «historiske» oppsummeringane sine fast følgjande: Borgarkrigen kunne ha vore unngått dersom den borgarlege, republikanske regjeringa hadde sett i verk ei rad populære tiltak som kunne ha stetta dei mest brennande krava frå folket, og såleis undergrave makta til reaksjonen. Men ein av dei viktigaste lærdomane i marxismeleninismen — ein lærdom som vart stadfesta av praksis også i 1936 — slår fast: Med mindre borgarskapet står under leiinga til arbeidarklassen vil det *aldri* på fast og konsekvent vis sette i verk dei revolusjonære åtgjerdene folket krev og treng. I Spania hadde den borgarlege revolusjonen aldri vorte gjennomført fullt ut. Det førte til at borgarskapet i dette landet var særleg veikt og konservativt, både politisk og økonomisk. Som nemnt hadde dei reaksjonære gruppene lukkast i å halde maktposisjonane og ressursane sine intakte. I dei tilfella da borgarskapet hadde freista sette i verk dei revolusjonære endringane som stoda kravde, hadde reaksjonen møtt dette med hard motstand. Særleg galdt dette etter at dei kunne rekne med støtte frå dei mest reaksjonære kreftene i Europa, Hitler og Mussolini, og elles i verda.

Dette er røyndomen. Men opp mot dette må vi stille den leiande rolla som arbeidarklassen og partiet til arbeidarklassen må ha i revolusjonen, ikkje minst i alliansen mellom arbeidarar og bønder. Alle borgarkrigar er til sjuan-de og sist klassekrigar, og vår nasjonal-revolusjonære krig mot fascismen var det i høgste grad. I denne krigen stod striden om det spanske samfunnet skulle marsjere framover, eller om dei reaksjonære og geistleg-fascistiske gruppene rått og brutalt skulle makte å tvinge historia sitt hjul attende.

Som vi har sagt: Dei reaksjonære klassene gjer aldri sjølv-mord, og kamerat José Diaz, generalsekretæren i partiet, spara aldri på kreftene når det galdt å åtvare folket mot dei trugsmåla som låg i åtaka frå oligarkiet. Lenin har lært oss:

«Det er dei utbyttande, herskande og undertrykkande klassane som alltid og over alt set i gang krigane.»

Når folkemassene går til kamp og aksjon for å få rettane sine og vinne fram til nasjonalt sjølvstende, vil dei kome til å truge dei klassane som sit med makta. I den stoda er det klart at reaksjonen vil sette i verk kontrarevolusjonær vald mot folkemassane. Difor er det også naudsynt å få dei utbytta massane til å forstå så klart som mogleg at borgarkrigen vår *ikkje var ei tilfeldig hending som kunne ha vore unngått*, men framhaldet på klassekampen gjennom væpna kamp.

Det spanske folket svara djervt med å gripe til våpen og sette sitt eige, revolusjonære væpna vald opp imot det væp-na valdet til reaksjonen. I ein slik situasjon ser vi at det i siste omgang finst to vegar for dei utbytta massene og folket: Anten må dei gjere front mot den kontra revolusjonære våpenmakta med si eiga våpenmakt, eller så må dei la seg knuse og underkaste seg.

Det spanske folket må også halde på ein annan lærdom, og ikkje gje rom for tvil: Det er ikkje nok å føre den revolusjonære kampen med stor kampvilje og entusiasme. Innanfor rama til ein nasjonal-demokratisk revolusjon må

arbeidarklassen og deira parti ta føringa i kampen, i nært samarbeid med folkemassane på landsbygda.

Spanias Kommunistparti (marxist-leninistane), PCE (m-l), har no kome i gang med å samanfatte røynslene frå vår eigen nasjonal-revolusjonære krig med røynslene frå den store kinesiske revolusjonen og den albanske revolusjonen. Vi gjer dette med klar front imot ultrahøgre-standpunkta til Carrillo-gruppa, som freistar gjere arbeidarklassen til eit haleheng etter borgarskapet. Partiet vårt bygger den revolusjonære taktikken og strategien sin på dette grunnlaget:

I den folkelege og demokratiske fasen revolusjonen no er inne i, er det arbeidarklassen som saman med dei fattige bøndene skal leie kampen. Samstundes strevar vi hardt for å samle og reise alle lag og grupper som kan tenkjast å ville slåss mot oligarkiet og USA-imperialismen i ein revolusjonær front. Når reaksjonen er knust skal revolusjonen så utan avbrot førast vidare inn i den sosialistiske fasen.

Den væpna reaksjonen hindra brutalt og blodig at dei påtrengande problema det spanske folket reiste i 1936 vart løyste. I tillegg til desse problema kjem no det amerikanske herredømet<sup>7</sup> over Spania, med amerikanske basar og soldatar på spansk jord.

Revisjonistgruppa til Carrillo - Ibárruri spreier illusjonar om ei fredeleg løysing. Men oligarkiet som sit med makta nølte ikkje med å gripe til våpen da dei meinte dei skitne interessene deira var truga for 40 år sidan. Og det ligg klart i dagen at den makta dei reiv til seg med hjelp av våpna den gongen, vil dei ikkje gje frå seg på fredeleg vis eller i «god borgarånd» i dag heller. Difor må det spanske folket ha klart for seg dei grunnleggande lærdomane kamerat Mao Tsetung gjev om dette. Kamerat Mao samanfattar røynslene frå dei kinesiske borgarkrigane og krigen mot japanarane med å slå fast at «makta veks ut av geværløpet». Vidare seier han:

«Den sentrale oppgåva i og den høgste forma for ein revolusjon er å gripe makta med våpenmakt,» og «dette marxist-leninistiske prinsippet gjeld over alt, i Kina så vel som i alle andre land.»<sup>8</sup>

Det er nett dette universelle marxist-leninistiske prinsippet revisionistane med alle middel freistar løyne under eit berg av utflukter, taskenspelarknep, og uendelige klagesongar om dei lidingane krigen valda det spanske folket.

Vi vil på ingen måte bagatellisere dei plagene og dei lidingane som vart folket vårt til del i dei 32 månadene krigen rasa. Enda mindre ønskjer vi å «slå ein strek over» dei brotsverka fascistane gjorde mot folkemassane. Men når revisionistane lovprisar pasifismen som vegen framover i den stoda landet vårt står oppe i, da løyner dei for massane det Lenin har sagt om dette, og går i praksis imot det. Lenin slo fast at:

«Krigen er eit produkt av imperialismen, og av systemet med at menneske utbytter menneske.»

Difor må vi føre resolutt kamp mot den knekrypande revisionismen som sår omkring seg med redsle for fienden og kontrarevolusjonær, nederlagsstembt pasifisme. Dette er heilt naudsynt når vi skal reise, organisere og væpne folkemassane i Spania for å styre fascist-diktaturet og kaste ut den amerikanske okkupanten.

Standpunktet vårt er klart og avgjort. Ei rekke folk har gjennom dei siste 30 åra gripe til våpen og reist seg mot det væpna valdet til reaksjonen og imperialismen. I lyset frå deira sigerrike kamprøynsler slår vi fast at det gjennom ein væpna kamp vil vere mogleg å styre diktaturet og kaste ut dei amerikanske herrane. Vi veit godt at krigen vil krevje store lidingar og offer. Men dersom det spanske folket ikkje reiser seg til folkekrig mot utbyttinga og undertrykkinga, må det finne seg i å vere træl og offer for alle dei urettar og audmjukingar som reaksjonen og imperialismen tvingar på det.

Det spanske folket vil om ikkje lenge fri seg frå tvangstrøya til dei moderne revisjonistane som påstår det er mogleg å bli kvitt diktaturet på fredeleg vis. For 40 år sidan venta ikkje reaksjonen ein augeblink med å dra våpen mot den republikanske staten. Seinare fekk han utanlandske<sup>9</sup> troppar med på si side mot det spanske folket. Kvifor skulle han no brått la vere å nytte vald mot eit folk som med fredelege middel vil ta makta frå han? Trur nokon han vil gje etter godvillig?

Vi kjenner sorg og medkjensle for dei lidingane og dei dødsofra borgarkrigen kravde av folkemassane. Vi kjenner dette som om det galtd oss sjølve. Men like lite som vi lovtalar krigen for krigens eiga skuld, vil vi falle attende til sentimentale, pasifistiske standpunkt. Vi vil seie med Mao Tsetung:

«Det uhyret som heiter krig vil til sjuande og sist, og i ei ikkje alt for fjern framtid, bli rydda til side av framstega til menneskesamfunnet...Men det finst berre ein måte å fjerne han på: Å møte den kontrarevolusjonære krigen med revolusjonær krig.»<sup>10</sup>

Vi må gjere det vi kan for å samanfatte røynslene og lærdomane frå sigrane og nederlaga i den nasjonalrevolusjonære krigen mot fascismen, og vi må på skapande vis nytte marxismen-leninismen for å analysere dei konkrete tilhøva i landet vårt. Berre om vi gjer dette kan vi garantere at folket vil sigre i dei kampane som vil kome mot den fascistiske reaksjonen, mot USA-imperialismen, og mot den russiske sosialimperialismen, som på mangfaldige måtar freistar trenge seg inn i landet vårt.



## KAPITTEL 1



# Det spanske folket har bruk for lærdomane frå den nasjonal- revolusjonære krigen mot fascismen

Det spanske folket førte frå 1936 til 1939 ein revolusjonær krig mot den innanlandske fascismen og mot ein internasjonal intervensjon. Denne nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen var utan tvil den viktigaste hendinga på den revolusjonære vegen til folket vårt. Det var ei hending som ikkje kan samanliknast med noko anna spansk historie, ikkje berre når det gjeld omfang, brutalitet og vald, men og når det gjeld det heltemotet som det spanske folket synte i

krigen. Ho var og eineståande i og med at ho gjekk føre seg i tidbolken med proletariske revolusjonar, ein tidbolt som byrja med Oktoberrevolusjonen i Russland. Den spanske revolusjonen høyrde såleis ikkje til den gamle typen borgarleg-demokratiske revolusjonar, men var ein del av den sosialistiske verdsrevolusjonen. Difor var det proletariatet som skulle spele hovudrolla i denne krigen og vere hovuddrivkrafta. Ingen andre revolusjonære kampar i Spania har gått så djupt eller nådd så mange sosiale lag og klassar. Ein kan slå fast at ingen var upåverka av den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen. Alle spanjolar, kva samfunnsklasse dei enn kom frå, deltok direkte i han. Heile Spania vart skaka: dei økonomiske, politiske og sosiale grunnvollane sprakk i bitar. Kor djuptgripande følgjene av denne krigen vart — særleg for folkemassane, er aldri vorte skikkeleg kjent. Men samstundes løfta folkekrigen det revolusjonære medvitet til det spanske folket opp til høgder ingen kunne ha tenkt seg. Massane vakna opp i eit slikt omfang at det vart eit føredøme for alle folk i verda.

Den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen blir med dette den viktigaste hendinga i samtidssoga vår, og han sette det spanske foket i stand til å rykke langt fram etter vegen mot den sosialistiske verdsrevolusjonen. Da fascistane sigra vart vegen rettnok stengd, men det er berre mellombels. Vi må studere og oppsummere den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen grundig, og dra lærdom både av sigrane og nederlaga; av rette ting såvel som av mistak. Dette er over lag viktig dersom vi skal forstå den vegen som Oktoberrevolusjonen drog opp — vegen til Lenin og Stalin. Dei som freistar gløyme den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascistane eller forkludrar røynslene frå han, gjer i røynda den revolusjonære vegen vanskelegare. Med det blir dei også medhjelparar for Franco-styret, og lakeiar for imperialismen og sosialimperialismen.

I boka «Lærdomane frå krigen til det spanske folket», som José Diaz skreiv kort tid før han døydde, seier han:

«Kommunistpartiet hadde sine veike punkt. I strevet med å halde Folkefronten saman, let det vere å åtvare folket i tide mot at representantane frå dei andre partia og organisasjonane nytta Fronten som eit dekke for si eiga svikefulle verksemrd. Partiet var først og fremst oppteke av stoda i Fronten med tanke på det åtaket frå fienden som måtte kome. *Det forsørte å mobilisere massane mot svikarane og slo ikkje ned det svikefulle opprøret, enda det rådde over dei styrkane som trongst.*» (Vår utheving)<sup>11</sup>

Dei degenererte svikarane til Carrillo har løynt og fornekta desse orda til kamerat José Diaz. Dei har late skriftene hans forsvinne, eller dei har forvanska dei på det grovaste. Han, som var den store leiaren for partiet vårt, tok til å arbeide ut ein sjølvkritisk analyse, men utkasta til den har revisjonistane lagt til sides. Dei spanske revisjonistleiarane har aldri gjort nokon sjølvkritisk analyse av kvifor vi tapte krigen. Det har dei sjølvsagt interesse av å la vere. Men det er ikkje alt. Dei er til dei gradar svikefulle at dei på skammeleg vis løynar dei mistaka som vart gjorde og freistar gjere partiet fritt for alt ansvar — det partiet dei ikkje lenger representerer, må vi legge til. I «Historia til Spanias Komunistparti» ei grovt forvanska og forfalska historie, slår dei frekt og freidig fast:

«Det (kommunistpartiet) er det einaste politiske partiet i Spania som *ikkje har noko ansvar for nederlaget i krigen.*»<sup>12</sup>

...og dei legg til:

«Mistaka og veikskapene til partiet... var ikkje av ein slik art og eit slikt omfang at det fekk noko å seie for krigen og korleis han utvikla seg. Det var ikkje noko direkte samanheng mellom mistaka og veikskapene til partiet og årsakene til nederlaget.»

Slike påstandar frå revisjonistleiarane i Carrillo-Ibárruri-klikken syner berre kor subjektive dei er og kor redde dei er for massane. Å påstå slikt som dette er anti-dialektisk. Det er å lure seg unna sjølvkritikk og svindle sanninga og lærdomane bort frå partimedlemane og dei revolusjonære massane ålment. For dersom partiet var sjela og drivkrafta i motstanden mot fascismen; dersom det attpå til i ein viss periode var det viktigaste partiet i Folkefronten; dersom det hadde innverknad på korleis krigen vart ført, korleis kan ein då seie at det ikkje hadde noko ansvar for nederlaget? Det er ingen tvil om at partiet hadde ansvar for nederlaget i den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen. Og dette ansvaret er ikkje lite, heller. Etter som partiet var den viktigaste faktoren i motstanden, blir ansvaret di større.

Revisjonistleiarane har aldri gjort nokon kritisk og sjølvkritisk analyse av den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen. Di lenger dei søkk ned i revisjonistmyra, di hardare set dei seg imot ein slik analyse. Dermed fell det på oss å gjere dette arbeidet. For det er vi som har teke opp det marxist-leninistiske flagget dei har kasta frå seg. Og det er vi som har bygd opp att det partiet som grunnar seg på den sanne vitskaplege sosialismen. Vi veit at når vi tek på oss dette arbeidet, vil vi med det styrke partiet, tilføre det nye røynsler, og ruste det for slaga som vil kome. Vi er ikkje redde massane, og heller ikkje redde for å legge fram feila våre for dei. Tvert om veit vi at vi bind oss nærare til massane på denne måten, og at massane på si side knyter seg nærare til oss.

Når vi no analyserer sjølvkritisk den innsatsen partiet gjorde i den nasjonal-revolusjonære krigen, søker vi sjølv sagt ikkje å minske den heltemodige og djerve rolla partiet spela i desse ærerike kampåra. Partiet var sjølvfornektande og heroisk; ja, sjølve sjela i krigen. Det var takk vere partiet at det spanske folket var i stand til å utføre dei revolusjonære storverka som sette verda i undring. Utan Spanias Kommunistparti ville ikkje folket vårt kunna sett seg opp imot den innanlandske og utanlandske fascismen. Folket ville ha vorte tvinga i kne på få veker, og hadde ikkje vore i

stand til å gje fascismen tunge nederlag. Dette må vi alltid ha klart for oss når vi analyserer den nasjonal-revolusjonære krigen sjølvkritisk. Men i tillegg til dette gjorde partiet mistak som førte fram til nederlaget. Det er heilt naudsynt å studere, analysere og samanfatte desse mistaka dersom vi ønskjer å hindre at dei tek seg opp att i den folkekrisen som no nærmar seg, og dersom partiet trygt skal kunne leie folket fram til å knuse frankist<sup>13</sup>-styret og kaste USA-imperialismen ut av landet vårt.

Skriftene til kamerat Mao Tsetung om folkekrisen er ei kjelde til lærdom for dei revolusjonære. Her lærer han oss at dei objektive vilkåra for ein krig (det vil seie: Karakteren til krigen, den folkelege støtta og den internasjonale hjelpa), ikkje i seg sjølv kan bli årsak til siger eller nederlag, jamvel om dei ber i seg utsiktene til både. For å vinne siger krevs menneskeleg, medvitne handling; det vil seie eit klart grep om korleis krigen skal leiast og førast. Den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen var ut ifrå karakteren sin ein rettvis krig. Folkefronten hadde full støtte frå dei breie folkemassane. Og jamvel om den internasjonale stoda var vanskeleg, hadde ein aldri før sett så stor internasjonal solidaritet med den kampen eit folk førte. Alt dette syner at dei objektive vilkåra peika mot triumf. Likevel vart vi slegne. Dette tyder på at den medvitne aktiviteten som gjekk føre seg i stor mon var feil, og at ein korkje makta å leie eller å føre krigen i samsvar med dei særegne, konkrete vilkåra som rådde.

Det vart gjort mistak som, når dei kom i lag med dei andre faktorane, førte det spanske folket til samanbrotet. Kva slag mistak var dette? Det er dette vi må analysere. Det fanst politiske og militære mistak. Ansvaret til kommunistpartiet er difor stort, og det kan ikkje vere tvil om at partiet gjorde politiske, strategiske og taktiske mistak som hindra at krigen utvikla seg i full breidd til å bli ein omfattande og *sigerrik* folkekrieg.

Den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen er inga død og gløymt historisk hending, slik revisjonistane i Carrillo-gruppa påstår.<sup>14</sup> Med denne og liknande påstandar

gjer Carrillo & Co. det openbert at dei har svike revolusjonen og folket. Stikk i strid med det dei seier, lever den nasjonal-revolusjonære krigen vår framleis i det spanske folket og i folkemassane over heile verda, medrekna dei unge generasjonane som ikkje opplevde han. Dei har ikkje gløymt han, og dei bed med full rett om ei forklåring på han. Også dette syner at det ikkje er bortkasta arbeid å analysere han. Tvertom er det både aktuelt og naudsynt, no når revolusjonen på ny er på frammarsj i Spania, og dei krefte som no har teke til å gripe til våpen for å vinne fridom og sjølvstende for landet vårt, samlar seg og veks seg stendig sterkare.

Men kvifor lever den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen vidare i folket vårt? For han er ikkje ei gløymd historisk hending, slik revisionistane hevdar. Sanninga er at krigen ikkje er slutt, og at dei årsakene som førte til han ikkje er borte. Det at krigen no har vore inne i ein tidbolt der det berre var folket som hadde falne, tyder ikkje at han er slutt. Årsakene til krigen står ved lag, og trenger seg stendig sterkare på. Difor er det spanske folket levande opptekne av han.

José Diaz sa:

Vi ønskjer at krigen snart må ta slutt. Det er for å gjere slutt på han at vi kjempar denne krigen som fascistane har tvinga på oss. Men krigen må ende med at folket si sak sigrar. For denne saka er rettferdig og heilag. *På nokon annan måte kan krigen aldri ta slutt.* (Vår utheving.)<sup>15</sup>

Som vi ser, har revisionistane svike tankane til José Diaz med den trulause «nasjonale forsonings-politikken» sin. For den rettvise saka til det spanske folket har enno ikkje sigra. Med det har den revolusjonære krigen vår heller ikkje enda. Og korleis kan noko som enno ikkje er slutført vere ei hending som hører historia til!

José Diaz har også sagt:

«Det kan ikkje bli fred så lenge det finst att ein einaste soldat frå invasjonshærane i fedrelandet vårt. Det kan

ikkje bli fred før alle fiendar og alle som freistar føre inn eit fascistisk regime i Spania er knuste for godt. Det kan ikkje bli kompromiss av noko slag med landssvik-generalane eller med dei utanlandske åtaksmaktene. Å kaste ut invasjonstyrkane; knuse Franco; jage fascismen for all framtid frå landet vårt, dette er det einaste mogelege kompromisset.»<sup>16</sup>

Den «nasjonale forsonings-politikken» til Carrillo er eit svik også mot denne tesen frå José Diaz. Korleis kan ein tale om fred når invasjonssoldatane framleis trampar på spansk jord og det einaste som har endra seg, er uniforma og flagget til invasjonsmakta? Korleis kan ein tala om fred når svikarane ikkje er knuste og fascistregimet enno rår i Spania? Korleis kan ein tale om kompromiss med landssvikar-generalane eller etterfylgjarane deira?

Som José Diaz heilt rett sa, tek krigen berre slutt *når folket har sigra*. Det vil seie at den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen held fram, for folket har ikkje sigra. Difor lever krigen mellom dei folkemassane som må halde ut i han. Krigen vår kan ikkje ta ende så lenge det finst utanlandske troppar i Spania, og i dag slår «US Marines»<sup>17</sup> opp lægra sine på spansk territorium. Altså held krigen fram, og folket vårt vil føre han vidare til invasjonstroppane er kasta ut. Krigen vår kan ikkje ta slutt så lenge svikarane tvingar på oss det fascistiske regimet sitt. Og vi kan ikkje kome til noko kompromiss — kall det «nasjonal forsoning» eller kall det kva ein vil — med svikargeneralane og oligarkigruppene. Difor held krigen fram, og han vil halde fram til det spanske folket har sigra.

Spanias Kommunistparti (m-l) er bygd oppatt og tufta på marxismen-leninismen. Vi er trugne mot lærdomane frå vår ugløymane kamerat José Diaz. Like lite som folket vårt kan vi gje opp krigen. Dette er grunnen til at når vi analyserer tidbolken frå 1936 til 1939, gjer vi det i visse om at det er eit aktuelt og politisk arbeid og at det kjem til å bli til stor nytte for sigeren til folket vårt.

## Kva er grunnlaget for den «nasjonale forsoningspolitikken» til revisjonistane?

1. Krigen er ei hending som høyrer historia til og må gløymast. Han er ein del av fortida, og vi må sjå han som avslutta.<sup>18</sup>

2. Frankist-regimet er ikkje lenger eit fascistisk regime og utviklar seg i retning av ei «liberalisering» eller «demokratisering».

3. Styrketilhøvet mellom kreftene på den internasjonale arenaen har endra seg så mykje at det ikkje lenger tillet at Franco held fram med det fascistiske regimet sitt. Dette gjer det mogleg å samle alle spanjolar for å få i stand ei politisk endring utan at ein treng nytte våpen.<sup>19</sup> Konsekvensen av alt dette er at ein må søkje aksjonseinskap mellom alle spanjolar og kome til eit kompromiss med dei som reiste seg mot folket og med etterfylgjarane deira. For å oppnå dette er det naudsynt å erklære den nasjonal-revolusjonære krigen for avslutta, setje «strek over fortida» og gå inn i ein tidfolk med «harmoni» mellom alle klassar og individ<sup>20</sup>.»

Dette er i samanfatting Carillo sin politikk for «nasjonal forsoning».

Om ein analyserer denne politikken, kan ein ikkje kome til nokon annan konklusjon enn at det er ein falsk svikarpolitikk, all den stund han baserer seg på falske premiss. Den «nasjonale forsoningspolitikken» er altså falsk, og han svik interessene til det spanske folket. Dette blir tydeleg når vi analyserer det svikefulle grunnlaget for han. La oss sjå:

1. Sjølv om krigen i *skyttergravene* tok slutt for 36 år sidan, tyder ikkje dette at krigen er fullført, berre at folket har tapt ein etappe i han. Den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen hadde politiske, økonomiske og sosiale årsaker, og desse årsakene er

ikkje vortne borte, men tvert om meir tilkvesste. Altså, som José Diaz sa: krigen er ikkje slutt.

Han har visseleg teke andre former. Fiendehopen har ikkje lenger hatt falne, motstanden vår har minka, osb. *Men årsakene finst enno*. Alle veit at det blir krig når den motseiinga det gjeld ikkje lenger kan løysast med fredelege middel (politikken), men må løysast med valdsmiddel (krigen). Difor sa Lenin:

«*Krigen er framhaldet av politikken med andre middel.*»<sup>21</sup>

Men ein krig kan berre ta slutt når denne motseiinga er løyst. I Spania er den motseiinga som førte til krigen ikkje løyst. Dimed har ikkje krigen kunne ta slutt, og dei verkelege kommunistane, marxist-leninistane, kan ikkje sjå på han som ei hending som berre hører historia til. Når den væpna folkekrisen ikkje har teke teke til på nyt, er det først og fremst på grunn av den revisjonistiske politikken til Carrillo-Ibárruri-gruppa. Gjennom å spreie illusjonar har dei hindra at folket har kome seg på fote etter det mellombels nederlaget og førebudd seg på ein ny etappe i krigen. Dei har i staden avvæpna folket. Dette er eit faktum. Krigen er ikkje ei eingongs-hending som hører historia til, men ei høgst aktuell sak som ein snarast mogleg må setje i gang att, i folket og revolusjonen si interesse.

2. Frankist-regimet har framleis dei same grunnleggande karakterdraga som i 1939, det vil seie at det i grunnhåtten framleis er fascistisk. Likevel har ikkje alle fascistiske regime dei same *formelle* kjenneteikna, og eitt og same fascistiske regime kan gjennom sga si utvikle særskilde former. Desse formelle, underordna karakterdraga vil til sine tider kle seg ut som både «liberale» og «demokratiske». Da er det om å gjere å ikkje blande desse draga saman med grunnhåtten; sjølv det som særmerker regimet. I det konkrete tilfellet med frankist-regimet er han framleis klart fascistisk.

Oligarkiet som tok makta i 1939, har sete ubrote

med henne sidan da, og er framleis det same. Sant nok har det alltid vore motseiingar innan oligarkiet, og anleis kunne det heller ikkje vere. Desse motseiingane kvesser seg til når folket har framgang og vinn sigrar i den revolusjonære kampen, og når den politiske stoda blir meir samansett og problemfylt. Men ein ting er alle delar av oligarkiet samde om.. Det er at dei som herskande klasse må halde fast på den grunnleggande politiske og økonomiske makta si.

Enkelte delar av oligarkiet har nok gjort spreidde freistnader på å «endre» på fasaden. Men den verkelege karakteren til fascismen synte seg enno ein gong i utvetydig form gjennom avrettingane den 27. september 1975<sup>22</sup>, og gjennom den massive valdsundertrykkinga som vart slept laus som følgje av dei væpna aksjonane til FRAP<sup>23</sup>.

Oligarkiet vil nok prøve seg med nye «liberaliserande» manøvrar. Men dei vil ta i bruk dei same fascistiske metodane som før når folket fører kampen vidare for sine eigne interesser og rettar. All røynsle syner at denne «liberaliseringa» blir kledd av så snart folket slåss. Carrillo-politikken med «nasjonal forsoning» freistar med alle middel å hindre kampen.

3. Det er rett at styrketilhøvet mellom kreftene i verda har forandra seg sidan 1939. I ein del land har arbeidarklassen og folket teke makta, og i Kina og Albania bygger dei no sosialismen konkret, i kamp mot den kapitalistiske og revisionistiske innringinga. Andre folk og nasjonar har med hell ført nasjonale frigjeringskrigar mot imperialismen. I Sovjet og andre land i Aust-Europa har revisionismen stige fram, og Sovjet har vorte ei sosialimperialistisk makt. USA og Sovjet er i dag, saman og kvar for seg, hovudfienden til alle folk i verda. Motseiingane mellom imperialistane kvesser seg til dag for dag. Den marxist-leninistiske kommunistrørsla utviklar seg i hard kamp mot reaksjonen, imperialismen og revisionismen, og bur seg på å gå i spissen for proletariatet og dei andre un-

dertrykte massane fram i mot den sosialistiske revolusjonen. Alle desse endringane har gått føre seg på den internasjonale arenaen.

Men korkje kvar for seg eller til saman rettferdiggjer desse endringane tesen til Carrillo om at frankist-regimet ikkje lenger kan halde fram slik som det er, og at det må «utvikle seg fredeleg» mot demokrati og sosialisme.

I røynda er det tvert om. Spania ligg i ein sone som politisk og militært er overlag strategisk viktig for alle imperialistane, og særleg for dei to super-maktene. Det går føre seg ein kvass indre klassekamp i Spania, og det politiske medvitet og kampviljen veks stadig i dei breie lag av folket. Spania ligg under herredømmet til USA-imperialismen. Difor er det i dag umogleg at fascist-regimet til oligarkiet skal kunne utvikle seg «fredeleg» mot demokrati og sosialisme.

I Spania går det føre seg ein skarp klassekamp mellom proletariatet og borgarskapet ut ifrå interessene deira. Den gjev grunnlaget for hovudmotseininga mellom heile folket på eine sida, og oligarkiet og imperialismen på den andre.

Ein leninistisk tese slår fast følgjande: Det er kampen mellom proletariatet og borgarskapet som gjev vår tidfolk sine grunnleggande særmerke, og vi er no inne i den tidbolken da imperialismen vil bryte saman og den sosialistiske revolusjonen vil sigre. I dei kapitalistiske landa får vi dagleg stadfest denne tesen. Men den sosialistiske revolusjonen kan berre gjenomførast med valdeleg kamp som knuser og gjer ende på makta til borgarskapet. I Spania rår eit fascistisk regime som i grunndraga held seg som da det vart skapt; desto meir må da desse tesane gjelde her.

Av alt som her er sagt, går det fram at Carrillo-politikken bygger på eit falskt grunnlag. Konklusjonane i han kokar ned til ingen ting, og han avslører seg som eit svik mot folket og revolusjonen. På same tid blir det klart at det ikkje

kan finnast nokon «harmoni» mellom alle slag klassar og individ, men kamp på liv og død mellom det spanske folket og undertrykkjarane deira; finans- og godseigaroligarkiet som oppfører seg som fangbikkjer for imperialismen.

Opp imot den revisionistiske svikarpolitikken set Spanias Kommunistparti (m-l) og alle dei revolusjonære og sanne patriotane som er med i FRAP, politikken med væpna kamp mot frankistane.

Grunnlaget for denne politikken er:

1. Krigen er ikkje slutt. Han er ikkje ei hending som høyrer historia til. Vi må bu oss på han og føre han vidare så snart som råd.
2. Det regimet som sit no er framleis eit fascistisk regime. Spania kan berre bli demokratisk gjennom væpna oppreist og ein folkekrig som styrtar frankismen og kastar USA-imperialismen ut or Spania.

Dette får desse konsekvensane: Vi må skape einskap mellom alle klassar og lag i folket for å vinne over undertrykkarklassane, som held frankiststyret oppe, eller freistar gje det ein meir «liberal» fasade. Vi må kaste USA-imperialismen ut or Spania, for det er den som er hovudstøtta til oligark-diktaturet. Men vi må og hindre at den russiske sosialimperialismen får aukande innverknad gjennom Carrillo-agentane. Det kjem ikkje på tale med noka form for kompromiss med dei som reiste seg mot folket i 1936 eller etterfølgjarane deira. For same kor dei prøver å løyne seg bak andre masker, så er grunnhåtten deira den same.

Det må no setjast i gang revolusjonær krig for nasjonalt sjølvstende på nytt, og klassekampen må førast til sine ytste konsekvensar. Dette er den einaste rette politikken som kan føre til siger. Det ser vi klart når vi nyttar den vitskaplege, marxist-leninistiske analysemetoden, slik vi gjorde i spørsmålet om «nasjonal forsoning». Den «nasjonale forsoninga» til Carrillo og slenget hans er derimot ein urett politikk som fører til klasseforsoning og til nederlag.

Spanske og utanlandske «marxistiske» forfattarar som har analysert den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen, har ikkje kome ut over nivået med å fortelje anekdotar om det kollektive heltemotet til folket, eller om enkeltpersonar sitt individuelle heltemot.<sup>24</sup> Desse forteljingane plar jamnt vere svært overflatiske, og utan nokon verkeleg vitskapleg, dialektisk analyse. Jamvel der dei i visse tilfelle freistar dra konklusjonar, kjem dei ikkje til botnar i spørsmåla.

Ei anna gruppe forfattarar som har skrive om den revolusjonære krigen mot fascismen frå 1936—39, er anarkistane og trotskistane. Dei vrenger utan skamkjensle på fakta, og i stor iver etter å sverte kommunistpartiet til José Diaz dreg dei alle slag snedige konklusjonar, som dei pakkar pent inn i ei upresis, overflaterevolusjonær språkføring. Til sjuande og sist hjelper dei berre reaksjonen på denne måten.

Til sist har vi dei «nøytrale, objektive» historieskrivarane, som berre kan fortelje episodisk om krigsgangen. Naturleg nok skriv dei ut ifrå borgarleg og småborgarleg synsstad, og dei gjer ikkje den minste freistnad på å analysere i djupna.<sup>25</sup> Dei fascistiske skribentane treng vi ikkje nemne, for dei vrenger og lyg så det renn av dei. Måten fascistane lagar historie på, skulle elles vere vel kjend.

Dei forfattarane som skriv om krigen, gjer det sjølvsagt ut ifrå sin eigen ideologiske og politiske synsstad. Antikommunistane ser det som om krigen vart tapt av grunnar som for ein stor del låg utanfor landegrensene. Særleg dreg dei fram at kommunistpartiet skal ha «tvinga» fram politikken og metodane sine og bremsa den «sosiale revolusjonen», av di dei var brikker i spelet til Stalin. Dette er klart feil, og reaksjonært hjernespinn. Dei går ærenda til frankistane når dei på denne måten forvrenger historia og driv vondskapsfull baktaling av det Spanias Komunistparti stod for under krigen. Revisjonistane — og det gjeld både Carrillo-Ibarruri-banden og dei «uavhengige» — ser på nederlaget i krigen som noko lagnaden avgjorde: Det

kom av di dei internasjonale styrkeforholda gjorde det umogleg å vinne krigen; av di dei revolusjonære laga av småborgarar og anarkistar som vi var allierte med førte kampen på villstrå og sveik til sist, osb. Slike «forklarings» frå revisjonistane inneheld klart borgarlege og reaksjonære oppfatningar, og gjev att eit vrengebild av den heltemodige kampen det spanske folket og dei spanske kommunistane førte.

La oss stille nokre spørsmål til desse folka: Kvifor hindra ikkje partiet, som var fortroppen til proletariatet og ryggrada i kampen, at nokre av våre allierte sveik oss? Kva for politiske, strategiske og taktiske mistak gjorde partiet med di det ikkje klarte å hindre intrigane og vaklinga til småborgarskapet, trass i at det stod sterkt mellom dei breie massane? Revisjonistane kan sjølvsagt ikkje svare på desse spørsmåla, og kjem aldri til å gjere det. Dei kan det ikkje, *for dei har slutta å vere kommunistar for mange år sidan*.

Ein annan av dei banalitetane eller «forklarings» Carrillo & co serverer for kvifor vi tapte krigen, er å legge heile skulda på *den internasjonale nazi-fascistiske intervensjonen; på troppane til Hitler og Mussolini*.

Etter eit nederlag må vi granske våre eigne feil, for årsaka til nederlaget er å finne i dei. I røynda har ingen enno gjort det når det gjeld denne krigen. Vi, som marxist-leninistiske kommunistar, må byrje denne kritikken. Målet vårt er å dra lærdom og røynsler både frå det som vart gjort rett og vrangt, og legge dette fram for dei revolusjonære massane som er med på den nye revolusjonære framvoksteren. Ut frå det kan dei sjølve døme om den rolla vi spela, og forstå kor skadelege dei småborgarlege avvika var for det spanske folket.

Men skal ein slik analyse lykkast, er det ikkje nok å kjenne fakta og dra subjektive konklusjonar. Det ville vere ein metafysisk metode som stod i motstrid til den marxist-leninistiske dialektikken. Vi må ikkje berre kjenne fakta, vi må også studere dei og analysere dei i den historiske samanhengen der dei høyrer heime. Vi må kaste lys over dei ut ifrå tidlegare så vel som nyare; innanlandske så vel som

utanlandske røynsler frå krigen. Vi må vere ærlege og ikkje berre peike på feila til våre allierte, men og på våre eigne. For det er utan tvil der vi finn dei grunnleggande årsakene til nederlaget vårt. Dersom vi ikkje er reielege, men freistar å kaste gløymsle over mistaka våre, oppnår vi ingen positive resultat. Men det vil og vere udialektisk å forstørre opp mistaka våre og gjere dei til noko uhyrleg stort som heilt fornekta partiet si rolle. Det ville vere ein like grov feil som den første. Det ville m.a. føre til at vi ringeakta partiet si rolle, og vi ville dra den reaksjonære og småborgarlege konklusjonen at partiet var ei hindring, og jamvel er det den dag i dag. Det ville vere å fornekte marxismen-leninismen, og fornekte den leiande rollen til partiet og arbeidarklassen. Eit slikt mistak er det verste ein kan gjere, og den største hjelpa ein kan gje til frankistane og imperialistane.

Partiet blir til og utviklar seg i det kapitalistiske samfunnet. Det fører til at motseiingane og kampane i det samfunnet partiet veks ut ifrå blir spegla av i det indre livet i partiet. Difor dukkar urette, ikkje-proletariske idear opp i partiet, og dei kjempar stadig på liv og død med dei rette, proletariske ideane. I denne kampen hender det at dei urette ideane av ymse grunnar vinn eit overtak. Da gjer partiet mistak, går tilbake, og lid tap. Sjølv om generallina er korrekt og følgjer ein prinsipielt rett kurs, kan det kome fram venstre- eller høgreavvik som fører til mistak. Om ikkje den ideologiske kampen innanfor partiet blir ført med fast hand, kan jamvel dei urette tankane utvikle seg så langt at dei får overtaket, eller til at det blir gjort mistak som fører til samanbrot. Av dette følgjer at den indre kampen i partiet er heilt naudsynt, og metoden for å drive han er kritikk og sjølvkritikk. Berre gjennom å kjempe med hjelp av kritikk og sjølvkritikk kan ein unngå avvika og i siste omgang samanbrotet. Den leiande klassen i revolusjonen er proletariatet, i nær allianse med fattigbøndene. Komunistpartiet er deira parti, og fortroppen for heile folket. Partiet har difor eit stort ansvar for at revolusjonen skal utvikle seg sigurrikt. Men med det får også mistaka til kom-

unistpartiet di meir alvorlege følgjer for korleis revolusjonen skal gå framover.

I dag kan vi analysere og samanfatte årsakene som leidde til nederlaget vårt, og sjå klart kva mistak som vart gjorde. For no har vi ikkje berre våre eigne positive og negative røynsler å bygge på, men også røynslene til andre folk som har sigra. Vi kan såleis hauste lærdom av dei rike røynslene til det kinesiske folket, som har vorte leia av kommunistpartiet med Mao Tse-tung i brodden. Vi har også røynslene og lærdomane frå frigjeringa og revolusjonen i Albania. Der makta folket, under leiing av APA med Enver Hoxha i brodden, å føre til endes ein væpna kamp ikkje berre mot dei lokale reaksjonære, men også mot invasjonstroppane til dei italienske fascistane og dei tyske nazistane. Ved å lite på eigne krefter lykkast dei i å gjere landet sitt fritt. Attpå til var dei i stand til å hjelpe til å frigjere store område i Jugoslavia.<sup>26</sup> Like eins har kampane til folka i Vietnam, Kampuchea og Laos gjeve oss rike røynsler som vi kan dra stor nytte av i framtida. Desse kampane gjev ein stor og viktig lærdom: Same kor stor og mektig fienden er, kan eit lite folk sigre om det berre vågar å slåss, held fram med kampen, og aldri legg ned våpna før sigeren er vunnen. Alle som ønskjer å gjere revolusjon må ha ein grunnleggande eigenskap. Det er mot til å ta opp den væpna kampen og føre han vidare. Særleg gjeld det for arbeidarklassa og hennar kommunistparti. Den som er redd vanskane, ikkje vågar å slåss, og ikkje vågar å gripe til våpen når det er naudsynt: den vil aldri sigre.

Når vi analyserer den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen, må vi aldri bli skjematiske, eller på overflatisk vis nytte utanlandske røynsler og prøve å presse krigen vår inn i dei. Vi kan rettnok dra ei rekke allmenne lærdomar ut or desse røynslene. Men andre røynsler heng saman med vilkår og situasjonar som er heilt ulike våre. Om vi berre såg på dei utanlandske røynslene og slo fast at vi vart slegne avdi vi ikkje gjorde nøyaktig det same som dei, ville det vere eit grovt mistak. Da ville vi ikkje vere anna enn mekaniske materialistar. Vi må lære oss å dra ut det som gjeld allment i

desse røynslene, og legge til sides det som er særeige. Marxismen er ikkje eit dogme, men ei rettleiing til handling, sa Lenin. Seinare la Mao Tsetung til:

«Teoriane til Marx, Engels, Lenin og Stalin kan tillempast overalt. Men vi må ikkje sjå på dei som dogme, men som ei rettleiing til handling...

...Marx, Engels, Lenin og Stalin leidde ut dei allmenne lovene ifrå vidtgåande studiar av det verkelege livet, og ifrå revolusjonær røynsle. Men det er ikkje berre spørsmål om å skjøne lovene, men og om å studere utgangspunktet og metoden dei nytta når dei undersøkte og løyste problema...»<sup>27</sup>

Dette er avgjerande viktig for den revolusjonære kampen, og for kva som helst analyse vi gjer. Kommunistpartia i dei landa vi nyss nemnde hadde framgang nett fordi dei forstod å sameine det universelt sanne i marxismen-leninismen med dei konkrete tilhøva i kvart enkelt land. Dette var utan tvil grunnlaget for at dei kunne sigre. Etter Oktoberrevolusjonen, der Lenin gjekk i brodden, har folka vunne mange slike røynsler: Bondekriegen, motstandskriegen og frigjeringskrigen i Kina: den striden som det heltemodige albanske folket førte fram til siger: dei væpna kampane og nasjonale frigjeringskrigane som nett no går føre seg i ein del land. Kva karakter desse kampane får, blir i grunnlaget avgjort av den rolla partiet spelar i dei, og av korleis banda mellom partiet og folkemassane er. Dette er ei side ved det allmenne i marxismen-leninismen.

Kva var dei avgjerande årsakene til at vi ikkje sigra i den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen?

Dei innanlandske årsakene var mange, men dei viktigaste var desse:

— Krigen og Folkefronten vart i hovudsak leia av mellom- og småborgarskapet, og ikkje av arbeidarklassa og partiet hennar.

— Kommunipartiet hadde ei statisk oppfatning av einskapen og korleis han utvikla seg innanfor Folkefronten. Dette hindra at dei innfløkte politiske situasjonane som oppstod gjennom krigen vart analyserte på rett vis, og difor fann ein heller ikkje fram til dei rette løysingane på problema.

— Det vart ikkje arbeidd ut ein militær taktikk som høvde for den karakteren krigen fekk. Såleis fekk ein ikkje i stand nokon brei organisering av væpna geriljavdelingar på landsbygda og bak frontlinene til fienden. Dette svikta trass i dei historiske tradisjonane folket vårt har når det gjeld gerilja-krigføring. Denne politiske og militære veikskapen verka avgjerande imot oss i dei mest kritiske fasane av krigen. Veikskapen førte og til at dei store massane i by og på land ikkje vart breitt nok mobiliserte til krigen. Særleg galdt det i dei landsdelane som fascistane hadde hærsett.

Mellan dei internasjonale årsakene kan vi nemne:

— Framvoksteren av fascismen i Europa.

Dei fascistiske opprørarane fekk støtte frå dei kapitalistiske landa i Europa og USA. Under dekke av «ikkje-intervensjons»-politikken gjennomførte dei ein faktisk boykott av republikken.<sup>28</sup> Dette gav Hitler og Mussolini frie hender til å stø dei fascistiske opprørarane.



# Den politiske situasjonen i Spania frå 1931 til 1936. Dei direkte årsakene til den fascistiske oppreisten.

Spania er eit land der borgarskapet aldri har lukkast heilt ut i å gjennomføre sin eigen revolusjon. Det heng saman med ei rekke ulike historiske, økonomiske og sosiale tilhøve<sup>29</sup>. Den herskande føydaladelen og kongane som styrte førte heile tida ein unasjonal og ufolkeleg politikk. Den førte med seg at landet vart utarma; økonomien vart sett sterkt attende gjennom landevinnings- og koloniseringskrigar<sup>30</sup>; og den tekniske og vitskapelege utviklinga gjekk i stå. I andre land i Europa, særleg England, Frankrike og Belgia, kjem-

pa det framveksande borgarskapet med hell mot dei føydale klassane, og der lyktest borgarskapet i å tvinge seg fram til å bli den leiande klassa. Men i Spania heldt dei degenererte og reaksjonære føydalklassane; adelen og dei geistlege, fast på det brutale herredømmet sitt. I andre europeiske land hadde eit mektig borgarskap lykkast i å gjennomføre sine eigne politiske og industrielle revolusjonar. Men det spanske borgarskapet som vokst fram, mangla på 1700 og 1800-tallet både den energien, pågangsmotet og den teknisk-økonomiske basisen som skulle til for å kunne stå fram med naudsynt styrke.

Mellom 1808 og 1934 gjorde det spanske borgarskapet fleire freistnader på å vinne overherredømmet. Men dei herskande klassane la alle slag hindringar i vegen for framstega, og for at produktivkretene i landet skulle utvikle seg. Med nebb og klør sette dei seg imot dei økonomiske og sosiale endringane som ville ha vore naudsynte for at produktivkretene allment skulle ha utvikla seg.

Det spanske borgarskapet vart liggande fleire tiår etter dei europeiske hovudlanda i utvikling. Dei vart òg svekka ved at dei ikkje søkte den støtta dei vel hadde tronge frå folkemassane i by og på land. Med dette vart borgarskapet ståande isolert og åleine andsynes den føydale reaksjonen, og vart underlagt utanlandsk kapital, særleg engelsk og fransk<sup>31</sup>.

I tillegg gjekk storborgarskapet i svært mange høve inn i alliansar med føydalklassane. Dette var i stor mon med på å hindre at borgarskapet utvikla seg og vann fram til eige, sjølvstendig klassemadavit.

Storborgarskapet, som var sterkt oppblanda med føydal-klassane, syntte heller inga interesse for å utvikle landet økonomisk, teknisk og industrielt. Berre ein del framskridne og patriotiske enkeltpersonar var unntak frå dette. Dei gjorde heller ingen innsats for å forandre på grunnlaget for dei økonomiske og sosiale strukturane, for dei hadde funne ein lettvinnt måte å bli rike på ved å stå som mellommenn i store finanstransaksjonar for den utanlandske kapitalen. Såleis gav dei for eiga vinnings skuld frå seg ein stor del av

rikdomane våre, særleg mineralrikdomar. Det var til stor skade for interessene til folket og nasjonen. Dei slepte utanlandske kapitalinvesteringar til på vilkår som likna dei som rådde i kolonilanda.

Når tilhøva var slik, er det ikkje vanskeleg å skjøne at dette veike og usjølvstendige borgarskapet alltid vende seg meir «oppover» enn «nedover».

Vi må og legge til at dette borgarskapet «vårt» aldri gjenom soga si har lært av sine eigne mistak. Det gjeld også den framstegsvenlige delen av det. Det grunnleggjande ved desse mistaka var at dei ikkje stødde seg på folket, men hengde seg på slep etter reaksjonen. Desse mistaka gjorde dei omatt både i 1931 og i 1936.

Heilt frå hundrearsskiftet hadde det utvikla seg folkelege kampar over heile landet. Som følgje av desse kampane, og av di finans- og godseigaroligarkiet var i opploysing og streid med uløyselege motseiingar, kunne små- og mellomborgarskapet ta makta på fredeleg vis etter vala den 13. april 1931. Da vart den 2. republikken proklamert.<sup>32</sup> Men enda ein gong kom dei karakterdraga vi har peika på til synes. Framfor dei økonomiske, politiske og sosiale særrettane som dei reaksjonære gruppene sat med, la mellomborgarskapet for dagen ei vakling og ein respekt som grensa til det ekstreme. Enda ein gong fekk dei synt kor redde dei var for folket, og kor dei vakla for å sette sin eigen revolusjon ut i livet.

Dei fremste leiarane for foydalklassen hadde framleis hand om dei øvste kommandopostane i hæren og nøkkelpostane i statsapparatet, administrasjonen og rettsstellet. Dei kontrollerte òg dei grunnleggjande delane av økonomien: Jorda, storbankane og andre føretak som var viktige for økonomien til nasjonen. Den puslete jordreforma som vart sett i verk i 1932, femnde berre om ein ørliten del av jorda på latifundia, og berre nokre få tusen av alle millionane dagarbeidarar og småbønder. Dei reaksjonære dreiv og saboterte den nye republikken på alle vis. Men borgarskapet var på denne tida ute av stand til å ta dei åtgjerdene som skulle til mot dette. Framstøytane frå reak-

sjonen for å skape uorden og kaos vekte rettvis harme hos folkemassane. Men den republikanske regjeringa var redd, og våga ikkje gripe inn mot den kriminelle framferda til desse klassane. Tvertom undertrykte ho i mange høve brutalt streikar og aksjonar som folket sette i verk.<sup>33</sup>

Ulykka var at arbeidarklassa i denne perioden var djupt kløyvd, og hovudsakleg påverka av sosialreformistiske og anarkistiske idear. Dei arbeidande massane var for størstedelen samla i dei to store faglege landsorganisasjonane: Hovudsamskipnaden til Arbeidarane (Union General de Trabajadores, UGT), og Det Nasjonale Arbeidssambandet (Confederación Nacional del Trabajo: CNT).<sup>34</sup>

Først etter 4. landsmøtet sitt i 1932<sup>35</sup> hadde Kommunistpartiet, med José Diaz i brodden, teke til å føre fram ei politisk line som i hovudsak hadde kvitta seg med høgre- og «venstre»-opportunismen. Men det var korkje sterkt nok eller hadde nok å seie i arbeidarklassa til at det kunne gå i brodden for dei arbeidande massane i by og på land. Det var heller ikkje i stand til å rettleie og leie den revolusjonære rørsla nett da. Dei revolusjonære folkemassane laut lære av eiga røynsle at det var naudsynt å sameine seg attom ein revolusjonær klasseideologi. I 1933 greip reaksjonen på nytt leiinga og den politiske makta,<sup>36</sup> i første rekke fordi mellom- og småborgarskapet hadde synt seg udugelege. I «dei to svarte åra»<sup>37</sup> som følgde, vart arbeidarklassa enda ein gong offer for den villaste undertrykking og utbytting. I oktober 1934 reiste klassa seg, og med våpen i hand stilte ho seg i brodden for kampen mot dei reaksjonære kreftene.

I Asturias<sup>38</sup> tok den revolusjonære folkeoppreisten i 1934 karakter av ein verkeleg borgarkrig. Dei revolusjonære massane storma våpenlagra og kasernene i Sama, Trubia, Gijón og La Felguera. Oppreistane i Madrid, Barcelona og andre byar vart svegna ned relativt snøgt. Trass i det gjorde dei revolusjonære massane i Asturias djerv motstand i fleire veker, enda det vart sett inn store mengder framandlegionærar og marokkanske leigesoldatar mot dei. Desse troppane vart kommanderte av forbrytaren Francisco Franco.

Den reaksjonære Gil Robles-regjeringa<sup>39</sup> sette i verk ei

brutal politiforfylgjing etterpå. Likevel klarte Kommunistpartiet å setje mot i og mobilisere dei revolusjonære massane til einskapsaksjonar av alle slag. Slik vart dei konkrete vilkåra for å danne Folkefronten skapt. Ved sida av Kommunistpartiet, var sosialistane og dei republikanske partia til små- og mellomborgarskapet med der.

Det rette og iherdige arbeidet som Kommunistpartiet utførte vart avgjerande for at det vart skipa ein anti-fascistisk Folkefront. Partiet spela likevel ikkje rolla som leiar for arbeidarklassa og dei anti-fascistiske kreftene. Det kom dels av eigen veikskap, dels av at arbeidarklassa var kløyvt som følgje av dei sterke sosialreformatiske og anarkistiske straumdraga innanfor henne. Trass i dette vart vala i februar 1936 ein knusande siger over reaksjonen og partia ytst til høgre.

I den nye republikanske regjeringa som vart skipa på grunnlag av valet i februar 1936, tok representantane for dei borgarlege, republikanske partia endå ein gong den heile og fulle politiske makta. Arbeidarklassa hadde lagt viktigaste grunnlaget for sigeren til Folkefronten, men fordi ho var kløyvd, var ho enno ikkje sterk nok til å ta leiinga over den nye regjeringa<sup>40</sup>.

Trass i den revolusjonære entusiasmen som bar fram triumfen til Folkefronten, slo representantane for mellom- og småborgarskapet enno ein gong inn på den gamle politikken sin. Dei vakla, gav konsesjonar til reaksjonen, og makta ikkje manne seg opp til å ta dei åtgjerdene som situasjonen og dei revolusjonære massane kravde. Om dette påpeikar José Diaz:

«Diverre såg vi at heller ikkje den 16. februar vart dei naudsynte åtgjerdene tekne. Kvifor? Jau, fordi Partiet vårt ikkje var sterkt nok til å tvinge fram desse åtgjerdene.»

Dei reaksjonære kreftene hadde nok tapt valet, men dei rekna ikkje slaget for tapt for det. I livd bak den passive haldninga til den borgarlege regjeringa i republikken, sette

dei febrilsk og opelyst i gang for å organisere revansjen sin. Små- og mellomborgarskapet synte enno ein gong at dei vanta konsekvens og klårsyn, og at dei var redd folket.

Høgresosialistane og anarkistane heldt ved lag kløyvinga i arbeidarklassa<sup>41</sup>. Alt dette la tilhøvet til rette for den spanske fascismen, og letta åtaka hans mot folket.

Hitlers nazi-Tyskland og Mussolinis fascistiske Italia inspirerte og stødde i 1936 dei fascistiske kreftene i Spania. Det same gjorde dei reaksjonære kreftene i dei såkalla vestlege demokratia, som også var interesserte i å hindre at den folkelege revolusjonen i Spania utvikla seg.<sup>42</sup>

Gong på gong, og i detalj, åtvara Kommunistpartiet den borgarlege regjeringa i republikken mot dei intrigane og komplotta som dei militære svikarane og dei geistleg-fascistiske krinsane pønska ut. Likevel gjorde regjeringa ingen ting for å hindre det åtaket som alle såg måtte kome. Den politiske blindskapen og dugløysa hennar kan berre måle seg med den botnlause redsla ho hadde for folket. Den 18. juli 1936 gjekk dei reaksjonære kreftene til slutt til åtak,<sup>43</sup> og den internasjonale nazi-fascismen intervenerte. Da synte historia at dei liberale borgarane «våre» hadde gjort betre i å ottast folket mindre og reaksjonen meir.



erre flagget og uniforma til invasionslandet har endra seg.





*«Når krigane er rettvise og revolusjonære må regjeringane som leier dei stø seg på massane.»*





«Utan Forsvarsjuntaen og utan Femte Regiment, leia av partiet, ville det heltemotige forsvaret av Madrid ikkje ha vore mogeleg.»



«I den revolusjonære kampen kunne folket vårt rekne med stø og ueigen-nyttig hjelp frå Sovjetunionen, leia av kamerat Stalin.»



«Tusenvis av kommunistar og partilause revolusjonære kom hit til landet for å forsvare verdsrevolusjonen.»





# Den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen.

Den revolusjonære flodbølgja var no på det høgste. Etter harde og blodige kampar hadde folket vunne ein stor siger ved vala i februar 1936. Den politiske makta var riven bort frå dei bakstreverske kreftene som hadde lykkast i å gripe ho under «dei to svarte åra». Desse stridane tente til å styrke medvitet og kampvilja til dei store proletarmassane, småbøndene og andre småborgarlag. Som følgje av alt dette hadde ein no nådd fram til ein viss einskap, i og med at Folkefronten vart skipa.

Mot dei stod dei svartaste kreftene i den spanske reaksjonen. Det var finans- og godseigaroligarkiet, med stønad frå

hæren og kyrkja. Dei politiske partia som representererte desse kreftene<sup>44</sup> leid nederlag ved vala i februar 1936. Men andsyne den faren som det revolusjonære oppsvinget tydde for interessene og eksistensen deira, hadde dei no omgruppert seg. Dei terroristiske sjokktroppane deira var den Spanske Falangen<sup>45</sup>. Den var i hovudsak sett saman av gangsterar frå overklassen og forbrytarverda. Politisk var han inspirert av nazistisk ideologi. Etter februarvala var regjeringa Azanas sett ned. Ho hadde teke frå desse reaksjonære kreftene den politiske makta, men den økonomiske våga ho ikkje ta frå dei, og dei reaksjonære sat enno med ei lang rekke kommandopostar. Til dømes var Kyrkja slegen attende<sup>46</sup> men ho hadde ikkje mist den økonomiske og politiske makta si. Hæren stod framleis under kommandoen til ytterst reaksjonære generalar. Juristar frå dei reaksjonære klassane hadde styringa med domstolane. Attpå til fekk dei stønad frå den internasjonale fascismen og reaksjonen.

Slik var stoda i juli 1936 da dei reaksjonære kreftene i Spania samla reiste seg for å stø den opprørskrepane hæren. Dette markerer eit skifte i utviklinga av den spanske revolusjonen. Revolusjonen vår bryt no dei gamle kjennemerka på å vere ein borgarleg-demokratisk revolusjon, og forandrar karakter til å bli ein del av den sosialistiske verdsrevolusjonen. Grunnlaget for det var at den fascistiske oppreisten ikkje straks nådde dei måla han sikta mot, takk vere den djervey motstanden som folkemassane møtte han med.

Kommunistpartiet tok med fullt medvit på seg leiinga og ansvaret, og heldt fast på at den einaste måten ein kunne stå seg mot reaksjonen på no, i innleiingsfasen til den nasjonalrevolusjonære krigen mot fascismen, var med å halde oppe Folkefronten. Dette standpunktet var rett. Berre einskapen mellom alle folkelege, revolusjonære krefter kunne settast opp imot samlinga av innanlandske reaksjonære krefter, som og hadde internasjonal stønad. Dette var einaste utvegen framfor den sams fienden. Den fascistiske oppreisten førte til at 90% av maktorgana gjekk over til fienden, og det væpna folket grep leiinga i Staten. Små- og mellomborgar-

skapet hadde freista nytte ut statsapparatet, utan å knuse det. Men no vart grunnlaget lagt for nye og gryande former for folkemakt. Desse formene var svært mangslungne og varierte. Det kom av at Folkefronten var så ueinsarta samansett, men og av at arbeidarklassa framleis var nokså mykje kløyvd, trass i det arbeidet Partiet hadde gjort. Dette strevet hadde gjeve ein del resultat, slik som at Ungsosialistane (Juventudes Socialistas) og Ungkommunistane (Juventudes Comunistas) hadde gått saman i JSU, og at det var skipa eit Katalonias Sameinte Sosialistparti (Partido Socialista Unificado de Cataluna — PSUC)<sup>47</sup>.

I dei områda der den fascistiske oppreisten vart knust, fekk den republikanske statsmakta sine særmerkte drag. I dei andre rådde ein særbarbarisk og mordhuga fascistisk terror.<sup>48</sup> I denne tida føzte Kommunistpartiet ein rett politikk, som grunna seg på å styrke Folkefronten for å stå imot dei fascistiske åtaka. Denne politikken var rett, og den einaste som kunne føre fram til siger. Samstundes var dette ei tid da Partiet vårt vann større vørtnad og styrke. Det kom av den rette politiske lina Partiet følgde; den viljen og djervskapen det synte for å sette henne ut i livet; og av den evna det la for dagen til å organisere kampen mot fascismen, og til å vere dei første som tok han opp. Partiet stilte seg såleis i brodden for revolusjonen og krigen. Som rimeleg kan vere, stilte dette Partiet framfor nye og omfattande oppgåver; politiske så vel som strategiske og taktiske. Men framfor alt var det naudsynt å finne ein riktig allianse-politikk.

Kva var dei viktigaste mistaka Partiet gjorde under krigen når det galdt alliansepolitikken? Vi kan samanfatte dei i desse punkta: Partiet hadde ei rett generalline, og spela ei heltemodig rolle i den nasjonal-revolusjonære krigen vår mot fascismen. Men trass i dette, gjorde det grove høgrefeil. Dei vart i siste omgang utdjupa slik at dei stundom slo ut i ettergjevingar. Dette førte til dei tilhøva som meir eller mindre avgjorde nederlaget. Dei viktigaste var desse:

1. Partiet heldt fast på den republikanske samfunnsskipnaden, og hjelpte ikkje fram dei nye maktformene som dukka opp.
2. Det miste det sjølvstendet det var rom for innanfor Folkefronten, og ønskte å gjere alt gjennom han.
3. Det vart hengande på slep etter småborgarskapet.
4. Det gav opp baktroppen, rådde ikkje over væpna styrkar under eigen kontroll, og utvikla ikkje geriljakrigføringa.
5. Det pressa ikkje tilstrekkeleg på for å få folkerøysting ved dei rette høva.
6. Det frykta, òg søkte forsoning med dei såkalla vestlege demokratia.

### **1. Om å klamre seg fast til den republikanske lovtruskapen og ikkje dra nytte av dei nye maktformene som massane utvikla.**

Under heile krigen, men særleg til å byrje med, var makta oppkløyvd og pulverisert. Slik tilhøva var, gjorde dette stor skade for den folkelege kampen. Kvart parti hadde sine styringsorgan. I kvar provins eller landsdel fanst særskilte politiske og sosiale styreformer.<sup>49</sup> Partiet forstod ikkje å gjere seg nytte av dei brennande ønska folket delte om å stå imot fascismen. Dette hindra sjølve motstanden: I namnet underkasta alle seg organet til folkemakta, Folkefron-tregjeringa. Men i røynda hadde denne regjeringa svært liten autoritet, om ho hadde nokon i det heile. Det oppsto ei motseiling mellom *det naudsynte i å ha ein einskapleg front og ei einskapleg regjering* på eine sida, og *gruppe- og klasseinteressene* på den andre. Ikkje på noko tidspunkt makta Partiet å løyse denne motseilinga.

Det væpna folket forstod korleis det skulle skaffe seg nye og varierte maktorgan. Men på grunn av mangelen på einskap og den sosialreformistiske innverknaden som enno rådde i arbeidarklassa, kom desse organa til vanleg under småborgarleg leiing. Eit svært positivt drag var at det dukka

opp revolusjonære folkekomitear i alle regionar og strok i republikken. Dei gjekk inn i staden for dei sentrale styresmaktene, som var leia av mellom- og småborgarskapet, og var kraftlause og uverksame andsynes kontrarevolusjonen. Til sine tider sat det jamvel svikarar der. Gjennom dei revolusjonære komiteane synte massane at dei ønskte å organisere seg for å stå mot fascismen. Men komiteane var ikkje einskaplege. Dette førte til at dei ofte vart sprengde og let seg påverke av geografiske motsetningar. Ved slike høve klarte ikkje Partiet å vinne over oppkløyvinga og usemjá. Det ein skulle ha gjort, var å utvikle dei revolusjonære komiteane og *skapt om innhaldet i dei*. Ein skulle ha gjeve dei all den hjelpe dei trond og brydd seg mindre med småborgarleg «legalitet». Ein skulle ha oppmuntra dei, stilt seg i brodden for dei, og ført dei inn på ein einskapleg, revolusjonær veg mot folkemakt. I staden for dette klamra Partiet seg til dei gamle republikanske institusjonane, *som utviklinga sjølv hadde køyrt forbi*. Med dette kom Partiet til å spele spelet til det vaklande og feige små- og mellomborgarskapet, og det vart til stor skade for folket si sak. Under heile krigen, heilt til siste slutt, ser vi at Partiet ikkje makta å skjøne klårt kva rolle det sjølv hadde. Tvert om — og no kjem vi inn på spørsmålet om einskapsfronten — oppfatta Partiet dei republikanske lovramene på ein snever, lovbunden, statisk og urørleg måte.

Den republikanske regjeringa var ei følgje av ein demokratisk-borgarleg revolusjon av *gamal type*, og var prega av ei vaklande klasse som aldri hadde lykkast i å gjennomføre sin eigen revolusjon. Som følgje av dette vart også maktorgana hennar eit uttrykk for denne vaklinga, ustabiliteten og mistrua til folket. Resultatet var klart: Små- og mellomborgarskapet var ikkje i stand til å ha den leiande rolla i den folkelege kampen mot fascismen. Det låg i deira eigne klasseinteresser og deira eigen klassenatur.

Det er klart at i den første tida av den nasjonalrevolusjonære krigen vår mot fascistane, måtte ein få bukt med forvirringa som rådde til å byrje med. Like eins måtte ein bygge opp ei sentralisert styremakt av Folkefronten,

med hovudoppgåve å kjempe for dei lovlege rettane til den republikanske regjeringa. Men påtrykket frå den fascistiske oppreisten og den revolusjonære voksteren i massane reiv til saman snøgt opp ein stor del av det som alt fanst. Difor var oppgåva å skape nye maktorgan som kunne kanalisere den revolusjonære entusiasmen. Det skulle skje innanfor ramene til den republikanske legaliteten, men vel å merke — ein *dynamisk* legalitet; ein som *utvikla* seg. Dei gamle organa var utenlege for revolusjonen, og når Partiet heldt fast på dei, hindra det arbeidarklassa og det partiet som var hennar fortropp i å ta leiinga i krigen og revolusjonen. Mao Tse-tung skreiv i 1938 eit genialt verk: «Om sjølvstende og handlefridom innanfor einskapsfronten». Her kritiserer han den range oppfatninga at «alt må gjerast gjennom einskapsfronten» - nett den feilen partiet gjorde:

«...ein må ikkje ofre grunnleggande interesser på altaret til samarbeidet og einskapen (med dei andre kreftene i froñten). Dei grunnleggande interessene må ein tvert om halde fast på, endå om ein legg visse avgrensingar på dei...»<sup>50</sup>

I dei fleste høve klamra Kommunistpartiet seg til «lovtruskapen» for ikkje å skremme småborgarskapet som det var alliert med, og for å vinne stønad frå det som urettvist blir kalla dei vestlege demokratia. Dei gjorde dessutan det mistaket at dei vanvørde dei maktformene som stod fram under kampen. For å halde på «einskapsen» miste Partiet sjølvstendet sitt, og sa frå seg dei vitale interessene, politikken og prinsippa sine.

Eit framifrå døme på kor viktig desse nye maktformene var for kampen, har vi i Juntaen for Forsvaret av Madrid.<sup>51</sup> Det heltemodige forsvaret av hovudstaden vår fylte heile verda med undring. Men både anarkiet som rådde, og det at dei gamle republikanske institusjonane ikkje fungerte, verka til skade for forsvaret mot fienden. Dette var klart alt frå offensiven til Franco tok til i Estremadura, til han vart

slegen attende ved portane til Madrid. I denne kritiske tida var faren overhengande både for folket og revolusjonen. Men den stillinga Partiet da tok, var ikkje berre rett. Ho synte også stort historisk framsyn når det galdt Partiet si rolle.

Utan å vente på godkjenning frå våre allierte, tok Partiet da eigne avgjærder som førte med seg at fascismen leid første nederlaget sitt. Det er ingen tvil om at skipinga av Femte Regimentet<sup>52</sup> markerer ei vending i krigsutviklinga. Utan dette tiltaket ville krigen ha teke slutt i desse dagane. Medan dei andre politiske partia var rådville og stakk halen mellom beina, skapte Kommunistpartiet den våpenmakta som var i stand til å stå imot fascisthæren. Partiet smidde også saman sjølve det organet for folkemakt som kunne leie kampen: Forsvarsjuntaen. Slik lyktes Partiet i å bli den leiande krafta i forsvaret av Madrid, og dette var den politiske og militære årsaka til at den innanlandske og utanlandske fascismen måtte bite i graset i forstadane til byen. Utan Forsvarsjuntaen og Femte Regimentet, som Partiet leidde, ville det ikkje ha vore noko forsvar av Madrid. I høgda ville det ha vore svært veikt.

Men Partiet forsto ikkje fullt ut det strålende dømet frå Madrid. Det vart sett på som noko som hang saman med dei særlege tilhøva som rådde der nett da. Partiet såg ikkje at her låg kimen til den framtidige politiske strukturen som kunne sette oss i stand til å vinne krigen. Heller ikkje såg dei at dette forma seg til gjennom ein levande praksis, og at det var massane sjølve som skapte det under Partiet si leiing. I staden for å halde fast på dette; i staden for å føre denne røynsla vidare og ta henne i bruk over heile Spania, let dei redsla for dei småborgarlege kreftene sleppe til, og let røynsla bleikne til ho svann heilt bort. På denne måten tok dei frå folket den mest uorfalska forma for folkemakt som hadde vorte skapt.

Korleis kunne dette skje? Partiet var gjennomsyra av republikansk «lovtruskap», og skjøna ikkje at det dømet Juntaen for Forsvaret av Madrid gav, kunne gje Spania eit *folkeleg rettsomgrep* innanfor ramene til lovverket og Folkefronten. I redsle for å bryte Fronten vakla Partiet. og

dei freista overføre til den småborgarlege regjeringa den krafta til å binde saman som Forsvarsjuntaen hadde. Men i denne regjeringa hadde Partiet berre annanrangs posisjonar. Berre om ein hadde utvida røynslene frå Madrid, kunne ein ha oppnådd at regjeringa gav slepp på det småborgarlege preget sitt og i røynda vart leidd av proletariatet. Følgja av ei stor mengd med «forsvarsjuntaer» ville ha vorte ei ny regjering. Den ville ikkje ha brote med den republikanske lovtruskapen, men kunne ha rekna med brei folkeleg støtte, på same tid som den stod under proletarisk leiing. Sant nok vart det freista å skipe Folkefrontkomitear. Men dei vart heile tida sedde som noko som kom på sida av dei republikanske maktorgana, og ikkje som delar av denne makta. Dette må vi sannkjenne var eit mistak Partiet gjorde. Det var ei følgje av ein del høgreidear i alliansepolitikken som ein del medlemmer av partileiinga låg under for.

Standpunktet var følge av ei misoppfatning når det galdt den rolla Partiet burde spele i denne etappen i revolusjonen. Partiet skjøna aldri at det måtte vere leiaren for kampen. Men det følgde og av redsla for å ta på seg ansvar, og for å skremme dei andre klassene, sjikta og politiske partia ein var alliert med. Som vi alt har slege fast, var det naudsynt å få slutt på dei tilstandane av uorden og anarki som rådde i byrjinga av krigen. Politikken til anarkistleiarane med å skipe ultra-venstristiske maktformer og skilje revolusjonen frå krigen<sup>53</sup>, skadde heile kampen. Det same galdt den opportunistiske politikken til Largo Caballero<sup>54</sup> og tilhengarane hans. Den gjekk ut på å «la det skure», og å vinne personleg makt. Men gjennom sjølve kampen skulle ein ha søkt seg fram til nye former for folkemakt med proletarisk leiing, og ikkje bunde seg til organ som i mange høve bremsa kampen og var komne i vanry. Oppgåva var såleis å finne fram til maktformer som gav eit ekte uttrykk for Folkefronten, og som hadde ein verkeleg revolusjonær karakter. Desse maktformene måtte finnast gjennom sjølve utviklinga av den revolusjonære krigen mot fascismen. Til all ulykke såg ikkje Partiet det slik. I staden batt dei seg til dei gamle styringsorgana og freista blåse nytt liv i dei, utan å makte

det. Partiet forsmådde unge og fullt levedyktige former som Juntaen for Forsvaret av Madrid og Folkefrontkomiteane. Dels let dei dei døy bort. Dels heldt dei dei såvidt i live, men let dei få ei svært underordna rolle.

## 2. Om tapet av sjølvstende innanfor Folkefronten og ønsket om å gjere alt innanfor fronten.

Partiet såg Folkefronten som det einskapsorganet som måtte leie krigen og revolusjonen, og dette var rett. Men for at ein einskapsfront skal fylle denne rolla, må han vere leia i første rekke av arbeidarklassa og hennar parti. Utan dette siste er det første umogleg. Folkefronten var ei blanding av mange tendensar, men det var dei småborgarlege som rådde grunnen. I denne situasjonen var det eit mistak å freiste gjere alt gjennom Folkefronten, all den stunda det var umogeleg å tvinge våre liner på han. Difor var sjølvstendet vårt i fronten like grunnleggande naudsynt som einskapen var det. Forsvaret av Madrid syntet dette klårt. Men Partiet tok ikkje omsyn til røynslene frå Madrid, og freista utføre alt gjennom Fronten. Slik miste det sjølvstendet sitt. Resultatet var at mange av dei aksjonane Partiet meinte var heilt naudsynte, aldri vart sette ut i livet. Konsekvensane av dette var svært ulukkelege. I slike høve seier kamerat Mao Tsetung at vi må «*gå til åtak først og informere etterpå*». Denne måten gjer at ein kan få utført dei oppgåvene som må løysast, samstundes som han tvingar alle dei andre til å bli med på dei. Eit klårt døme på dette har vi i skipinga av Femte Regiment. Om Partiet ikkje hadde skapt det, og i staden venta på samtykke frå vår allierte, ville det ikkje vorte skipa nokon Folkehær<sup>55</sup>, og det ville ikkje ha vorte nokon revolusjonær krig mot fascismen. Eit anna døme finn vi i problemet med å sette opp reservar til Folkehæren. Her gjorde Partiet det store mistaket å vente på at regjeringa gav samtykke. Dette lykkast naturleg nok ikkje. I eit slikt døme ser vi klårt kva tapet av sjølvstendet fører til. I rapporten til Sentralkomiteen sitt plenum i Valencia i 1937 sa José Diaz:

«Og dersom dei som burde skjøne dette, ikkje skjørnar det likevel, må dei gje oss den naudsynte makt og mynde. Da skal partiet vårt ta på seg å stille på føtene desse reservane og gje dei over til regjeringa før denne månaden er omme.»<sup>56</sup>

Sjølvsagt ga regjeringa korkje makt eller mynde, og reservane vart ikkje skipa. Dette syner kor rette Mao Tsetung sine ord om å handle først og informere etterpå er. Kvifor skapte ikkje Partiet dei nadsynte reservane, slik det hadde skapt Femte Regimentet? Og dersom Partiet hadde gjor det, ville det ha brote sund Folkefronten? Utan tvil ikkje. Slik situasjonen var, ville det faktum at ein rett og slett byrja å sette opp og lære opp desse reservane, ha tvinga regjeringa til å godkjenne dette og sjølv gjere like eins. Men Partiet våga ikkje ta dette steget i otte for å bryte Folkefronten. Enda ein gong ser vi klårt den same snevre, legalistiske oppfatninga om å gjere alt gjennom fronten, eller — endå verre — regjeringa. Denne tendensen til å gjere alt gjennom Folkefronten gjorde seg gjeldande under heile den nasjonale, revolusjonære krigen vår mot fascismen. Grunnlaget for han var den misoppfatninga partiet hadde om si eiga rolle i fronten. Det var også ei frukt av ei rang oppfatning av vår tidfolk:

«...det finst to slag verdsrevolusjonar. Den første er den borgarlege eller kapitalistiske typen, og han er slutt for lenge sidan. Han tok slutt i 1914 då den første imperialistiske verdkriga braut ut, og serleg i 1917 då Oktoberrevolusjonen i Russland fann stad. Frå då av byrja den andre typen verdsrevolusjonar, den proletarisk-sosialistiske verdsrevolusjonen...

...Same kva klassar, parti eller enkeltpersonar innanfor eit underkua folk som tek del i ein revolusjon, og same om dei er medvitne om det vi nett har forklart, og om dei skjørnar det eller ikkje; så lenge dei kjempar mot imperialismen, blir revolusjonen deira ein del av den proletarisk-sosialistiske verdsrevolusjonen.»<sup>57</sup>

Etter 1917 er alle revolusjonar som går føre seg i røynda delar av den proletarisk-sosialistiske verdsrevolusjonen. Som Mao Tsetung skarpsynt peikar på, gjeld det også når dei som tek del i han ikkje skjønnar dette sjølve. Det er klårt at i denne stoda må leiinga for revolusjonen ligge hos arbeidarklassen gjennom hennar Kommunistparti. Det er overlag viktig at ein grip dette godt, om ein skal få ei medviten leiing av ein revolusjon i vår tidfolk. I dag er det ikkje lenger mogleg med borgarlege eller kapitalistiske revolusjonar. Dette gjeld også i dei landa der borgarskapet ikkje har gjennomført sine eigne revolusjonar heilt ut, slik som Spania. Grunnen til dette er at *imperialismen hindrar at eit borgarskap får utvikle seg og gjere seg sjølvstendig* nok til å gjere sin eigen revolusjon. Endå om vi sa at det fanst borgarskap som ikkje var knytte til verdsmonopolkapitalen, noko som i dag er sjeldan og vanskeleg, ville dei imperialistiske interessene motarbeide at dei nasjonale borgarskapet fekk utvikle seg sjølvstendig. Difor ville det tyde nederlag eller svik mot revolusjonen om ein ga seg inn på vegen med revolusjonar av gamal type (dei borgarleg-demokratiske). *Den leiande klassen må vere proletariatet.* Målet må vere å innføre *eit diktatur av alle dei progressive klassane, leia av arbeidarklassen, der styreforma må vere eit folkedemokrati* som naudsynleg må føre fram til sosialismen. Det vil seie at den styreforma som blir resultatet av revolusjonen enno er kapitalistisk, etter som ein framleis har privat eigedomsrett over produksjonsmidla. Men denne private eigedomsretten blir heile tida erstatta av former for sosialistisk eige.

Revisjonistane i Carrillo-gjengen har lenge tala mykje om karakteren til det styret som vart skipa under krigen. Med mykje brask og bram påstår dei at det var eit folkedemokrati. Ibárruri seier:

«Under vern frå det væpna folket endra den borgarleg-demokratiske republikken seg under krigen til ein folkedemokratisk republikk; den første i soga til dei demokratiske revolusjonane i våre dagar.»<sup>58</sup>

I ein folkedemokratisk styreskipnad går alle dei revolusjonære klassane saman om diktaturet, men det blir leidde *av proletariatet* gjennom deira parti, kommunistpartiet. Dette er det grunnleggande og særmerkte ved folkedemokratiet. Det hadde vore nok å vise til dette for å syne at påstanden til Ibárruri var urett, dersom han berre hadde vore eit mistak som skreiv seg frå fākunne. For trass i at arbeidarklassa, saman med fattigbøndene, var hovuddrivkrafta i krigen vår, var ho aldri leiande, og Partiet leidde aldri staten. Men påstandane til revisionistane har løynde føremål. Når dei freistar framstille styret i Spania under den revolusjonære krigen mot fascismen som eit folkedemokrati, meiner dei å forfalske kva karakter eit slikt styre i røynda har. Når dei framstiller alle demokratiske styreskipnader som folkedemokrati, er føremålet å sløve vaktsemda til arbeidarklassa, og å redusere rolla til klassa og partiet hennar. Slik gjev ein lettare leiinga over staten og revolusjonen til mellom- og småborgarskapet. Dette er det røynlege føremålet med påstandane til revisionistane. Dette er det verkelege sviket som ligg løynd i dei. Det er difor dei står så kategorisk på det vi har sitert. Dei har slikt strev med å prove denne falske læra at dei blandar inn alle slag sjølv-motseiande utsegner. I boka «*Krig og revolusjon i Spania*» hevdar til dømes revisionistgjengen:

«I alle revolusjonar er statsmakta det grunnleggande problemet. Det gjeld kva klasse som har hand om statsmakta, og i siste omgang kven som har våpna. I den spanske republikken var våpna i hendene på folket, og med dei stødde folket ikkje berre dei sentrale styresmaktene, men og dei lokale styringsorgana.»<sup>59</sup>

Som ein ser, rører dei her saman ei herleg suppe for å prove kjernekonseptet sine. Og det einaste dei greier prove er ... ingen ting. Første delen er rett. Ingen vil nekte for at det grunnleggande i ein revolusjon er kva klasse som har makta. Men så følgjer dei opp med at folket har våpna. Og folket er sett saman av ei rekke klasser. Difor tyder det ingen verdens

ting å seie at makta ligg hos «heile» folket. Det er sant nok at folket hadde våpna. Men kva klasse var det som hadde makta? Det spanske «folket» var republikanarar, sosialistar, anarkistar, føderalistar, katalanske og baskiske nasjonalistar, kommunistar osb. Men dette fortel ingen ting om kva klasse som hadde makta. Kven folket er, definerer Mao Tsetung klart:

«Uttrykket «folket» har ulikt innhald frå land til land, og i dei ulike tidboltane i soga til kvart land...  
...folket femner om dei klassane, laga og samfunnsgruppene som slåst mot desse fiendane...»<sup>60</sup>

Det er berre i revisionistiske hjernar at omgrepet «folk» rører seg saman med «klasse». Marxist-leninistane derimot sidestiller aldri *folk* med *klasse*. Folket er delt i klassar. Det finst endatil motseiingar mellom dei. Revisionistgjengen til Carrillo & co. prøver å sulle folk i søvn med påstandane sine og få dei til å vere mindre på vakt. Men det einaste dei lykkast med, er å syne kva slags overløparar dei i røynda er. Vi må slå det klart fast: Under krigen vår fanst det aldri noko folkedemokratisk styre, av den enkle grunnen at arbeidarklassa ikkje hadde leiinga over staten.

Dette at Kommunistpartiet misoppfatta korleis karakteren til den spanske revolusjonen endra seg, la grunnlaget for ei rad vaklingar og ettergivnader. Desse vart meir omfattande etter kvart og slo over i ei ettergjevingsline, særleg etter at José Diaz gjekk ut av partileiinga på grunn av sjukdom. Det er ingen tvil om at det gjekk føre seg ein strid mellom to liner innanfor Partiet. Kor djupt striden gjekk og nøyaktig kven som stod for dei to linene, er det i dag vanskeleg å slå fast heilt klart for den som ikkje sjølv sat i partileiinga på den tida. Men vi kan likevel få eit visst innsyn i denne striden mellom tendensane med hjelp av dokument frå den gongen. Det er svært avslørande å samanlikne det José Diaz sa med det som Ibárruri gjev uttrykk for:

«Det kan ikkje bli fred så lenge det finst att ein einaste soldat frå invasjonshærane i fedrelandet vårt. Det kan ikkje bli fred før alle fiendar og alle som freistar føre inn eit fascistisk regime i Spania er knuste for godt. Det kan ikkje bli kompromiss av noko slag med landssvik-generalane eller med dei utanlandske åtaksmaktene.»<sup>61</sup>

...det spanske folket vender augo mot oss og ventar mykje av oss. Det historiske ansvaret vårt er knytt til utviklinga i revolusjonen og krigen vår, og til utviklinga i soga til folket vårt. Det er ein direkte konsekvens av at arbeidarklassen i Spania no må ta på seg rolla som leiar for heile folket for å forsvare det nasjonale sjølvstendet og den demokratiske republikken. Det er naudsynt at sentralkomiteen og alle kadrane i Partiet skjønar godt kva dette ansvaret tyder i praksis og heilt konkret.»

(José Diaz var ålvorleg sjuk og kunne ikkje vere med på det plenumsmøtet sentralkomiteen heldt i Madrid i mai 1938. Det avsnittet vi har sitert her er henta frå det brevet han sende til dette plenumsmøtet.)

I dette brevet ser vi klårt korleis José Diaz manar partiet til å førebu seg på å ta leiinga over statsmakta i sine hender. Det var historisk naudsynt, og det følgde av gangen i krigen at proletariatet måtte vere den leiande klassa. Både dette brevet frå José Diaz og talen hans som vi har sitert gjer det klårt at det fanst ei line i partiet vårt som skjøna kva karakter revolusjonen vår hadde.

Dolores Ibárruri seier derimot, når ho talar om dei «13 punkta» til Negrin-regjeringa:

«Ein del i det republikanske lægret som inst inne halla til den sida som slost mot republikken, møtte «13-punktsprogrammet» med open fiendskap. Til gjenkjeld tok folkemassane og dei som var ved fronten, der dei kvar augeblink spela med dauden, imot programmet med entusiasme.

Folket og soldatane visste no at dei ikkje slåss utan

håp, og at regjeringa tok sikte på å finne ein ærerik utgang på krigen. *Vegen vart ikkje stengd for eit kompromiss som berga liv og som garanterte retten til folket til å uttrykke viljen sin på demokratisk vis.*»<sup>62</sup>

Ein legg tydeleg merke til skilnaden mellom sitatet frå Dolores Ibárruri og det vi nett gav att etter José Diaz Ibárruri talar språket til kompromisset og nederlaget; José Diaz språket til kampen og sigeren. Kan dei synsmåtane Ibárruri uttrykker her forklare dei kontrarevolusjonære standpunktene hennar i dag? Alt synest peike i den leia. I alle fall er det tvillaust at denne høgrelina vann i partiet. Det har dei seinare hendingane synt. Av di ein ikkje skjøna karakteren av revolusjonen vår og den rolla proletariatet og proletariatet sitt parti burde spele, fekk alliansepolitikken store manglar. Det var rett å krevje at Folkefronten måtte styrkjast, all den stunda karakteren til krigen vår var ein rettvis krig mot ein utanlandsk åtaksmann og dei innanlandske følgjesveinane og fascistvenene hans. Dermed var grunnkravet i den politiske lina til Partiet korrekt. Men den rolla proletariatet og Partiet måtte spele var ikkje klår, og difor tapte Folkefronten. På dette omkvervet dukka det opp ei høgreline som sa at ein skulle leggje seg på slep etter småborgarskapet. Følgja av det vart at Partiet aldri freista ta leiinga, og i praksis stundom fall ned på vaklande og opportunistiske standpunkt. Dei «13 punkta» av 30. april 1938 hadde til dømes rett nok både positive og revolusjonære sider. Men på same tid hadde dei og negative og ettergjevande drag. Dei godkjende at rettferd og urettferd i seg sjølve vart sidestilte. Og med di dei gløymde bort kva natur fienden hadde, fornekta dei delvis dei revolusjonære vinningane folket hadde gjort.<sup>63</sup> Dei «13 punkta» hadde likevel ei positiv side. Men dei «3 punkta» som vart fremma i Figueras i februar 1939<sup>64</sup> tydde total overgjeving og godkjening av nederlaget. Partiet godtok dei båe.<sup>65</sup>

Partiet gjekk så langt i å gje etter at dei kunne kome med fråsegner som den Dolores Ibárruri siterer i «Den einaste vegen»:

«Dersom regjeringa ønskte å halde fram med motstanden, ville Kommunistpartiet stø dette. Dersom regjeringa ønskte å gå i gang med fredsdrøftingar, ville ikkje Partiet stille seg hindrande i vegen.» (uthevingane er våre.)

Denne fråsegna som Ibárruri gav til Negrin, syner kor langt pendelen hadde svinga over mot vingling og kompromiss med fascismen. For å halde oppe ein allianse det ikkje lenger var noko grunnlag for, ofra dei alt, heilt fram til å godta at Spania vart gjeve over til fascismen. Men alliansen skulle alt vore endra i samsvar med det kampen kravde.

Partiet forstod ikkje at deira rolle i fronten var å leie han. Det første med seg at dei freista halde fronten saman med hjelp av ettergjeving og konsesjonar, i staden for å styrke og utvikle han gjennom kamp. Ein einskapsfront kan berre leve vidare når kampen held han saman. Gjennom kampen blir den progressive delen av fronten samla og styrkt; sentrum blir drege nærare dei progressive, og høgrefløya blir isolert slik at dei fiendtlege agentane som infiltrerer fronten blir avslørt. Og dette er ein vedvarande prosess. Utan at det er ideologisk og politisk strid i fronten, blir det høgrefløya som dreg sentrum til seg og isolerer kommunistane. Følgja av det er at fronten lid tap. Men dette ansa ikkje Partiet på. Det ansa heller ikkje på at for å vinne over fienden og bygge ut og sikre fronten, var det naudsynt med stendig politisk vaktsemd og kamp innanfor han. Tvert om følgde Partiet politikken med å «gjere slutt på» motseiningane i Folkefronten — noko som i seg sjølv var umogleg — gjennom forsoning og ettergjeving på prinsippa. Dette gjorde dei i staden for å overvinne motseiningane gjennom kamp — om naudsynt væpna kamp — og å møte utspel med utspel heilt til dei var sikra leiinga. Med ein slik politikk vart fronten sjølvsagt veikare i staden for sterkare, for høgre- og ettergjevingsideane voks og utvikla seg heilt til dei enda med å dolke republikken og folket i ryggen.

Skal ein lykkast i å styrke og bygge ut ein einskapsfront, må det gjerast gjennom strid. Difor er det naudsynt at ein

held på sjølvstendet sitt innanfor fronten. Ein må ikkje vakle og gje viktige prinsipielle konsesjonar til høgre, for det tener berre til å gjere ende på fronten.

Arbeidarklassa var ikkje i stand til å spele den leiande rolla. Når dette vanta, rasa Folkefronten til sist saman. Historia har synt korleis denne villfarne politikken førte til at Folkefronten vart veikt og ikkje styrkt, og førte til nederlag i staden for til siger.

### **3. Om einskapen i arbeidarklassa. Ei opportunistisk oppfatning av kampen for å få eit proletarisk einskapsparti.**

Det er heva over tvil at mangelen på einskap innanfor den spanske arbeidarklassa var ei av dei grunnleggande årsakene til at vi tapte i den nasjonal-revolusjonære krigen vår mot fascismen. Den avgjerande faktoren bak sigeren den 19. juli 1936, da den fascistiske oppreisten innleiingsvis vart trykt ned, var at klassa stod einskapleg framfor ei konkret hending. Men denne einskapen var ikkje solid tufta. Han grunna seg berre på tildriva frå dei massane som gjekk til storm mot åtaka frå opprørssstyrkane.

Alt frå ho tok til å vakne, har den spanske arbeidarklassa vore sterkt påverka av ikkje-proletariske idear. Dei ideane som har hatt overtaket i proletariatet vårt gjennom historia, har vore sosialdemokratiet og anarkismen. Desse høgre- og «venstre»-ideane har alltid ført til store tilbakeslag for klassa. Da Kommunistpartiet vart skipa, reiv det visse klasse-medvitne grupper ut or hendene til dei ikkje-proletariske rørslene. Men det makta aldri få nokon stor innverknad i dei proletariske masseorganisasjonane, slik som i fagrørslla. Ikkje eingong under krigen lykkast dette. Dette vart ei av dei grunnleggande årsakene til at det ikkje vart nådd einskap i arbeidarklassa, ikkje eingong da fascisme og nasjonal underkasting truga.

Det fanst nok objektive årsaker som kunne forklare kvarfor Kommunistpartiet stod så veikt. Men trass i at Partiet tvillaust hadde stor innverknad over dei arbeidande

massane, hadde det ikkje fått leiinga over noka viktig fagrørsle. Det kom også av at dei ikkje skjøna at fremst i massepolitikken sin måtte dei stille si eiga, revolusjonære faglege line. Politikken til partiet når det galdt einskap og einskapsfront i arbeidarklassa avgrensa seg til, og vart underordna, alliansar, avtalar og borgfred på toppen med dei sosialdemokratiske leiarane i PSOE. For å smi ein solid einskap i klassa, må det byggast sterke sambandsliner mellom Kommunistpartiet og massane. Men det makta ikkje parti-leiarane å sjå. For å få dette til, trongs eit breidt og omfattande massearbeid *i djupna*. Slik kunne ein trenge til sides den innverknaden som dei sosialdemokratiske leiarane og deira line hadde over det faglege grunnplanet som var organisert i UGT.

Slik tilhøva var, skulle Kommunistpartiet ha gått inn for einskap med det sosialdemokratiske partiet og dei masseorganisasjonane som stod under deira innverknad. Men på same tid skulle Partiet ha stridd ein kompromisslaus kamp mot sosialdemokratiet som ideologi og politikk for klasse-samarbeid. Det var naudsynt med eit stort opplysningsarbeid mellom dei sosialdemokratiske massane på grunnplanet. Slik kunne ein ha teke frå sosialdemokratiet innverkna-den og leiinga over fagorganisasjonane.

Lenin seier:

«Berre det politiske partiet til arbeidarklassa, det vil seie Kommunistpartiet, er i stand til å samle, oppdra og organisere fortroppen til proletariatet og alle dei arbeidande massane. Berre det er i stand til å stå imot den småborgarlege vaklinga som ikkje er til å unngå mellom desse massane. Berre det kan stå imot dei uunngåelege tradisjonane, og imot tilbakefall til yrkesmessig trongsyn og faglege fordomar mellom proletariatet. Berre Kommunistpartiet kan leie verksemda til proletariatet som ein heilskap, det vil seie gå i brodden for alle dei arbeidande massane gjennom å leie proletariatet politisk.»<sup>66</sup>

Alt i 1935 hadde Den Kommunistiske Internasjonalen åtvara mot dei skadelege tendensane som gjekk ut på å minske rolla til Kommunistpartiet i rekkene til den proletariske einskapsfronten<sup>67</sup> og å forsona seg med den sosialdemokratiske ideologien. Denne høgretendensen fall det spanske partiet på ein eller annan måte inn under. I den vart det gløymt at politikken med den proletariske einskapsfronten er ein metode for å trekke arbeidaranar som ligg under ikkje-proletarisk påverknad ovar til den kommunistiske politikken, og få dei til å sjå det falske i den reformistiske politikken. I all hovudsak var det sosialdemokratisk påverknad det var snakk om den gongen. Politikken med einskapsfronten må aldri bli ei form for forsoning med sosialdemokratisk ideologi og praksis.

Parolen Kommunistpartiet sette fram om Det proletariske einskapspartiet,<sup>68</sup> var rett. Det var bydande naudsynt å samle proletariatet og gje det ei einskapleg politisk leiing. Da kunne det bli i stand til å fylle rolla si som revolusjonær fortroppsklasse, ta leiinga over heile folket for å vinne krigen, og føre revolusjonen vidare. Dette var parolen i samsvar med.

Men ein ting var å få i stand ein einskapsfront av dei kommunistiske og sosialdemokratiske partia. Her var det nok å bli samde om ei line for kampen mot fascismen. Noko heilt anna var den politiske einskapen mellom dei innanfor eitt og same parti.

Som vi har sett, vart parolen om aksjonseinskap mellom dei to partia sett ut i livet i samsvar med ei høgretolking av han. Parolen om Det proletariske einskapspartiet prøvde dei óg framfor alt å sette ut i livet med å søke einskap «på toppen». Dei sökte vinne dei sosialdemokratiske leiarane for denne parolen, men det første ikkje fram. Derimot drog det etter seg opportunistiske standpunkt. Eit døme på det, er den rapporten Dolores Ibarruri la fram for det 2. krigsplenumet til Sentralkomiteen i partiet. Der står det ordrett:

«Dette einskapspartiet kan såleis føre vidare både tradisjonane til Det spanske sosialistiske Arbeidarpartiet (PSOE); det revolusjonære straumdraget som anarkismen står for; og tradisjonane til Kommunistpartiet, som er forma ut ifrå den marxistiske teorien og praksisen».<sup>69</sup>

Tradisjonane til PSOE, det var tradisjonane med samarbeid med borgarskapet; til og med diktaturet til Primo de Rivera<sup>70</sup>. Dette var ein anti-marxistisk, reformistisk tradisjon, som framfor alt leiarane i partiet stod for. Mellom dei fanst reaksjonære politikkmakarar som Indalecio Prieto, Besteiro<sup>71</sup>, og andre. Det var ikkje ved å føre vidare tradisjonane til PSOE, men med å nedkjempe dei ideologisk og reinske rekkene i dette partiet, at ein kunne nå fram til det proletariske einskapspartiet. Det same må ein i hovudsak seie om «det revolusjonære straumdraget som anarkismen står for.»

Når det proletariske einskapspartiet vart oppfatta på ein slik måte, ville det føre til at det vart skipa eit småborgarleg parti som vanta den mest grunnleggande ideologiske og politiske einskapen. Dei som oppfatta det proletariske einskapspartiet på denne måten, gløymde noko grunnleggande: Eit verkeleg proletarisk parti må tuftast på den vitskaplege marxismen-leninismen, som må studerast, forståast og nyttast ut på den konkrete røyndomen. Dette er udiskutabelt. Partiet kan ikkje tuftast på enkle politiske prinsipp. Det må byggast i kamp mot dei ikkje-proletariske ideologiske straumdraga; ikkje med at ein godtek dei. Dette galdt på den tida særleg dei sosialdemokratiske.

Kommunistpartiet tenkte seg og gjorde framlegg om ein einskap mellom arbeidarpartia som ikkje var grunna på marxist-leninistiske prinsipp, men i staden var overflatisk og opportunistisk. Difor klarte dei heller ikkje å skipe det nye partiet. Men jamvel om dei hadde klart det, ville resultatet ha vorte det same. For eit parti som var tenkt på den måten, og ikkje var grunna på dei vitskaplege revolusjonære prinsippa, marxismen-leninismen, kunne

aldri ha vorte nokon verkeleg proletarisk parti og fortropp og leiar for arbeidarklassa.

Da dei freista sette ut i livet parolen om å kjempe for det proletariske einskappartiet, gav ikkje partileiarane ans på det avgjerande poenget at skilnaden mellom kommunistar og sosialdemokratar var djuptgripande og prinsipiell. Skilnaden galdt karakteren og måla for revolusjonen, og han galdt synet på dei leninistiske organisasjonsprinsippa. Ein del venstresosialistiske leiarar merka seg at grunnplanet deira ønskte einskap, og dei vart stendig meir velvillig innstilte til saka. Men PSOE som heilskap var dominert av småborgarlege leiarar og jamvel rotne politiske karriere-makarar. Difor var det eit grovt mistak å freiste sameine dei to partia utan at det på førehand var ført ein djuptgripande prinsippstrid som kunne ha gjort massane kjende med sanninga og reinska rekkene i PSOE. Å freiste kome til organisk einskap med dei sosialdemokratiske leiarane tydde å avvæpne Partiet og overgje det til allslag opportunistar og reformistar.

Ikkje nokon gong i den delen av krigen da det vart arbeidd for å få i stand Det proletariske einskappartiet gjekk det føre seg nokon skikkeleg prinsippstrid, og ikkje nokon gong vart dei sosialdemokratiske leiarane kritisert ope ideologisk. I staden for å tene den saka det vart kjempa for, tente dette berre til å avvæpne Partiet ideologisk. Det førte til at det tok til å gro fram høgrelinjer og opportunistisk ugras, slik vi har fortalt om.

#### **4. Om å la være å mobilisere den naudsynte styrken bak kravet om folkerøystingar i situasjonar der det trongst.**

Ein kvar krig vil utvikle si særmerkte styreform, alt etter kva natur kriga har. Dei urettferdige krigane, det vil seie dei kapitalistiske og imperialistiske, blir leidde av reaksjonære regjeringar. Slike krigar strir mot interessene til massane, som vil sette seg imot dei. Det vil regjeringane hindre. I dei rettferdige, revolusjonære krigane er det annleis.

Der må regjeringane som leier dei søke grunnlag i massane, som såleis både utviklar sitt eige initiativ i fullt mon, og samstundes stør regjeringa entusiastisk.

Folkefront-regjeringa var av det andre slaget. Ho stridde for det nasjonale sjølvstendet, og for å halde fast på dei vinningane folket hadde gjort. Ho hadde eit breitt grunnlag i folket, som sette i verk ei rekke aksjonar for å verne om interessene hennar. Men regjeringa var ikkje i stand til å gjere gjengjeld for denne stønaden frå folket. Under heile krigen var styringsorgana sette saman ut ifrå styrketilhøva i Folkefronten slik dei var *før den fascistiske oppreisten*. Desse styrketilhøva hadde endra seg mykje medan krigen rasa. Difor hadde det vore naudsynt å spørje massane til råds slik at Staten kunne få ein meir rettvis folkrepresentasjon. Samstundes ville ein og knyte massane nærmare opp til, og i større mon dra dei inn i styringsorgana.

Men dette vart ikkje gjort. Det førte til slike uhørte ting som at Cortes, nasjonalforsamlinga, heldt fram på same måten som da ho vart vald den 16. februar 1936, trass i at ein god del av dei deputerte var med i fiendebanden og hadde desertert<sup>72</sup>. Alt dette skjedde for å berge ein feiloppfatta republikansk legalitet. Den kunne nok ha halde fram, om han berre hadde uttrykt dei røynlege tilhøva. Men det var ikkje småborgarskapet interesserte i at han skulle. For det ville tyde at det sjølv miste herredømet, som ville gå over til proletariatet, og i første rekke til Kommunistpartiet. For det var sterkest, og hadde vunne stønad og velvilje frå dei breie massane.

Også i denne saka gjorde Kommunistpartiet eit opportunistisk mistak. Partiet skjøna at ei folkerøysting var naudsynt, og kravde det ved fleire høve<sup>73</sup>. Likevel — og alltid for «einskapen» si skuld — let dei vere å sette i gang nokon pågåande og målretta kampanje. Dei mobiliserte ikkje massane, og dreiv ikkje fram kravet hardt nok til at det vart noka folkerøysting, enda så naudsynt det hadde vore nett da.

Kommunistpartiet skjøna at det trongst ei folkerøysting. Men det såg ikkje klart nok at berre det kjempande folket

kunne gje styringsorgana eit revolusjonært innhald, og få dei til å spegle det røynlege styrketilhøvet. Dessutan ville ei slik folkerøysting ha vore eit uvanleg godt middel til å politisere massane og knyte dei til maktorgana. Når ho ikkje vart noko av, hindra det at krigen og revolusjonen fekk den leiinga proletariatet og partiet til proletariatet kunne ha gjeve. Også her ser vi korleis Partiet ikkje heilt ut skjøna kva karakter denne etappen av revolusjonen hadde, eller kva rolle dei sjølve hadde i han. At det ikkje vart halde folkerøysting, var ein viktig grunn til at stønaden massane gav regjeringa etter kvart smuldra bort. På den måten vart ho veikare, og nederlagsstemninga breidde seg.

På nytt ser vi korleis Partiet la opp ei rett line, men enda ein gong gjorde høgrefeil da dei skulle sette henne ut i livet. Framlegget om folkerøysting vekte rett nok sterkt motstand frå alle parti i Folkefronten. Men Partiet sette ikkje i verk den naudsynte massemobiliseringa for å vinne over motstanden. Dei skjøna ikkje at om folkerøystinga sette den *eksisterande* Folkefronten i fare, så kunne fronten gjennom avrøystinga stå fram att med ny livskraft, og med ei styrkt venstreside. Det ville ha spegla det røynlege styrkeforholdet, samstundes som det ville ha reinska bort skadelege element og tendensar. Det vil seie at om den gamle Folkefronten brotna, ville det stå fram att ein ny som var full av livskraft og revolusjonært pågangsmot. Dessutan var brotet ein hypotese som låg langt borte frå røyndomen. For fienden var så brutal at det i seg sjølv var sterkt nok til å binde fronten saman.

Under den nasjonal-revolusjonære krigen vår mot fascismen hadde vi anten flytande makttihøve eller ei småborgarsleg regjering. Men vi hadde aldri ein stat der styringsorgana spegla den røynlege stoda eller dei rådande styrketilhøva. Særleg galdt dette etter slaget om Madrid.

Men dette vil ikkje seie at ikkje regjeringa i hovudsak stod for folkeinteressene. Trass i alt hadde ho heile tida ein viss stønad frå dei breie folkemassane. Likevel var ikkje denne stønaden stor nok, og han kunne berre ha vorte større om det hadde vorte sett i verk ei folkerøysting. Men det

viktigaste er at gjennom ei slik røysting ville ein ha oppnådd at proletariatet fekk makta og Kommunistpartiet leiinga.

## **5. Om å henge på slep etter småborgarskapet.**

I den tidbolken då den nasjonal-revolusjonære krigen vår mot fascismen gjekk føre seg, var den spanske revolusjonen ein folkedemokratisk og nasjonal revolusjon, og ein del av den sosialistiske verdsrevolusjonen. Denne karakteren har revolusjonen vår framleis, jamvel om tilhøva er noko annleis. Difor er dei gode og dårlege røynslene frå den tida aktuelle også for oss.

Med di krigen vår mot fascismen var ein del av den folkedemokratiske revolusjonen, og høyrd inn under den sosialistiske verdsrevolusjonen, følgjer det av seg sjølv at proletariatet burde ha vore den leiande klassa. Det gjeld framleis. Difor har den marxist-leninistiske analysen av dei vellykka og mislykka tiltaka Kommunistpartiet gjorde den gongen stor verdi for vår tid.

På den tida skjøna Kommunistpartiet aldri at det var naudsyt at proletariatet var den leiande klassa i den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen. Partiet hadde ingen klare tankar om kva karakter revolusjonen hadde og kva fase han var inne i. Stundom sa dei at revolusjonen var borgarleg-demokratisk, andre gonger folkedemokratisk. Dei svinga stendig frå den eine til den andre definisjonen.

I staden for å ta på seg ansvaret og leiinga i krigen, freista Kommunistpartiet stille seg jamsides eller bakom småborgarskapet og dei progressive laga i mellomborgarskapet. Det førte berre til at desse klassane vart dei leiande i krigen — og vi strekar under at revolusjonen no var inne i ein folkedemokratisk fase. Partiet marsjerte i hælane på småborgarskapet og mellomborgarskapet. I staden skulle dei ha slege fast at det var naudsyt å gje statsmakta over til ein allianse av alle dei revolusjonære klassane og laga med proletariatet i leiinga.

Alliansepolitikken til Kommunistpartiet leid av alvorleg

høgre-vakling. Det førte til at dei hang etter i staden for å gå i brodden med politikken sin. Legalisme for kvar pris; ønsket om å gjere alt gjennom Folkefronten; freistnadene på å skipe eit proletarisk einskapsparti på opportunistisk grunnlag — alt dette er uttrykk for denne alliansepolitikken.

Logisk nok førte dette til at Partiet korkje freista ta leiinga for revolusjonen eller greip makta. I staden dilda dei etter små- og mellomborgarskapet, slik at desse vart dei leiande klassane i krigen og i staten. Til sist endra staten seg til eit diktatur av desse klassane. Trass i at Kommunistpartiet var sterkeste partiet, var det likevel desse klassane som gjorde seg nytte av staten. Og det var *høgrefløyane* i desse klassane som til sist sveik revolusjonen og krigen.

Vi kan nemne mange døme på det vi her har sagt: Partiet sette seg i mot å bli med i regjeringa. Regjeringspostane deira, med Vicente Uribe som landbruksminister og Jesús Hernández som undervisningsminister, var lite viktige. Dei hadde lite å seie over militærleiinga. Svikaren Prieto fekk avpolitisere Folkehæren<sup>74</sup>. Partiet greidde ikkje bestemme seg for å ta statsmakta dei siste dagane. Alt dette provar at Partiet vårt aldri innsåg at det — og berre det — var i stand til å ta leiinga i krigen og i revolusjonen. I staden følgde det ei ettergjevande line andsynes små- og mellomborgarskapet.

Dette grove høgreavviket var ei følgje av alliansepolitikken til partiet vårt, og det fekk svært alvorlege konsekvensar. Det må vere ein lærepenge for oss i dei kampane som kjem.

I eit tilsvarende generalsekretären i partiet skreiv til «Mundo Obrero», blir den politikken klårt spegla som gjekk ut på å marsjere etter det progressive borgarskapet, og korkje skjøne karakteren til revolusjonen eller rolla partiet skulle ha i han<sup>75</sup>. Artikkelen strekar rettnok opp ein rett og naudsynt einskapspolitikk, men det skin likevel fram ein tendens til halehengspolitikk, til å lite på borgarskapet, og til å stanse opp framfor dei endelege måla. Historia har vore ein god læremester når det gjeld å syne at ein korkje kan lite på eller gå i spora til det progressive borgarskapet. Om

vi ser bort ifrå ærlege og rosverdige enkeltunnatak som Alvarez del Vayo<sup>76</sup>, ville desse klassane heller bøye av for fascismen enn å gje leiinga til proletariatet. Først etter invasjonane og dei fascistiske nedslaktingane byrja delar av desse klassane å slåss mot fascismen. Men seinare sveik dei proletarmassane på nytt og kasta seg i armane på imperialismen. Dette er ei overlag lærerik historisk lekse som vi aldri må gløyme.

## **6. Om å gje frå seg baktroppen, og samstundes korkje ha kontroll over folkehæren eller rá over eigne væpna styrkar.**

Under den nasjonal-revolusjonære krigen vår mot fascismen var Kommunistpartiet den fremste heltesmia. Forsakingane til partiet og medlemene fyller fleire ærerie blad i soga til revolusjonen vår. Tusenvis av medlemer, hundretals kadrar og titalls leiarar fall heltemodig for det spanske folket og for sjølvstendet til landet. Minnet om dei vil leve for all framtid i hjarta til kommunistane og det spanske folket, og føredømet deira bør vi alltid ha i tankane når vi utfører ei oppgåve, slik at det kan forme og herde oss. Dei gav seg heilt for å forsvere interessene til det spanske folket.

Alle dei mest revolusjonære tiltaka som vart gjort under krigen kom etter initiativ frå Partiet. Det galdt Folkehæren, jordreforma, masseopplæringa osb. Kommunistpartiet hadde ei rett generalline, og dei skjøna at den grunnleggende oppgåva var å vinne krigen. Dersom denne oppgåva ikkje vart løyst, hadde dei andre inga mening. Difor kasta partiet seg fram i fremste lina i krigen. Nesten halvparten av Folkehæren var kommunistar eller sympatiserte med partiet. Men om dette tener kommunistane til ære, er det også eit faktum at partiet gløymde kor viktig det er å halde baktroppen. Utan ein kjempande baktropp kan ikkje frontane halde seg.

Medan kommunistane sloss djervt og øydde blodet sitt ved fronten, tok dei vaklande, småborgarlege elementa etter kvart kontrollen over styrings- og administrasjonsorgana bak fronten.

Ein stor del av hæren var sett saman av kommunistar eller kommunist-sympatisørar. Likevel hadde ikkje partiet leiinga over han. Det var partiet som gjekk i brodden for å skape og organisere denne hæren, og det var dei som gav mest folk til han. Likevel fekk dei aldri den stillinga i han som dette skulle tilseie. Heren stod under kommandoen til småborgarlege element. Slik gjorde partiet det doble mistaket at dei gav slepp på baktroppen, samstundes som dei let vere å ta kontroll over hæren eller viktige delar av han. Men like ille er det at dei let Femte Regimentet gå inn i den republikanske hæren utan vilkår. Konsekvensen vart at partiet heilt og halde miste sjølvstendet på det militære området.

I tillegg til dette må det systematiske undergravingsarbeidet til svikaren Indalecio Prieto nemnast. Han var forsvarsminister, og stod for ei kriminell avpolitiseringsverksemd i hæren. Det kom så langt at vaklande småborgarlege element fekk nytte avdelingar under kommunistisk kommando til sine eigne føremål.

Vi kan oppsummere at Kommunistpartiet kasta seg inn i fremste rekke i kampen. Med det synte dei at dei hadde skjøna det først og fremst galdt å slå fascismen. Men dei gløymde at baktroppen må vere sikra, og at styringsorgana bak fronten må vere i hendene på proletariatet og partiet. Berre da er det mogleg å halde og føre frontlinene framover. Partiet kunne, og burde ha kravd postane som forsvars-, innanriks- og økonomiminister. Av rein høgreopportunisme let dei vere. Heller ikkje stod dei fast på kravet om at Franco-sympatisørar og svikrarar skulle reinskast ut or hæren, jamvel om dei førte ut ein kampanje for dette. Toppleiinga i hæren vart heller ikkje bytt ut.

Alt dette er resultatet av ein misforstått alliansepolitikk og manglande forståing for den rolla partiet må spele i revolusjonen. Følgjeleg kom leiinga både for baktroppen og fortroppen i hendene på det vaklande og ustabile småborgarskapet, medan Kommunistpartiet hengde seg på slep bakanfor.

## **7. Om sviktande førebuing og organisering av undergrunnsarbeidet.**

Partiet organiserte ikkje noko undergrunnsarbeid i dei okkuperte områda. Dei var heller ikkje framsynte nok til å bu seg på at om styrkane til republikken i første omgang skulle bli slegne, laut partiet gå under jorda og føre kampen vidare på den måten. Dette var eitt av dei klare mistaka partiet gjorde under den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen.

Det er eit grunnleggande prinsipp at partiet må bu seg på å meistre alle kampformer. Desse formene må settast i ein dialektisk samanheng, slik at den eine eller den andre av dei blir stilt i forgrunnen alt etter som vilkåra for kampen skiftar. Når det gjeld krigen vår, burde Kommunistpartiet ha sett i verk tiltak for å halde fram med kampen under jorda, og for å halde fram med krigen same kva motgang som måtte kome.

Vi kan merke oss at Kommunistpartiet vedgjekk dette mistaket i den rapporten Dolores Ibárruri la fram for Sentralkomiteen ved den 5. kongressen i november 1954. I denne rapporten heiter det, under kapitlet «Kva vi gjorde rett, og kva vi gjorde feil»:

«Det var ein stor feil at vi ikkje tok skikkeleg grep om det illegale arbeidet til partiet i Spania. Det gjeld ikkje berre at vi reiste frå landet etter nederlaget. Det gjeld også at vi, medan krigen stod på, let oss tvinge til å gje opp landsbyar og byar medan den republikanske hæren stadig drog seg attende.

Trass i at vi hadde både midla og mennene, let vi vere å gjere det vi skulle. Det gjorde vi fordi vi ikkje la tilstrekkeleg vekt på arbeidet i fieland, og på å organisere arbeidet til partiet bak linene til fienden.

— — —

Vi let vere å vurdere — eller det vart berre så vidt nemt i diskusjonane våre — at det var naudsynt å

organisere partiarbeidet med tanke på ei tid da den revolusjonære rørsla sigla i motstraum og kanskje stod framfor eit nederlag.

Heller ikkje etter nederlaget makta vi analysere stoda og rette inn organisasjonsarbeidet til partiet på ein periode med tilbakegang. I den perioden ville kadrane og medlemmene våre bli stilte framfor heilt nye problem som dei ikkje var budde på, og som dei ikkje hadde noka røynsle med.

Trass i at det skjedde rett framfor augo våre, godtok vi ikkje det fælslege nederlaget som ein røyndom. Vi skjøna ikkje at det var naudsynt å legge opp arbeidet ut ifrå at vi hadde drege oss mellombels attende. Vi måtte no samle krefter for lange tider framover for å halde fram med kampen mot Franco-tyranniet. For den kampen kom ikkje til å vare berre nokre månader eller år, men heilt til Franco-styret var styrt og arbeidarane hadde sigra.»

Desse kritiske merknadene kunne ha tent som utgangspunkt for ei sjølvkritisk utforsking av mistaka Kommunistpartiet gjorde under krigen, men dei vart fort «gløymde» av Carrillo-Ibárruri-klikken. Og dei vart ikkje berre gløymde, men særleg Carrillo har trampa kynisk på dei. Han har jamvel fått seg til å skrive:

«Det kan nok ha skorta på framsyn under krigen når det galdt å legge grunnen for eit løyndearbeid i tilfelle nederlaget kom. Og det er lett nok å kritisere no på etterskot. Men det er ein radikal skilnad mellom det å legge planar i eit laboratorium — særleg tretti år etter — og det å drive røynleg undergrunnsarbeid. Overgangen frå ein maktposisjon, med alt det han gjer det mogleg å gjere, og til å bli offer for forfølgjingar av råaste slag, er både brå og brutal. Eg kjenner ikkje til at noko parti medan det har vore lovleg har makta bygge opp eit apparat og ein organisasjon som har vore sterke nok til å stå uskadde imot ein slik overgang<sup>77</sup>.»

Desse «laboratorieplanane» som Carrillo påstår ikkje noko parti har lykkast sette ut i livet, er nett dei som det sovjetiske kommunistpartiet på Stalin si tid la opp arbeidet sitt etter i dei områda som nazistane hadde okkupert. Det var nett dei Kinas Kommunistiske Parti, under Mao Tsetung si leiing, følgde i dei områda og byane som fienden hadde okkupert. Dei galdt også i dei frigjorde områda der dei revolusjonære styrkane for ei tid laut dra seg attende.

## **8. Om redsle for og forsoning med dei såkalla vestlege demokratia.**

Det vi til no har analysert er dei viktigaste mistaka i alliansepolitikken til partiet. Dei gjeld alle innanlandske tilhøve. Men også på det internasjonale området vart det gjort mistak i denne politikken.

I den revolusjonære kampen mot fascismen kunne det spanske folket rekne med stønad og ueigennyttig hjelp frå Sovjetunionen under kamerat Stalins leiing, og frå alle folk i verda. Til da hadde det aldri vore gjeve så stor solidaritet og stønad til nokon revolusjonær kamp. Dei vidkjende Internasjonale brigadane<sup>78</sup> er eit storfeldt døme på solidariteten. Tusenvis av kommunistar og partilause revolusjonære strøymde til landet vårt for å forsvare verdsrevolusjonen, og i hopetal lét dei hjarteblodet sitt i den spanske jorda. Dei spanske kommunistane vil aldri gløyme denne gripande og sjølvfornektande handlinga.

Sovjetunionen fylte på si side — under kamerat Stalins geniale leiing — dei internasjonalistiske pliktene sine, og gav oss ikkje berre moralsk og politisk stønad, men hjelpte oss og som brør på ein måte som i stor grad letta motstanden mot fascismen. Sovjetunionen førte ein heilt rett politikk i høve til krigen vår, og det er berre svikarar som freistar forvrenge den klare framgangsmåten Sovjetlandet følgde under den store Stalins leiing. Kor stor er ikkje skilnaden frå den politikken Krustsov-renegatane i dag fører andsynes folket vårt!

Den spanske regjeringa førte derimot ein vakklande politikk. På eine sida tok ho eit rett standpunkt og bad om internasjonal solidaritet, samstundes som ho knytte nærmare band med Sovjetunionen. På andre sida gav ho konsesjonar til dei vestlege «demokratia», og naudba dei om stønad og hjelp som dei aldri gav. Tvertom hjelpte dei på hyklande og kynisk vis Franco. Til dømes var det ei kapitulasjonistisk handling å godta at dei djerve Internasjonale brigadane<sup>79</sup> skulle dragast attende. Det skulle ikkje regjeringa, og enda mindre partiet, ha godteke.

Trass i einskilde slike kapitulasjonistiske handlingar godtok regjeringa og partiet likevel aldri den såkalla «ikkje-innblandinga» som Folkesambandet sette i verk. Den førte i røynda til at Hitler-Tyskland og det fascistiske Italia fekk frie hender, samstundes som ho tok strupetak på det spanske folket og hindra at det fekk kjøpe dei våpna og det materiellet det trond for å halde fram med krigen.<sup>80</sup>. Men sjølv om partiet fordømde og aldri godtok «ikkje-innblandinga», freista det aldri vekkje dei breie folkemassane mot han. Med det vart store delar av folket hengande fast i tiltrua til at dei vestlige «demokratia», særleg Frankrike, skulle endre på haldninga si.

## KAPITTEL 4



# Politikken for deltaking i regjeringa

Ein konsekvens av det upresise, uklåre og inkonsekvente synet på kva fase revolusjonen var inne i og kva rolle proletariatet og deira parti skulle spela i han, var at det vart forma ut ein feil politikk for deltakinga i dei statlege organa.

Ønsket om å gjere alt gjennom Folkefronten drog etter seg at *alt måtte gjerast gjennom regjeringa*. Etter som Partiet ikkje hadde heilt klårt for seg at den leiande klassa i revolusjonen måtte vere proletariatet, vart dei i liten grad med i regjeringsarbeidet, og fekk lite å seie der. Det må seiast at partiet vårt aldri stilte seg denne oppgåva å ta leiinga for

krigen og Staten innanfor ramene til Folkefront-koalisjonen, jamvel om partiet var den som var sterkast og best skikka til dette, og den einaste som kunne ha gjort det med hell. Eit teikn på dette er at partiet aldri hadde meir enn to ministrar i regjeringa, og at dette galdt annanrangs postar. Difor fekk regjeringa aldri nokon fast og revolusjonær karakter, og leiinga for krigen vart liggande i hendene på småborgarskapet.

Trass i dette må vi vurdere regjeringsinnsatsen til partiet positivt. Det var dei kommunistiske ministrane som stod bak dei mest revolusjonære tiltaka. Med den viktige jordreforma<sup>81</sup> lyktest kamerat Vicente Uribe i å få igjennom eit av dei mest revolusjonære tiltaka under heile krigen. For første gong i historia til landet vart latifundiestrukturen broten opp, og der reforma vart sett i verk, fjerna ho dei føydale restane på landsbygda. Som følgje av redsla og motstanden frå småborgarskapet, gjekk ikkje jordreforma så djupt som det hadde vore naudsynt. Likevel vart han ein faktor som mobiliserte folket på den spanske landsbygda til forsvar for republikken. Gjennom Undervisningsdepartementet<sup>82</sup> stod partiet for eit viktig arbeid med utdanninga. Til dømes vart det sett i verk alfabetiseringskampanjar for vaksne både bak og ved fronten, og det store fleirtalet av borna fekk gå på skule. Jamvel om det var utilstrekkeleg representert i regjeringa, var alle samde om at deltakinga frå partiet stålsatte henne og styrkte motstandskampen til folket vårt på avgjerande vis. Så må ein spørje seg: Kva ville ha hendt om partiet hadde teke sterkare del?

Politikken til partiet med ikkje å ta på seg ministeransvar var klår under heile krigen. Heilt urett tenkte dei seg at partiet måtte halde seg i bakgrunnen for ikkje å skremme dei allierte. Dei skjøna ikkje at når dei handla slik, vart resultatet at dei veikte kampevna og styrken til det organet som skulle leie krigen. Kvar dag som gjekk synte regjeringa at ho ikkje var i stand til å fylle ansvaret sitt, og at ho difor måtte sterkast. Men det som skulle til for dette var nett at Komunistpartiet tok leiinga over den vaklevorne koalisjons-

regjeringa, og ikkje stakk seg bort i skuggen, slik dei i røynda gjorde.

Partiet var så lite interesserte i å ta regjeringsansvar at da Largo Caballero skulle skipe regjeringa si, sette han som vilkår at Kommunistpartiet laut bli med i henne. Dette fekk til sist kommunistane til å ta imot to ministerpostar. Partiet hadde likevel alltid ei underordna stilling i regjeringa, og spelte aldri noka leiande rolle.

No for tida freistar revisjonistklikken til Carrillo-Ibárruri å framstille den stillinga partiet tok som eit prov på «ueigenytten» og dei «edle siktemåla» dei hadde når det galt å verje einskapen i fronten på den tida. Men om vi analyserer haldningane slik vi bør, vil vi sjå at dei «edle siktemåla» berre var blindsak for kva rolle partiet skulle ha i den tidbolken det galdt. Og «ueigenytten» var i hovudsak eit uttrykk for at dei ikkje skjøna kva som var dei verkelege interessene til proletariatet, og kva karakter krigen og den historiske tidbolken hadde. Sjølvsagt lovpriser revisjonistane desse mistaka for å fortelje borgarskapet at dei er innstilte på å handle på same viset i dag. Men til all ulykke for revisjonistane har både partiet vårt — det verkelege marxist-leninistiske kommunistpartiet — og proletariatet vunne fram til klårsyn om kva leiande rolle det må spele i den spanske revolusjonen. Så kan dei berre sitte der med «ueigenytten» og dei «edle siktemåla» sine.

Dolores Ibarruri seier:

«Ønskte Kommunistpartiet å vere med i den regjeringa Largo Caballero skipa først på september 1936? På ingen måte. Både før og etter valsigeren til Folkefronten i februar 1936 gjekk partiet inn for at det skulle skipast ei regjering der alle kreftene i Folkefronten var med. Men da oppreisten kom sette kommunistane alle kreftene inn for å styrke den republikanske regjeringa og hindre politiske spekulasjonar.»<sup>83</sup>

Desse linene stadfester dei høgrefeila vi har peika på. Dei var ei følgje av at det alt før krigen stod kamp mellom den

revolusjonære lina, med kameratane José Diaz og Pedro Checa i brodden, og den revisjonistiske lina som til sist kom til å dominere heile Partiet. Det må enda ein gong peikast på at den opportunistiske høgrelina nytta seg av at kamerat José Diaz var alvorleg sjuk og ofte fråverande, til å fremje sine eigne urette politiske liner.

I «Den einaste vegen» skriv Ibárruri vidare:

Da den regjeringa som Kommunistpartiet gjekk inn i vart skipa i september 1936, helsa folket dette med entusiasme. Særleg galldt det dei stridande, som i deltakinga frå kommunistane såg garantien for at strevet og ofra deira ikkje skulle vere til fånyttes.»

Denne urette politikken med ikkje — eller berre i lite omfang — å ta del i regjeringa, var i seg sjølv opportunistisk, for han tok berre omsyn til dei kortskiftige interessene og følgjene, og hadde ikkje syn for dei langsiktige. Til dette kom at folket både ønskte og bad om at kommunistane vart med. Likevel stod Kommunistpartiet imot. Også dette er uttrykk for ei opportunistisk haldning, for det syner ringeakt for det folkemassene ønskjer. Såleis bremsa det òg den revolusjonære utviklinga til folket.

Når ein ser på korleis regjeringane under krigen var samansette, får ein klårt auge på desse politiske mistaka. I den første regjeringa til Largo Caballero vart Kommunistpartiet — og det berre etter påtrykk frå sosialistleiaren — representert med to underordna statsrådar. I den andre var representasjonen den same. Det er rett at partiet i denne tida synte eit visst sjølvstende og streid mot dei range tendensane i regjeringa. Men kampen vart ikkje alltid ført grundig nok. Partiet gjorde feil med å gje vidtrekkande konsesjonar, og det gav regjeringa høve til å halde ved lag den tvetydige stillinga si. Eitt av mistaka som vart gjort var å la Femte Regimentet bli ein del av hæren, som stod under kommandoen til representantar for mellom- og småborgarskapet. Med dette gav Partiet frå seg våpenmakta si, for leiinga over Folkehæren var heile tida i hendene på vaklarar

og småborgarar. Det var ein rett politikk at Femte Regimenet skulle tene som eit grunnlag og eit døme for Folkehæren. Men det som ikkje var rett; det som var eit grovt mistak, var at Partiet ikkje forstod å halde på sine eigne væpna styrkar. For å sameine desse to omsyna fanst inga anna løysing enn at Kommunistpartiet måtte ha herredømmet over hæren, eller i det minste over delar av styrkane. Dette ville ha garantert ein rett og konsekvent politikk.

Det kontrarevolusjonære anarko-trotskistiske kuppet i Barcelona våren 1937<sup>84</sup> gav partiet enda eit høve til å styrke deltakinga si i regjeringa på avgjerande vis, utan å måtte bryte med alliansane sine. For den einaste politiske krafta som skjøna at denne kontrarevolusjonære framstøyten måtte stansast, og at massane måtte mobiliserast for å knuse han, det var partiet.

Men på nytt gjorde partiet det mistaket at dei ikkje ville ut av «skuggen». Og da den ettergjevande, splittande og u-dugelege regjeringa til Largo Caballero fall, heldt partiet fast ved den urette politikken sin, og heldt fram i rolla som «juniorpartnar» i dei seinare regjeringane. Massane fekk likevel dag for dag større tiltru til partiet og rekna det som det einaste som var i stand til å leie krigen.

I Negrín-regjeringane<sup>85</sup> heldt småborgarskapet framleis nøkkelpostane og Kommunistpartiet dei underordna. Regjeringa gjorde seg like fullt nytte av prestisjen til Kommunistpartiet. Som ei følgje av det vokste myten om ei «komunistisk regjering» fram, ut ifrå den trua at det var partiet som leidde regjeringa. Slik vart partiet gjort ansvarleg for mistaka og manglane til den småborgarleg leidde regjeringa, medan småborgarskapet sjølv heldt seg i bakgrunnen for å kunne hauste fruktene av ein mogleg siger. Nett på denne tida var det at den opportunistiske høgrelina nyttta seg av sjukdomen til José Diaz og braut igjennom i partiet. Dei gjekk med på avpolitiseringa av hæren, kapitulasjonen og godkjenning av krigstilstanden — noko som førte til at Casado-oppriisten<sup>86</sup> sigra. Like eins godtok dei at ein komunistisk statsråd vart dregen ut av regjeringa.

I dag freistar Carrillo-revisjonistane gjennom «Historia til Kommunistpartiet» å rettferdiggjere ettergevingsfeila sine, m.a. den at ein statsråd vart dregen attende, på følgjande vis:

«For å gjere det lettare å få løyst krisa, gav Komunistpartiet samtykke til å dra attende ein av ministrane sine frå regjeringa. Samstundes forsikra dei at dei stod fast på standpunktet om å gjere alle dei offer som kravdest for å halde dei demokratiske kreftene samla og sikre sigeren.»

Trass i «rettferdiggjeringa» frå dagens revisjonistar, vart resultatet av ettergevinga like fullt dette: Regjeringa vart svekka, og dei småborgarlege og kapitulasjonslystne straumdraga styrkte seg i henne. Historia har sytt for å prove dette.

Eit anna politisk mistak Kommunistpartiet gjorde, var å halde fast på alliansane i den forma dei først hadde fått, også i tider da det var klart at store grupper av våre allierte dreiv undergravingsarbeid og fremja demoralisering.

Det er ingen tvil om at partiet let vere å analysere konkret dei ymse situasjonane som stadig utvikla seg. Dei greidde ikkje omstille seg etter som haldningane til dei småborgarkreftene dei stod saman med, skifta. Dette førte med seg at dei ikkje makta vurdere dei konkrete hendingane rett, og det hindra partiet i å handle slik stoda kravde det til kvar tid.

Partiet søkte å verke inn på det som skjedde i regjeringa og Folkefronten, men tok ikkje på seg noko offentleg ansvar andsynes massane. Det freista leie tan å stå fram som leiari. Dette var eit grovt opportunistisk mistak.

I ein revolusjonær krig må og bør partiet til arbeidar-klassen leie regjeringa til einskapsfronten og alle organa hennar på alle nivå, i allianse med dei andre patriotiske og antifascistiske kreftene. Men samstundes må partiet ta ansvaret utetter, utan å vakle eller frykte massane, slik at dei ser partiet som leiaren sin og fylker seg kring parolene og

standpunkta til partiet. På det viset får partiet rotfeste i den jorda som gjev det næring: Folket. Det bind seg saman med dei breie massane og rettleier dei, samstundes som det lærer av dei. Når partiet ikkje handlar slik, er det eit prov på mistru til massane, og på at det meiner det er viktigare å gjere dei mellom- og småborgarlege laga til lags enn å få stønad frå arbeidarane og fattigbøndene. Det er ingen som helst tvil om at partiet vårt gjorde dette mistaket under den nasjonal-revolusjonære krigen vår mot fascismen. Partiet hadde ikkje noko klart og konsekvent syn korkje på kva tid-bolk revolusjonen vår var inne i, eller kva rådande rolle proletariatet og deira parti måtte spele i han. Dette er opphavet til det stendige strevet for å halde seg i bakgrunnen og ikkje stå ope fram som leiande, i redsle for å skremme små- og mellomborgarskapet.

I ei viss mon kan politikken med ikkje å ta del i dei statlege organa rettferdigjera for første delen av krigen, med di partiet på den tida var relativt svakt. Men fram mot midten og slutten av krigen, fanst ikkje lenger nokon som helst grunn til å halde fram på same måten, for partiet hadde da vorte det sterkeste og mest respekterte, og kunne rekne med brei folkeleg støtte.

Heile tida medan krigen stod på kunne ein merke teikn på kampen mellom dei to linene innafor leiinga til Kommunistpartiet; den revolusjonære, og den høgreopportunistiske som var i ferd med å trenge seg inn. Jamvel om partiet var etter måten veikt, vart det første tida ført ein meir og mindre fast kamp mot alle galne idear om statsapparatet. Men etter kvart som krigen skreid fram og partiet styrkte seg og nådde lenger ut, gjekk denne kampen i stå, og det gleid ut med konsesjonar av verste slag, like til å godta kapitulasjonen dei siste dagane. (Det ser ut til at Togliatti, den italienske revisjonistleiaren, rådde til at ei slik ettergjevingsline vart følgt.) Og etter at ho vart utskjemt av Krustsjov-revisjonismen, har ikkje Dolores Ibárruri meir skamvett enn at ho går god for dette. I «Den einaste vegen» skriv ho:

«Dersom regjeringa ønskte å gå i gang med freds-drøftingar, ville ikkje partiet stille seg hindrande i vegen.»

Heilt fram til siste slutt, jamvel etter at Katalonia hadde falle, kunne partiet ha teke statsmakta og ført kampen til endes, slik José Diaz sa tusen gonger. Men den opportunistiske lina fekk overtaket med den formelle «einskapsen» med dei andre partia i den tidlegare Folkefronten som grunngjeving. Når dette kunne skje, var det av di partiet miste or syne at sjølve formålet med einskapen var å slåss mot fascismen og dei utanlandske intervensions-hærane, og ikkje å kapitulere for fascismen. I denne situasjonen skulle partiet ha snudd om på dei gamle, utenlege alliansane; kasta dei mest vaklevorne elementa ut av fronten; stødd seg på dei mest kampvillige og faste kreftene hos dei ein stod saman med; og djervt teke rolla som leiaren, slik den styrken og stønaden partiet hadde i folkemassane tilsa. Det skulle ha oppretta ei ny, folkedemokratisk statsmakt under leiinga til proletariatet og deira parti. Dette ville ikkje ha sprengt den antifascistiske einskapen, det ville tvertom ha styrkt han. For når dei vaklande og svikefulle elementa var borte, kunne ein ha halde fram med krigen fram til den visse sigeren.

Det som skjedde denne tida lærer oss ei lekse vi må halde i minnet: Einskap søker ein for kampen, og med dei som ønskjer å slåss, ikkje med svikrar og feingar. Partiet til arbeidarklassen må aldri legge seg i bakgrunnen. Dette vil ikkje seie at ein skal ringeakte dei ein står saman med. Tvert om, ein må diskutere med dei, ein må overtyde og mobilisere dei, osfr. Men i tidbolken for dei proletariske revolusjonane er det berre ei klasse som kan leie dei. Og det er proletariatet, med partiet i brodden.

### Nokre konklusjonar

Den viktigaste avgrensinga for einskapen innanfor Folkefronten var at han vart oppfatta stift og fastlåst. Einskap vart eit mål i seg sjølv, ikkje eit middel til kamp og han-

dling. Dessutan vart det ikkje teke med i rekninga kor duglause dei ymse borgarlege laga og mellomklassene som var interesserte i å kjempe mot fascismen var til å styre. Det hadde dei m.a. synt under den borgarleg-demokratiske revolusjonen som hadde teke til i 1931.

Det var ikkje nok med at partiet under desse tilhøva let vere å stille seg som oppgåve å få hand om posisjonar i statsapparatet og administrasjonen elles for å få leiinga over viktige delar av samfunnslivet. Men til ære for nokre snevre og høgrevridde einskapsramer gjekk partiet også imot, og nekta å ta del i dei folkemaktorgana som så godt som spontant sprang fram i by så vel som på land. Det borgarlege statsapparatet var heilt ute av stand til å leve opp til den nye situasjonen og ta på seg dei nye oppgåvene som den væpna folkekampen mot fascismen stilte. Det var ein alvorleg feil å la vere å stø seg til organa for folkemakta. Særleg kom det fram da den fascistiske oppreisten den 18. juli skapte eit kaos som førte med seg at store landsdelar fall utanfor kontrollen til dei republikanske styresmaktene.<sup>87</sup> Denne skorten på eit maktorgan som høvde med den nye tilstanden synt seg særleg når det galdt industrien, jordbruket, handelen og varetransporten innan landegrensene. Framfor den nye situasjonen og dei nye oppgåvene hadde det vore heilt naudsynt å ta i bruk nye former for å organisere livet i nasjonen, ja også for sjølve staten. På mange område var regjeringa handlingslamma og mangla autoritet. Det gjorde det mogleg for anarkistiske og andre element å sette i verk ei rad eventyrtiltak. Kommunistpartiet nøgde seg med å kome med sterke kritikk av alle slag eksperiment som gjekk på tvers av autoriteten til styresmaktene. Men dei sette ikkje i verk høvelege tiltak for å møte dei krava kampen stilte når det galdt leiinga og organiseringa av økonomien, jordbruket, forsvaret osb.

Dette vil seie at partiet meinte alt skulle gjerast gjennom dei sams organa og kanalane for styresmakta og krigsleiinga. Partiet nekta jamvel å ta på seg ministerpostar som t.d. Forsvarsdepartementet i redsle for å gje inntrykk av at krigen mot fascismen vart leia av Kommunistpartiet.

Jamvel om partiet gjekk i brodden for masserørsla og dei kampane massane førte, stansa dei opp framfor å ta leiinga over staten. Slik gav det vaklande element og agentar for fienden hove til å organisere og førebu åtaket på republikken og folket. Det kuppet Casado organiserte vart lagt opp i lag med ei rad element som kalla seg sosialistiske og ein del høgrerepublikanarar, som tenkte at sidan regjeringa var så svak og perspektivlaus, var det mogleg å gjere slutt på kampen gjennom ein hestehandel med fascismen. Dei kunne rekne med å bli stødd av «ikkje-intervensjons»-landa, særleg av England og Frankrike. Det er heilt klart at Komunistpartiet ikkje forstod ansvaret sitt for å ta leiinga. Heller ikkje tok dei desse dagane på seg den historiske oppgåva å leie folket ut på vegen med ein «krig utan kaserner» — ein geriljakrig — mot fascismen og den utanlandske fascistiske intervensjonen.



## Strategien og taktikken under krigen, og deltakinga i dei væpna styrkane.

Den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen var ein rettferdig krig. I den slåss det spanske folket for å kaste av seg åket til oligarkiet og hindre at utlendingane fekk trælbinde Spania. Derimot var krigen til Franco urettferdig, for han sikta mot å undertrykke folket enda meir, og mot å kue landet ned og i røynda gjere det til ein koloni. I tillegg var krigen vår ein folkekrig, med di dei breie massane tok del i han for ikkje å bli trælbundne.

Den rettferdige, folkelege karakteren til krigen kravde ein strategi som samsvara med dette. Men om karakteren til krigen er eit resultat av gjevne sosiale og historiske vilkår, er strategien og kampformene ei følgje av menneskeleg leiing, og ingen ting anna. Sjølvsagt må ingen freiste gjennomføre ein strategi som ikkje er bygd på dei røynde tilhøva. Men innanfor desse vilkåra må ein analysere og kjenne situasjonen, og legge opp strategi og kampformer som samsvarar med han.

At vi førte ein rettferdig folkekrieg var ein fordel, og det spanske folket kunne rekne med solidaritet frå folka over heile verda. Alt dette gjorde ein siger mogleg. Når vi skal forklare kvifor det vart nederlag, må vi slå fast at det var den subjektive faktoren, leiinga, som svikta.

I tillegg til dei politiske mistaka, vart det og gjort strategiske og taktiske feil. Like eins vart det gjort feil i politikken i høve til dei væpna styrkane.

La oss analysere desse mistaka:

## **1. Om karakteren til krigen og strategien i han.**

Av di krigen vår hadde ein rettferdig og folkeleg karakter, ville det ha vore mogleg å sigre dersom den strategiske og taktiske leiinga hadde vore rett. For å tiltempe ein strategi som samsvarar med den typen krig som blir ført, er det først og fremst naudsynt å gjere ein grundig analyse av dei konkrete omstenda krigen blir ført under. Det gjeld ikkje berre vår eiga side, men og fienden si. Utan ein slik analyse kan ikkje krigen leiast på rett vis, og heller ikkje kan det trekkast opp nokon rett strategi og taktikk.

Dette klarte ikkje Kommunistpartiet å gjere. Jamvel om det nok skjøna karakteren og typen til krigen, makta det ikkje ta i bruk ein høveleg strategi. Det er rett at det enno ikkje fanst så mange røynsler med folkekrieg, men ein hadde svært verdfulle røynsler frå Sovjetunionen, og ein hadde også nokre frå den heltemodige kampen som vart ført i Kina under leiinga til Kommunistpartiet med kamerat Mao Tse-

tung i brodden. Men sanninga er at partiet vårt hadde ei urett oppfatning av korleis ein krig skulle leiast. Det vart gjort ein del freistnader på å overføre somme av røynslene frå borgarkrigen 1917—20 i Sovjetunionen, men i all hovudsak vart det ført ein krig som høvde fienden godt. Røynslene frå heile verda har prova at folkekrisen korkje kan eller bør vere ein klassisk krig; ein stillingskrig, men ein rørslekrig. Det botnar i at fienden i desse krigane kan rekne med betre militært utstyr, og har ein regulær hær som står budd med god trening og store økonomiske ressursar. Difor må det væpna folket gjere seg nytte av at dei er rørlege, og ikkje gje seg inn på avgjerande slag før tida er moden og sigeren er viss. Gjer dei slikt, risikerer dei å sette styrkane i fare og bli knuste. Etter som folkehæren vil ha ein langt høgare moral enn borgarhæren — for folkehæren er ein politisk hær — kan han nytte seg av at han er så lett rørleg til å kome med snøgge, demoralisante åtak mot fiendetroppane, som ikkje maktar å finne motstandaren anna enn der og når vi ønskjer det. Slik vil fiendetroppane bli gåande i stadig redsle for uventa åtak.

«Når fienden rykker fram, dreg vi oss attende. Når han slår leir, plagar vi han. Når han blir trøytt, går vi til åtak. Når han dreg seg attende, forfølgjer vi han.»<sup>88</sup>

Frå Europa har vi dei rike røynslene frå den nasjonale frigjéringskampen i Albania under kamerat Enver Hoxha si leiing. I våre dagar har folka i Vietnam, Kampuchea, Thailand, Burma, Indonesia og andre synt korleis folkekrisen kan tvinge dei mektige våpna til USA til nederlag.

Men i Spania nytta Kommunistpartiet og dei andre republikanske kretene for det meste stillingskrig. Denne måten å føre krig på høvde vel for fienden, etter som han kunne rekne med all slags hjelp frå nazifascistane og den internasjonale reaksjonen, m.a. frå USA og Storbritannia.<sup>89</sup> Kommunistpartiet skulle ha gått inn for og teke i bruk ein utslettingskrig. Der skulle grunnlaget ha vore rørslekrigføring, kombinert med geriljaoperasjonar bak linene til

fienden. Men partiet korkje mintest eller rekna med dei rike røynslene det spanske folket hadde frå krigen mot invasjonssyrkane til Napoleon i 1808,<sup>90</sup> da det nett var med slik geriljakrig åtaksmannen vart slegen. Dei tok ikkje omsyn til at i geriljakrigen er viktigaste prinsippet å utslette fiendestyrkar, meir enn å okkupere landområde. Vidare er det å vinne massane i det området fienden har okkupert over på si side. Det kan gjerast utan at fienden har drege seg attende frå stillingane eller området. Ingen kan nekte for at Kommunistpartiet ber ansvaret for at det ikkje vart skipa omfattande geriljaeininger. Sant nok fanst det nokre geriljagrupper, men dei var utilstrekkelege på alle måtar. Kvifor oppretta dei ikkje geriljaeininger og støttebasar for dei, når alle objektive tilhøve låg til rettes for det? Gjennom geriljaen kunne ein ha mobilisert breie massar i by og på land av dagarbeidarar, fattigbønder og andre lag av folket som alle var utsette for den råaste fascistiske undertrykkinga bak linene til Franco-hæren. Særleg galtd dette i Andalucia og Estremadura. Det er rett at Kommunistpartiet ved fleire høve fastslo at det var naudsynt med ein gerilja. Men da forbrytaren Indalecio Prieto systematisk stridde mot at denne kampforma vart teken i bruk, la kommunistane seg på ei passiv line som ikkje kan forsvarast, og venta på at Prieto samtykte i at det vart skipa geriljaeininger. Slik la dei enda eit offer på altaret til samhaldet i alliansen. Historia tok seg opp att heilt mot slutten av krigen, da Katalonia<sup>91</sup> hadde falle og Folkehæren drog seg over til Frankrike. Ved tilbaketrekinga skulle ein ha gjort eitt av to. Ein kunne ha spreidd styrkane og nytta dei som utgangspunkt for ein geriljakrig med støtte i dei fattige bondemassane der det store fleirtalet slutta opp om republikken. Ein kunne også ha sett i verk ei omfattande strategisk tilbaketreking for å slå seg saman med den store republikanske hæren som heldt stand i Midt- og Sør-Spania. Men om ein hadde omgruppert dei væpna styrkane til republikken på denne måten, eller vedteke å utvikle og spreie geriljakrigen for å halde fram med kampen til sigeren var vunnen, ville ein ha sett til sides avgjerdene til General-

staben.<sup>92</sup> Det var denne Generalstaben, som korkje hadde revolusjonære perspektiv eller tiltru til folket, som vedtok at den republikanske hæren skulle ta med seg våpna og krysse grensa til Frankrike. Den franske regjeringa gjorde nett det ein kunne ha venta på førehand. Ho avvæpna, internerte og fengsla hundretusenvis av republikanske soldatar.<sup>93</sup> Dette tyder at dersom ein enten først på eller ved slutten av krigen hadde oppretta desse geriljaeiningerane og støttebasar for dei, kunne ein ha slege til mot fienden mange stader, veikt han fysisk og moralsk, halde ut, og til sist ha vunne krigen og gjennomført revolusjonen. Men dette makta ikkje Kommunistpartiet sjå, og til sist, etter knapt tre års kamp, var den opportunistiske fløya som seinare skulle degenerere ut i hengemyra til Krustsjov-revisjonismen uttrøytta. Men seinare har ho freista slå mynt på krigen.

Når ein ser på kva slag krigsmateriell den republikanske hæren og fiendane deira rådde over, var fascistane meir moderne utstyrt på alle vis. Ut ifrå at fienden hadde rikeleg med ressursar og dei republikanske styrkane hadde knapt med det meste, var det eit brotsverk å gje seg inn på ein klassisk stillingskrig med blodige og kostbare utmattingsslag. Ei slik krigføring var klart og tydeleg til fordel for fienden og styrkte han, medan det veikte Folkehæren. Med dette vart den taktiske veikskapen til Folkehæren utdjupa slik at han slo over til ein strategisk veikskap.

Eit anna grovt mistak som Kommunistpartiet og dei andre republikanske kreftene gjorde i militærpolitikken sin, var at dei ikkje skjøna krigen måtte bli langvarig, slik han tok til og slik han utvikla seg. Kan hende verka røynslene frå Sovjetunionen inn på dette. Men i så fall syner det berre at dei ulike konkrete og særmerkte tilhøva og situasjonane ikkje vart analyserte på korrekt måte. Den revolusjonære krigen i Sovjetunionen tok til på ei tid da imperialist-maktene låg i krig med kvarandre. Da var imperialismen sjølv forblødd og veik, og folka stunda etter fred og ville ikkje bli dregne inn i nye krigseventyr. Dette gjorde det mogleg å føre krigen til ein snar slutt med siger for Sovjetlandet. Den nasjonal-revolusjonære krigen vår tok til under

heilt andre tilhøve. Dei imperialistiske stormaktene budde seg på nye nedslaktingar, og hærane deira var utkvilte og aggressive. Store, villeidde massar, særleg i Tyskland og Italia, var ikkje redde kriga, men let seg dra med inn i han. Dette førte med seg at den nasjonal-revolusjonære krigen vår berre var ein del av den store krigen, vår berre var ein del av den store krigen som nærma seg. Han var det første slaget i denne krigen, ikkje ein konsekvens av han. Difor kunne han ikkje bli kortvarig, for han kunne berre ta slutt når det leid mot slutten av verdskrigen. Alt dette gav han karakter av langvarig krig. Korkje Kommunistpartiet eller dei andre republikanske kreftene var i stand til å analysere dette korrekt, og difor førebudde dei ikkje massane på ein slik krig. Tvert om gjekk dei i alle tiltaka og all propagandaen sin ut ifrå at krigen ville bli kortvarig og ført snøgt til endes, og dei skjøna ikkje at dette var umogleg. Slik fekk massane voner om ein snarleg fred. Når den ikkje kom, vart dei minst politiserte laga av massane demoraliserte. Dei kjende seg utrygge, trøytna på krigen, og makta ikkje halde ved lag den offerviljen som ein langvarig krig krev. Dette gav vaklarane og svikarane gode arbeidsvilkår.

Mellom mange andre faktorar var det særleg denne misoppfatninga som gjorde at krigen enda så katastrofalt for det spanske folket. Ho var årsak til at det ikkje vart gjort tiltak for å halde fram med krigen i andre former, og til at det spanske folket seinare, da kampane tok til over heile verda, vart ståande på sidelina utan å ta kampen opp att innanfor landegrensene. (I utlandet slåss tusenvis av spanjolar både hardt og djervt.) Det førte og til den fatale politikken med å halde Spania «nøytralt», nett som om det ikkje var ein del av den nazifascistiske sida.

Dette grove mistaket når det galdt den grunnleggande oppfatninga av kva karakter krigen hadde, var ei av dei viktigaste årsakene til at folket vårt leid nederlag. Dette fekk straks store konsekvensar når det galdt å halde fram med kampen.

Politikken med å yte motstand til siste slutt var heilt rett, og kunne ha gjort det mogleg for det spanske folket å sigre. Det var den politikken José Diaz og konsekvente anti-fascistar som Alvarez del Vayo så ofte slo fast. I staden gjorde ein det store mistaket å gje seg inn på ein stillingskrig. Det vil seie at det ikkje vart samsvar mellom den politiske lina til Kommunistpartiet og dei andre republikanske kreftene på eine sida, og den militære strategien og taktikken dei tok i bruk. Dette førte til nederlaget. Sant nok var røynslene med folkekrisen enno ikkje samanfatta, for dei kinesiske røynslene var for dårleg kjende. Men røynslene frå den sovjetiske folkekrisen var kjende. Diverre vart det berre drege ut isolerte enkeltlærdomar av dei, t.d. at ein må slåss for kvar tomme jord, slik som i Petrograd. Under forsvarer av Madrid, vart denne røynsla teken i bruk med full rett, og der førte ho til store resultat.

Denne røynsla frå det heltemodige forsvarer av Madrid freista ein så å ta i bruk allment. Men det var å gløyme hovudprinsippet for den revolusjonære krigen i Sovjetunionen. Det var at det var naudsynt med stor rørsleevne innanfor heilskapen. Denne røynsla synar oss at under særlege vilkår og når operasjonane femner over store område, må ein ta i bruk rørslekrisen — og det må vere ein mest mogleg rørleg krig. Mao Tsetung har samanfatta desse røynslene på genialt vis, og ut ifrå dei særskilte tilhøva i Kina var han i stand til å føre ein krig med svært raske rørsler. Spania er eit land med store avstandar og relativt tynn folkesetnad, og ein hadde truleg ikkje hatt bruk for like stor rørsleevne. Like vel måtte dette ha vore grunnlaget for strategien. Land med mykje mindre folkesetnad og landområde, slik som Albania, lært seg å nytte denne strategien. Difor kunne dei sigre, trass i at dei i tillegg til den lokale reaksjonen også måtte slåss mot hærane til Mussolini og seinare Hitler.

Ut ifrå dette må vi dra den konklusjonen at i Spania makta dei ikkje samanfatte dei sovjetiske røynslene. Dei vart offer for subjektivisme, og laut difor ta imot harde atterslag. Jamvel om strategien med ikkje å gje frå seg ein

tomme land var rett i høvet Madrid, og gav siger ut ifrå dei tilhøva som rådde der, så var han eit grovt mistak når han vart ført ut til sitt ytste, slik som ved Brunete — eit typisk døme på nyttelaus utmattingskrig. Denne strategien førte til at vi miste initiativet, og ein hær utan initiativ er dømt til å knusast. For å halde initiativet i ein *stillingskrig* krevst eit absolutt overtak over fienden både militært og materielt, og det hadde folkehæren så langt ifrå.

Ut frå dette skulle det ha vorte lagt opp eit fleksibelt aksjonsmønster. Slik kunne folkehæren ha gjort ei underlegen heilskapsstilling om til eit relativt overtak. Siger eller nederlag blir avgjort av om ein har initiativet eller ikkje.

Når vi analyserer operasjonane til Folkehæren under krigen, ser vi at han aldri, eller så godt som aldri, hadde initiativet. Første og andre månaden er unnateke frå dette. Jamvel dei offensivane han gjorde var i dei fleste høva pressa fram av fienden. Det er ikkje berre ved åtak, men også under retrett at ein må halde på initiativet. Det er skilnad på «rein» retrett og strategisk røtrett. Vi må slå fast at hæren vår hadde liten handlefridom og nesten alltid var nøydd til å handle slik fienden tvinga han til. På dette viset er det ikkje mogleg å sigre<sup>94</sup>.

I slaget ved Guadalajara<sup>95</sup> vart det gjort annleis. Der let ein den taktiske defensiven og stillingskrigen vere, og la i staden opp ein fleksibel rørsle-taktikk. Dermed vart Folkehæren i stand til å overrumple fienden og gje han eit stort nederlag. Dette slaget sette ein stoppar for skrytet til fasciststyrkane til Mussolini, for der vart dei spreidde og tekne til fange. Like vel var det ikkje mogleg å dra full nytte av denne sigeren, for etter som den allmenne taktikken ikkje gjekk ut på offensiv, rådde ikkje Folkehæren over reservar slik at dei kunne forfølgje fienden og knuse han fullstendig. Dette syner at jamvel om det ein og annan gongen vart nytta rett taktikk, så var den allmenne strategien feil.

Slaget ved Ebro<sup>96</sup> har alltid vorte framstilt som ein siger. Om det seier overløparen Lister i ein artikkel i det revisionistiske tidsskriftet «Nuestras Ideas» (ideane våre) at «det var ein stor siger». Vi må i staden slå fast at det ville

vere rettare å kalle slaget «byrjinga til enden». Det var eit klassisk utmattingsslag som særleg tente fienden. Dei republikanske soldatane var lysande døme på heltemot og djervskap, og mange miste livet. Mellom dei kan vi nemne den albanske antifascistiske helten Avshim Voshi frå dei internasjonale brigadane. Han fall ved Fuente del Ebro. Men same kva «sjefsrevisjonisten» Lister seier, var ikkje slaget ved Ebro nokon stor siger. For det første miste Folkehæren initiativet nesten heilt til å byrje med i slaget. Istaden beit dei seg på ein uforsvarleg og skadeleg måte fast for å forsvare terrenget. For det andre kasta dei inn hovudstyrken med alle kjernetroppane i eitt einaste slag. Etter som dei vart så godt som utsletta, var Folkehæren seinare ute av stand til å by på nokon nemnande motstand. Målet med slaget var å berge Valencia. Men jamvel om det lyktest for ei tid framover, førte sigeren til at dei beste troppane i Folkehæren — dei kommunistiske — vart knuste. Som vi har sett, let hærleiinga i Folkehæren seg såleis dra inn i eit slag av den sorten som berre kunne interessere fienden, og gjekk med på å føre eit avgjerande utmattingsslag som det var umogleg å vinne, slik styrkeforholda var.

Eit grovt overslag syner at den republikanske hæren hadde 70 000 falne. Dei miste 200 fly, eller med andre ord ein svært stor del av det republikanske flyvåpenet. Etter dette slaget vart dei såleis aldri meir i stand til å stanse fascistane i lufta. Vidare let dei etter seg 1800 mitraljøsar og 24 000 gevær på andre sida av elva. Dette gjev eit omtrentleg overslag for kva slaget ved Ebro kosta republikanarhæren. Det er mogleg hæren til Franco hadde omlag like store tap, jamvel om forskarane meiner dei var noko mindre. Men desse tapa vart straks retta opp att med nytt materiell og nye soldatar frå Tyskland og Italia. Dermed var Francohæren kort etter klar til å sette i gang offensiven mot Katalonia. Der møtte han så godt som ikkje motstand i det heile, for Aust-hæren<sup>97</sup> var därleg væpna og førebudd, samstundes som dei beste troppane i dette området var gjort til inkjes i slaget ved Ebro.

Når det gjeld slaget ved Teruel<sup>98</sup>, må ein seie det var av

same slag, enda om det ikkje fekk så katastrofale følgjer. Men talet på på stridande i dette området minka sterkt som følgje av slaget, etter harde og blodige kampar om kvar meter jord. Dette opna for den fascistiske offensiven som kort etter skar den republikanske sona i to.

Desse døma syner at strategien som vart nytta var heilt feil. Men det finst og eit anna døme, som syner den motsette handlemåten — inga rørsle i det heile. Dette dømet syner at Kommunistpartiet let dei borgarlege, profesjonelle militærleiarane få dra partiet med på ein militær strategi som motverka all framgang i krigen. Det syner òg at partiet aldri skjøna kva slag strategi den revolusjonære krigen kravde.

På Andalucia-fronten var det ingen aktivitet under heile krigen, unnateke da Malaga<sup>99</sup> fall — og da var det fienden som tok initiativet. Ut over dette sette ingen av sidene i verk operasjonar av noko slag, trass i at dette var ein framifrå front å føre rørslekrig på. Det fanst inga definert, stabil eller fast frontline. Troppane sette seg fast i trafikkknutepunkt, på høgdedrag og strategiske punkt, men mellom dei låg store landområde der det ikkje fanst ein fiendesoldat. Det hende ofte at landsbyane skifta herrar, til og med utan slag eller berre etter småtrefningars. Fienden hadde små styrkar i området. Folket var i hovudsak republikanarar, og bøndene i området hadde lange kampradisjonar og var kamplystne, så når det ikkje vart sett i verk ein rørslekrig — ein fleksibel folkekrieg — i dette området, kan det berre forklarast ut ifrå at vår side ikkje hadde noko klårt syn for kva slag strategi som måtte nyttast. Den republikanske regjeringa gjorde ingen ting. Kommunistpartiet pressa heller ikkje på, enda fronten eller store delar av han til tider stod under kommandoen til kommunistar.

Her ser vi at det vart gjort eit dobbelt mistak. For det første hadde ikkje partiet klårt for seg kva militær strategi den nasjonal-revolusjonære krigen kravde. For det andre hengde dei seg på slep etter småborgarskapet også på det militære området. Dette syner kor viktig det er i ein folkekrieg at partiet rår over sine eigne væpna styrkar, eller at leiinga for krigføringa verkeleg ligg i hendene på partiet.

Men tendensane til å gje etter, og i somme høve til å svike, hadde alt teke til å synne seg. Det er nok å minne om Santoña og Laredo<sup>100</sup> på nordfronten. Det var eit utslag av kapitulasjonslina til Det baskiske nasjonalistpartiet, PNV. Dette sviket gav fascistane kontrollen i nord, og det førte med seg at tusenvis av baskiske nasjonalistar miste livet da dei sette seg imot kapitulasjonen, og imot å bli utleverte til Franco.

Nett av di mange hadde så lett for å vakle, og av di hæren var kommandert av borgarar som jamvel i somme tilfelle sveik, skulle partiet ha organisert geriljaen *heilt frå krigen tok til*. Men det gjorde aldri noko ut over enkelte sporadiske og isolerte freistnader på å skape ein gerilja. Av og til vart det rettnok freista med taktisk samordning i liten skala. Men Kommunistpartiet innsåg i røynda aldri at ein folkehær utan geriljastøtte aldri kan vinne. Stalin gjekk hardt inn for denne kampmåten, men korkje Kommunistpartiet eller regjeringa brydde seg om eller skjøna kor viktige råda hans var.<sup>101</sup>

Nokre år seinare skreiv likevel den revisjonistiske «generalen» Lister i skriftet «Krigen vår»:

Under krigen låg vilkåra til rette for å skipe *ei mektig geriljarørsle* bak linene til Franco. I dei landsdelane som opprørarane hadde teke var endatil grunnlaget lagt for ei slik organisering med de tusenvis av patriotar hadde søkt til fjells. Men desse vilkåra vart ikkje utnytta av dei republikanske regjeringane og forsvarsministrane deira.» (Våre understrekningar).

Vi må stille Lister og kompani eit spørsmål: Når regjeringa ikkje var merksam på ei slik viktig sak, kvifor tok ikkje Kommunistpartiet da saka i sine eigne hender? Sjølvsagt vil ikkje revisionistane i Carrillo-Ibárruri-banden vedgå mistaka sine. Men det kan ikkje nektast for at heller ikkje Kommunistpartiet skjøna dette, som kunne ha endra på heile gangen i krigen. Skipa ikkje partiet Femte regimentet utan å be regjeringa om lov? Kvifor kunne dei da ikkje få i gang ei brei geriljarørsle, tilhøva låg så godt til rette for det. Kvifor

måtte dei vente til ei av dei skiftande, vaklande og inkonsekvente regjeringane gjorde det? La oss seie det beint fram: Det var fordi Kommunistpartiet ikkje skjøna kor enormt strategisk viktig det var. Kommunistpartiet skulle ha sett inn dei kreftene som skulle til for å reise geriljahæren. Dei skulle ikkje berre ha sendt politiske og militære kadrar bak linene til fienden for å stille seg i leiinga. Men med desse kadrane skulle dei samstundes ha skapt den breie masserørsla av bønder som geriljakampen i hovudsak måtte byggast ut i frå. *Og det var opp til Kommunistpartiet å ta på seg denne oppgåva.* Den som hevdar noko anna, syner at han ikkje har skjøna problemet. Når revisjonistane våre hevdar noko slikt, syner dei at dei korkje kan eller vil vedgå mistaka sine. Det var ikkje berre at dei ikkje skjøna kor viktig geriljaen var, men dei meinte attpå til at regjeringa skulle skipe han. Om dette sier Mao Tsetung: «Geriljahæren kan berre sigre om han blir leidd av partiet.»

Når det gjeld denne saka må vi ta med at Santiago Carrillo i dag freistar rettferdiggjere dette veldige mistaket som leiinga i Kommunistpartiet gjorde under krigen. Han seier:

«Eg er overtydd om at ideane til dei som trur det hadde vore mogleg å organisere ei sterke geriljarørsle bak linene til Franco, er lite realistiske. Etter oppreisten var det rettnok ein del anti-frankistiske grupper mellom dei militære som drog til fjells i dei områda fienden hadde okkupert. Særleg var det tilfelle i Andalucia. Men desse gruppene prøvde til vanleg å gje seg på veg mot dei republikanske områda for å slå seg i lag med folkemilittsane...

Ein annan ting er at den barbariske terroren heilt frå første dagane gjorde det av med titals av dei som kunne ha gått i brodden og skipa motstandsgruppene.

Ei sterke geriljarørsle måtte ha stødd seg på massane på landsbygda. Men faktum er at i dei områda opprørarane først okkuperte, stod massane under sterke innverknad frå kyrkja og høgrekrefte, som på den

tida ikkje kunne skiljast frå kvarandre. I Castilla, Léon, Galicia og Navarra var massane i hovudsak fiendtleg stilte til republikken og venstrekreftene. I Baskarlandet, Santander og Asturias, som til å byrje med var i hendene på republikken, stod heller ikkje landsbygda saman med venstresida.

Det kunne truleg ha vorte gjort meir, dersom regjeringa hadde hatt ei klårare forståing av problemet. Partiet prøvde på si side å få til eitkvart, og skipa 14. geriljakorps, som sloss djervt. Men trass i alt heltemotet sitt hadde det alltid hovudbasen sin på republikansk område, og sette i verk operasjonane sine mot baktroppane til fienden derifrå.»<sup>102</sup>

Alt dette er feil, og ei forfalsking, der einskilde sanningar blir blanda med enorme løgner. Sjølvsagt freistar Carrillo med dette å løyne alle mistaka som han og dei som no er medløparane hans har eit stort medansvar for. Det er sant at ein stor del av massane i gamle-Castilla, Navarra og Léon var påverka av Kyrkja og høgrekreftene. Men dette var ikkje til hinder for at det kunne skipast ein gerilja, all den stund det fanst område der folket på landsbygda var republikanarar. Om påstandane til Carillo er rette, korleis kan ein da forklare at det mange år seinare kunne dukke opp ei geriljarørsle på spontant vis? Det som er sagt om Asturias, Santander og Baskarlandet, kan slett ikkje godtakast. Her kunne ein for det første rekne med støtte frå bøndene. Det vart prova ved at fascist-oppreisten til å byrje med vart slegen ned i desse områda. Men til dette kom at ein stor del av soldatane frå Nord-armeen ikkje kunne evakuerast, og marsjerte opp i fjella for å halde fram med ein desperat motstand, ikkje minst for å verje sitt eige liv. På grunnlag av desse soldatane kunne ein ha skapt ei brei geriljarørsle. Alt tala til fordel for dette, alt frå det fjellrike terrenget til den folkelege støtta og den militære stoda. Likevel vart dei overlatne til sin eigen lagnad. Kommunistpartiet kan ikkje fritakast for noko ansvar i denne saka, for det var partiet si oppgåve å organisere rørsla. Slik sakene stod, hadde det

ikkje ein gong vore naudsynt å ta omsyn til kva dei andre meinte, for den militære stoda var slik at dette var den einaste løysinga. Heilt til sist: Å seie at det ikkje var noko grunnlag for geriljakrig i Andalucia — og det etter Den rauda oktobermånaden i 1934 — er ei ussel løgn.

Men når Carrillo på vanleg skamlaust vis hevdar at det ikkje fanst grunnlag for noka geriljarørsle i desse områda av di «bygdefolket gjekk mot høgre», da gløymer han i all sluskapen sin ute Andalucia og Estremadura. For når det gjeld desse områda, finst det i røynda ikkje eitt einaste argument for det han seier. I Andalucia og Estremadura låg *alle* vilkåra til rette for geriljakrig: Små fiendetroppar; fjellområde; grisgrendte strok; full støtte frå massane på landsbygda, slik at ein kunne rekruttere geriljasoldatar frå dei. Like vel vart ingen ting gjort. Dersom ei sterkt geriljarørsle hadde vorte skapt i Andalucia og Estremadura, samstundes som lina med rørslekrig hadde vorte følgt (dette mistaket har vi kommentert lenger framme), ville gangen i krigen utan tvil ha vorte ein annan. Men korkje det eine eller det andre vart gjort.

Som samanfatting kan vi seie at Kommunistpartiet korkje skjøna eller fann fram til den rette strategien. Partiet gjorde det store mistaket at det ikkje skjøna kor viktig geriljakrigen var, det vart hengande fast i ei galen form for krigføring, og miste det militære initiativet. Partiet samanfatta ikkje røynslene frå den revolusjonære krigen i Sovjetunionen, men hengde seg opp i einskildrøynsler frå han. I tillegg kom at dei heile tida baserte seg på hjelp frå utlandet for å få forsyningar. Partiet skjøna ikkje at i ein folkekrieg må ein først og fremst skaffe seg forsyningar frå fienden, og at i alle krigar av dette slaget gjeld det om å lite på eigne krefter. Rett nok er hjelp frå utlandet naudsynt, men ho må korkje vere den einaste eller den viktigaste forsyningskjelda. Partiet skjøna *politisk* at det måtte først ein krig av ein ny type, men *i praksis* gjekk det på det militære området inn i fella med ein klassisk krig mot ein fiende som hadde overtaket med omsyn til våpen og mannskap. Det ført med seg at vi, og ikkje fienden, vart utmatta. Dei fleste slaga var ut-

mattingsslag, der dei republikanske tapa var størst. Sida vår hadde ingen ting å sette inn i staden for det tapte, og vart difor meir og meir underlegen militært. I tillegg låste dei stabile frontane Folkehæren fast og hindra han i å konentrere styrkane sine på utvalde område og kome med overraskande åtak på fienden. Kommunistpartiet var visseleg ikkje dei einaste som bar ansvaret for desse mistaka, etter som det — slik vi har synt — korkje leia krigen eller regjeringa. Men det kravde ikkje at strategien måtte leggjast om, sloss ikkje for å mobilisere massane attom eit slikt krav, og det stridde heller ikkje for å ta leiinga da tida var moden og det burde ha teke taumane.

Det som her er sagt tyder ikkje at Kommunistpartiet også gjorde mye rett under krigen. Partiet var i røynda både drivfjøra og den som sloss med største heltemotet i krigen. Men for oss gjeld det no å dra ut dei lærdomane som trenger seg på.

## **2. Politikken i høve til dei væpna styrkane**

Det vart gjort høgremistak i alliansepolitikken, og når ein samstundes la opp ei urett militær-strategisk line, er det logisk at ein også kom til å gjøre mistak i politikken som galdt hæren.

Det første som må seiast er at Kommunistpartiet sin politikk med å skipe ein Folkehær var rett. Ein kunne ikkje halde fram krigen, og langt mindre sigre, utan ein Folkehær. Dette var noko av det rette Kommunistpartiet gjorde, og ein av dei få gongane det på korrekt vis nytta politikken med alliansar og eigne initiativ samstundes. For å få i stand Folkehæren venta partiet nemleg ikkje på godkjenning frå dei andre, antifascistiske kreftene, men handla gjennom å utvikle gode døme. Dette tvinga dei andre i fronten — nokre av dei motvillig — til å godta at det vart skipa ein Folkehær. Mao Tsetung seier om dette spørsmålet:

«Kina må hente inspirasjon frå røynslene i krigen i Spania, der ein under særskilte vanskelege tilhøve har skipa Den republikanske Folkehæren.<sup>103</sup>.»

Skipinga av Femte Regimentet var eitt av dei rettaste og største tiltaka Kommunistpartiet fekk gjennomført, og det var dette som gjorde motstanden mogeleg. Femte Regimentet og den utviklinga det seinare fekk er noko av det som må gjere oss mest stolte, for det var den militære eininga som både hadde beste disiplinen og i størst mon gjorde til røyndom det Folkehæren var tenkt som. Det var føredømet, smeltedigelen, og kjernen i hæren. Det spanske folket vil alltid slå ring om det udøyande minnet om Femte Regimentet — seinare Femte Korps i hæren, og om alle dei kommunistiske einingane. For dei var det mest ekte uttrykket for det revolusjonære, væpna folket; ikkje berre på grunn av sjølfornektinga og djervskapen deira, men òg på grunn av einskapen mellom dei og folkemassane, som i desse troppane såg sine mest pålitelege representantar. Som grunnstamme og kjerne i striden og i Folkehæren, spela Femte Regimentet ei førsterangs rolle. Den var så viktig at Folkefrontregjeringa ikkje berre såg på dei som dei beste troppane, men òg som dei mest trugne. Det var stor skilnad på desse einingane og dei ikkje-kommunistiske, som ofte var kommanderte av udugelege og nederlagsinnstilte folk.

Det riktige strevet med å få skipa ein Folkehær fekk likevel kommunistpartiet til å godta konsesjonar på prinsippa. For å reise Folkehæren ga partiet Femte Regiment over til den republikanske regjeringa. Dermed miste partiet leiinga over regimentet, samstundes som det ikkje fekk leiinga over heile hæren. Ingen kan nekte at hovudleiinga for krigen og hæren heile tida var i hendene på vaklande og ettergjevande borgarar og småborgarar. Fleirtalet av dei øvste militære leiarane var antikommunistar, og nøkkelpostane i Generalstabben var alltid blokkerte for Kommunistpartiet. Slik oppstod det paradokset at trass i at over halvparten av soldatane i Folkehæren var kommunistar eller kom frå JSU (Dei Sameinte Ungsosialistar), og trass i

at partiet hadde dei beste offiserane og einingane, så var kontrollen over Folkehæren aldri i hendene våre, men i hendene på profesjonelle borgarlege og småborgarlege militære. Dei hadde heile tida hand om øvste leiinga av militær-sakene, og det var ein av dei viktigaste grunnane til at det vart lagt ein strategi og ein taktikk som ikkje var i samsvar med den folkelege karakteren til krigen vår.

Medan han var krigsminister gjorde Indalecio Prieto alt han kunne for å svekkje det revolusjonære sinnelaget i Folkehæren, som var ein hær av ein ny type. Han sette i verk kontrarevolusjonære tiltak som partiet aldri skulle ha godteke, som t.d. å halde kommunistane systematisk borte frå dei høgaste kommandopostane. For å halde kommunistane borte frå hærleiinga, forfekta Indalecio Prieto «teorien» sin om «forholdstals-representasjon.»<sup>104</sup> Resultatet var at det i kommandopostane vart sett inn udugande yrkesmilitære som ikkje hadde den revolusjonære entusiasmen som var naudsynt for å leie ein folkekrieg som vår. Prieto sette ikkje berre forbod mot at militære tok del i folkelege aktivitetar, men han gjorde òg alt han kunne for å byråkratisere dei politiske kommisærane. For dei klarte han ikkje å avskaffe, trass i alle freistnader. Mange av dei politiske kommisærane vart fjerna, av dei var det store fleirtalet kommunistar. I staden sette Prieto inn udugelege element utan noko revolusjonært sinnelag. Dei svikefulle avvika til «sosialisten» Prieto førte så langt at han sette forbod mot at det vart driven politisk propaganda retta mot soldatane i fiendenhæren...

Det er ikkje så merkeleg at ein type som Prieto gjorde slikt. Men det verkeleg forunderlege er at Kommunistpartiet godtok desse tiltaka. Det er klårt at ein slik hær ikkje lenger er folkeleg, og utan ein folkehær kan ein ikkje vinne i ein nasjonal-revolusjonær krig mot fascismen.

Som ein konklusjon kan vi slå fast at partiet tok del i Folkehæren med alle kreftene sine. Dei beste einingane (og dette har ingen våga nekte) var dei kommunistiske, og det var takk vere dei det var mogeleg å skipe ein Folkehær med sterke og disiplinerte einigar. Partiet og partimedlemene

ytte såleis mykje meir militært enn nokon av dei andre kreftene. Likevel spela ikkje dei kommunistiske styrkane den politiske og militære rolla dei burde for å sikre ei proletarisk leiing over krigføringa. Det var tvert imot slik at småborgarane nytta kommuniststyrkane til sine eigne føremål. Når Kommunistpartiet ikkje hadde verna om det militære sjølvstendet sitt, hjelpte det ikkje at ein hadde dei beste og talmessig største einingane. Partiet fekk aldri avgjerande innverknad over nøkkelpostane i hæren.

Dette var den viktigaste årsaka til at dei væpna styrkane til Kommunistpartiet aldri spela den rolla dei skulle, og at partiet ikkje klarte å tvinge fram ein rett politikk med motstand til sigeren var vunnen. I mange høve vart komunisteingane isolerte, og somme tider beint fram svikne, som i slaget ved Ebro. Det henide t.d. at andre avdelingar som var kommanderte av borgarlege miltære heldt seg i ro, trass i at dei hadde «planlagd» offensivar for å hjelpe til, alt medan dei beste einingane forblødde.

Endå Kommunistpartiet var drivsjela i og skaparen av Folkehæren leidde det han aldri. Dette førte til at mange einingar — også slike som var sett saman av kommunistar — vart kasta ut i eventyraksjonar og vart svikne. Dermed ser vi tydeleg og klårt kva Kommunistpartiet aldri klarte å gjennomføre: Å halde dei væpna styrkene til Kommunistpartiet sjølvstendige, om det for ei tid ikkje er mogeleg å få leiinga over heile hæren. I rettvis iver for å skape Folkehæren ga partiet konsesjonar, i dette dømet prinsipiele.

Dømet frå den kinesiske revolusjonen er heilt motsett og syner korleis ein der heldt på prinsippa. Då Einskapsfronten vart skipa i Kina, gjekk dei væpna styrkane til Kommunistpartiet, Raudehæren av arbeidarar og bønder, inn som ein del av Kuomintanghæren og fekk namnet 8. Rutarmé. Dette var utan tvil ein konsesjon frå kommunistane si side, men ikkje ein konsesjon på prinsippa. For sjølv om Raudehæren vart ein del av Kuomintang, låg den tekniske, operasjonelle og strategiske leiinga i hendene på Kommunistpartiet framleis. Det var partiet som avgjorde korleis og

kva tid 8. Rutarmé skulle handle, og det lét aldri Kuomin-tang ta frå kommunistane denne leiinga. Det hende til og med at dei laut forsvare seg med våpen mot Kuomintang-troppar som freista tvinge kommunistane til å lyde seg.

Dette er eit lysande føredøme på korleis dei væpna styrkane til Kommunistpartiet må fare fram i tider då det er umogeleg å ha leiinga over heile hæren og dei militære operasjonane hans.

I den nasjonal-revolusjonære krigen vår, derimot, var det tvert om. Femte Regiment vart lema inn i Folkehæren, og det var heilt rett. Men samstundes gav partiet frå seg den tekniske, operasjonelle og strategiske leiinga, og med det tok dei frå folket den mest medvitne og trugne væpna reiskapen det hadde. Partiet kunne aldri ta noko initiativ på det militære området, og vart nøydd til å følgje etter dei profesjonelle soldatane frå småborgarskapet og deira militære og strategiske oppfatningar.

Partiet streva for å få skipa ein sterk Folkehær som kunne møte den fascistiske hæren, som var av tradisjonell type. Det mistaket partiet gjorde når det galdt den allmenne krigsstrategien, førte til at det gjorde eit anna grovt mistak som var ein konsekvens av den første: Det kravde obligatorisk militärteneste<sup>105</sup>. Når vi ser bort frå dei høva der kommunistpartiet og arbeidarklassen alt sit fast ved makta, må ein folkehær vere sett saman av friviljuge. For det som gjer ein slik hær sterk, er medvitet til kvar einskild soldat og offiser. På grunn av den urette strategien ein hadde lagt opp, trongst det store mengder reservetroppar, men dei som kom til på dette viset hadde låg moral. Ei anna side er at om ein nyttar tvungen verneplikt — der folk sjølvsagt ikkje blir valde ut — i ein revolusjonær krig, fører det i mange høve med seg at ein dreg fienden inn i dei revolusjonære rekkene og — det som er endå verre — i den væpna armen til revolusjonen. Dette dreg allment etter seg at moralen og medvitet i heile den revolusjonære hæren går ned.

I krigen vår var det slik at det store fleirtalet av dei rekruttane som hamna i kommunistiske einingar tok over det sinnelaget og det medvitet som rådde i desse einingane — da

ser vi bort frå reine svikarar. Men dei som ikkje kom til kommunistiske einingar, drog moralen enda lenger ned og gjorde desse troppane mindre pålitelege. Dette vart allment synleg i heile Folkehæren mot slutten av krigen.

Politikken til Kommunistpartiet skulle ha vore ei massiv mobilisering for å verve friviljuge. Slik ville ein ikkje berre ha lykkast få soldatar med høg moral, men ein ville òg ha reinska Folkehæren for svikefulle og vaklante leiarar. For slike soldatmassar ville ha spela ei revolusjonær rolle og tvinga fram tiltak og endringar i dei folkelege væpna styrkane, slik ville desse styrkane ha endra seg etter kvart, og knytt sterke og sterke til folket, heilt til dei vart ein ekte Folkehær.

Ein slik massiv mobiliseringspolitikk for å verve friviljuge til Folkehæren hadde vore mogeleg etter som det spanske folket var mot fascismen og for revolusjonen. Dette vart prova under den fascistiske offensiven mot Katalonia, endå moralen da var nokså låg alt. JSO vart mobilisert og fylte på få dagar to divisjonar med frivillige. Dette er eit prov på at med ei omfattande massemobilisering er politikken med ein friviljug folkehær gyldig, også i vanskelege tider. Komunistpartiet skjøna ikkje dette og valde å følgje den lettaste vegen for å skaffe reservar, dvs. vegen med obligatorisk teneste i Folkehæren. Dette var det lettaste. Alt som trongst var eit dekret, og å overtyde nokre få om at det var naudsynt. Den andre løysinga, den rette, var meir slitsam — den revolusjonære vegen er som regel den mest slitsame. Ein måtte mobilisere seg sjølv og massane og overtyde mange. Men endå om dette kunne synast vanskeleg, ville det ikkje ha vore så ille om ein hadde hatt eit revolusjonært, marxist-leninistisk syn på problemet. For kommunistpartiet var alt mobilisert til denne og til kva anna oppgåve som måtte komme, og det var størstedelen av massane òg. Karakteren av krigen vår gjorde at ein ikkje skulle ha nytta ein hær med obligatorisk rekryterte soldatar, for han var ein revolusjonær folkekrig.

Den politiske vaklinga fekk til konsekvens at ein vakla militært når ein var truga av svikarar og kapitulasjonistar,

og når fienden truga. Den indre kampen i kommunistpartiet, serlig i leiinga, som gjekk føre seg under heile krigen; kampen mellom ei revolusjonær line og ei opportunistisk høgreline, fekk ein ulukkeleg innverknad på hendingane, med di det overalt var den opportunistiske lina som slo igjennom.

Vaklinga og inkonsekvensane synte seg tydelegare enn nokon gong da det ikkje vart reagert imot svikar-kuppet til Casado-Besteiro-Miaja-klikken. Framfor det trugande sviket som vart planlagd, reagerte ikkje kommunistpartiet med nokon vidare energi. José Diaz sjølv seier i boka «Lærdomane frå det spanske folket sin krig», som vart skriven kort før han døydde, og seinare er lemlesta av revisjonistane, like eins som mange av arbeida til Diaz som er umogelge å finne i dag:

«I strevet med å halde Folkefronten saman åtvara det (kommunistpartiet) ikkje folket i tide mot at representantane frå dei andre partia og organisasjonane nyttar Folkefronten som eit skalkeskjul for si eiga svikefulle verksemd. Partiet var først og fremst opptekte av situasjonen i fronten med tanke på det åtaket frå fienden som måtte komme. Det forsømte å mobilisere massane mot svikarane og slo ikkje ned det svikefulle opprøret, *endå det rådde over dei styrkane som trongst.* (Uthevingane er våre.)

Alt tala for at Casado var i ferd med å svike. Det fanst konkrete opplysningar og uggjendrivelege prov. Men kommunistpartiet var ikkje god for å reagere og å mobilisere massane. For å rettferdiggjere seg sjølv og den høgrelina ho forsvara under krigen, skreiv Dolores Ibárruri fleire år seinare i boka «Den einaste vegen»:

«Korleis skulle eg kunne tenkje meg at denne mannen (Casado) alt hadde planlagt å svike republikken og gje folket over til øksa åt fascismen?» (Refleksjonar etter eit møte med Casado.)

Casado-Besteiro-Miaja-klikken fekk heilt ustraffa førebu seg på å svike og gje folket over til Franco. Hundrevis av kommunistar vart arresterte, nokre vart avretta, og mange utleverte til Franco. Anarkistane.

«...overga fronten og opna veg for fienden. Dei gjekk inn som væpna styrkar for Casado-Besteiro-Miaja-klikken. Verksemda til visse anarkosyndikalistar gjekk rett og slett ut på å berge falangistane.» (Jos Diaz: «Korleis var situasjonen i Spania?»)

Vi må også peike på at ein av dei som var med på sviket til Casado, og var ein av dei mest aktive, var «sosialisten» wenceslao Carrillo, far til den noverande sjefs-revisjonisten Santiago Carrillo. Han sende dei republikanske sivil- og militærguvernørane telegram som desse:

«Meld snarast frå om De godkjenner den nyskipa Regjerings-juntaen. Dersom ikkje, tenk på konsekvensane.» (Telegram send 6. mars 1939)<sup>106</sup>

«De skal arrestere alle framståande kommunistar innanfor Dykkar komando-område.» (Sendt 17. mars 1939)

Då denne forbrytaren og svikaren døydde for nokre år sidan, spanderte like fullt det revisjonistiske bladet «Mundo ‘Obrero’» («Arbeidar»-verda) rosande ord på han for «fortida hans som stridsmann for folket...». Den politiske degenereringa til Carrillo-Ibárruri-klikken, og serleg til Carrillo sjølv, kjenner ingen grenser!

Kommunistpartiet organiserte ikkje nokon motstand mot åtaket frå Casado-svikarane. Berre nokre leiarar, som den djerke Pedro Checa, vart verande i Spania for å organisere tilbaketoget, medan dei andre leiarane berga seg sjølve. Det vart sant nok gjort spreidde freistnader på motstand, men dei var eit resultat av personleg mot hos nokre djerke grunn-

plansmedlemer og nokre kadrar i partiet. Den motstanden dei ytte mot sviket og overgjevinga var heltemotig, og mange av dei betalte med sitt eige liv for dette. Dei synte eit føredøme på kommunistisk støleik og disiplin som marxist-leninistane alltid må ha i minnet.

# Den amerikanske imperialismen i krigen vår, og den hjelpa han gav den fascistiske oppreisten.

Den amerikanske innstrenginga i Spania tok for alvor til i 1920- og 30-åra. Det første som kom var oljeraffineriet «Compraflet», som Standard Oil N.J.<sup>107</sup> kontrollerte. Den hendinga som fekk største politiske konsekvensane var likevel at det nyss påbyrja nasjonale automattelefon-nettet vart gjeve over til International Telegraph and Telephone Co. (ITT), som låg inn under Morgan-gruppa. Denne antinasjonale overføringa skjedde under styret til den trulause kong Alfonso 13., bestefar til Buksebjørnen<sup>108</sup>, og diktatoren general Primo de Riva.

Frå denne tida vart banda mellom den amerikanske imperialismen og dei reaksjonære kreftene i det spanske oligarkiet utvida og styrkte. Da Azana-regjeringa, som vart den siste under monarkiet, vart skipa i 1931, kom Morgan Bank regimet til hjelp med tilbod om ein kreditt på 60 mill. dollar.

Etter 14. april og proklameringa av 2. Republikken, heldt Morgan Bank fram med å legge komplott mot det spanske demokratiet. Da det republikanske regimet var to månader gamalt, sette Morgan i verk eit åtak mot pesetaen som nøydde regjeringa til å eksportere omlag 300 mill. gullpesetas til Frankrike, i ein freistnad på å forsvare den spanske valutaen på dei internasjonale marknadene.

I 1932 freista den republikanske regjeringa å skjere ned på dei privilegia ITT hadde i telesektoren. Men etter som dei republikanske leiárane var kraftlause, var det nok at den amerikanske regjeringa truga med å bryte det diplomatiske sambandet for at dei imperialistiske interessene og privilegia til ITT vart verande intakte.

Men eitt av dei verkeleg store brotsverka USA-imperialismen har gjort i soga si, er utan tvil den stønaden og hjelpa som han alt frå første stund gav til dei fascistiske bandane som hadde gjort oppreist mot republikken.

Det amerikanske oljeselskapet Texaco (eit Standard Oil-selskap) hadde i 1935 skrive kontrakt om å levere olje til CAMPSA.<sup>109</sup> I samsvar med kontrakten mellom selskapet og den spanske regjeringa var det i juli 1936 fem Texaco-tankarar på veg mot Spania. Amerikanaren T.Rieber<sup>110</sup>, so da var direktør for Texaco, reiste til Burgos så snart han hadde fått høyre om oppreisten, og stilte oljen sin til rådvelde for dei fascistiske oppreist-generalane. Han telegraferte straks til dei fem Texaco-tankarane at dei skulle legge om kursen og gå med olja til ei hamn dei fascistiske opprørarane kontrollerte.

Slik løyste Texaco eitt av dei mest urovekkande tilførsleproblema opprørarane hadde. Herbert Feis har lagt fram tal for kor mye olje Texaco leverte til Franco på kreditt frå juli 1936 til krigen slutta:

1936.....	344 000 tonn
1937.....	420 000 tonn
1938.....	478 000 tonn
1939.....	624 000 tonn

Ved slutten av krigen hadde Texaco levert Franco olje på kreditt for over 6 millioner dollar. Leveringane kom frå raffineriet Port Arthur i Texas, og vart stundom kamuflert som sendingar til Frankrike eller andre land. Som takk for god hjelp vart Franco-venen Rieber like etter dekorert av diktaturet med Storkorset til Isabella den Katolske.

Då oppreisten braut laus, la regjeringa i USA opp ein

dobbelt-politikk. På den eine sida proklamerte ho at ho «avsto frå all innblanding» og at ho ville halde seg «nøytral». På den andre sida vart det snøgt klart at dette berre var ein røykskjerm, og at USA i ly av han kunne stø dei fascistiske opprørarane og gå til åtak på republikken og demokratiet.

Då selskapet Glenn L. Martin i august 1936 konsulterte det amerikanske utanriksdepartementet om firmaet skulle oppfylle ein gammal kontrakt det hadde gjort med den spanske regjeringa om å levere 8 fly, svara regjeringa at det ikkje var i samsvar med innhaldet i politikken deira å selje desse flya. Men regjeringa i USA nøydde seg ikkje berre med denne måten for å presse og kvela handelen med ei lovleg innsett regjering som var godkjend i heile verda, slik tilfellet var med den spanske republikk-regjeringa. Den 8. januar 1937 fekk president Roosevelt og sekretæren hans, Hull, vedteken den såkalla «Embargolova» som sette forbod mot skiping av alle slag våpenleveringar eller anna strategisk materiell til Spania. Franco sin kommentar då han fekk høyre om lova var: «President Roosevelt har oppført seg som ein verkeleg gentleman.»

Embargolova,<sup>111</sup> som hindra leveransar til det republikanske Spania, hindra ikkje at TEXACO leverte Franco dei oljemengdene vi har nemnt. Heller ikkje var lova til hinder for at selskapa Studebaker, Ford og General Motors leverte Franco-hæren meir enn 12.000 lastebilar og andre køyrety, også desse på kredit. Denne lova sette heller ikkje noko forbod mot at representanten for Standard Oil, Mr. Middleton — det var han som organiserte olje-leveringane mellom anna — heldt seg i Burgos saman med Franco-regjeringa under størstedelen av krigen.

Den amerikanske regjeringa la også press på andre land for at heller ikkje dei skulle selje våpen til det republikanske Spania. Ei hending som vart vidkjent var da eit mexikansk selskap i desember 1936 kjøpte nokre sivile fly i USA med tanke på å selje dei vidare til den spanske regjeringa straks. For å hindre dette salet gjekk USA-regjeringa ikkje av vegen

for å stelle i stand ein diplomatisk skandale, og var frekk nok til å leggje press på presidenten i Mexico.

I røynda var den amerikanske politikken, med «nøytralitets»-merkelappen og det heile, ein variant og eit vedheng til «ikkje-intervensjons»-politikken. Om dette har den amerikanske ambassadøren i Spania, Bowers, skrive:

«Ikkje-intervensjonskomiteen og embargoen vår utgjorde eit kraftig tilskot til at Aksemaktene sigra over det spanske demokratiet.»

Og endå peiker Bowers ikkje på at når flya til Hitler kunne øydeleggje Guernica, var det av di TEXACO leverte det drivstoffet som trongst.

Franco-historikaren Manuel Aznar fortel om nokre småhendingar:

«(TEXACO)... som klårt skjøna meiningsa i den spanske rørsla, baud fram tenestene sine for Burgos, selde Teknisk Komite alle produkt som trongst og stilte heile flåten sin til disposisjon for oppstanden. Då selskapet vart spurd om betalinga, svara det i eit glatt telegram ein oktoberdag i 1936... «ha ikkje sut for betalinga»... Faktum er at militærleiinga dermed hadde fått ei løysing på det svært vanskelege drivstoff-problemet, og luftstyrkane kunne bruke over 100 millionar liter utan at leveringane nokon gong vart brotne.»

Og USA, som greip inn overfor andre regjeringar for å hindre at dei selde våpen og strategiske forsyningar til det republikanske Spania, fann det «heilt lovleg» å selje dei bombene til Italia og Tyskland som flygarane deira straks etter kunne kaste ut over dei spanske byane. Då det vart ført prov for at dei italienske flya som bomba Barcelona hadde nytta amerikansk-produkserte bomber, var den same president Roosevelt ikkje sein med å leve denne kyniske forklaringa på saka:

«Vi har lese at amerikansk-produserte bomber er blitt kasta ut over Barcelona av Franco sine fly. Det er mogleg... Dei må vere blitt selde til den tyske regjeringa, noko som *er heilt lovleg*, eller til tyske firma, *noko som også er heilt lovleg*, og sende til Tyskland og eksportert til Franco.»

(Pressekonferanse 21. april 1938)

I tilknyting til all denne materielle og diplomatiske hjelpa sette visse krinsar i det amerikanske monopolborgarskapet i verk ein vill propagandakampanje mot det republikanske Spania. Serleg pressemagnatane H.R.Luce,<sup>112</sup> Hearst o.a. var aktive, og det same galdt ein del av det katolske hierarkiet. Ein framståande rolle i dette skitne arbeidet spela kardinal Spellman,<sup>113</sup> som rosa Franco og kalla han ein «ærleg, seriøs og intelligent mann.» Med hjelp frå den fascistiske presten Coughlin velsigna han skipinga av eit propagandakontor for Franco i New York, «Den amerikanske foreninga for det nasjonalistiske Spania.» Spellman og slenget hans framstilte Franco som ein «krossfarar» som sloss mot denne verdas vonde makter, «ateismen» og «komunismen». Etter 2. verdskrigen vart desse mennene teologar for den kalde krigen.

Utanriksdepartementet og det amerikanske diplomatkorpset i Europa (serleg London-ambassadøren J. Kennedy<sup>114</sup> og Paris-ambassadøren W. Bullit<sup>115</sup>) spela ei framståande rolle i den hyklerske «ikkje-intervensjons»-politikken, som i røynda berre var det vanarta avkomet etter USA-imperialismen og den engelske og franske regjeringa.

Når vi fordømer den forbrytar-rolla som den amerikanske imperialismen spela på Franco si side i krigen, der han berrla seg heilt som fiende av folket vårt, skal vi heller ikkje gløyme at folket si sak hadde mange gode vener i USA. Dei amerikanske «Friviljuge for fridomen» var folk som kom frå dei mest framskridne laga i det amerikanske folket og drog til Spania for å slåst mot fascismen saman med det spanske folket. Nokre av dei lét oppofrande liv og hjarteblod på spansk jord.

Etter at den 2. verdskrig var slutt, byrja den amerikanske økonomiske innmarsjen i Franco-Spania å vekse til eit enormt omfang. Denne økonomiske innmarsjen vart «legalisert» og gjorde eit kvalitativt sprang framover med dei skammelege avtalane mellom USA og Franco i 1953.

I våre dagar herskar den amerikanske imperialismen over landet vårt på alle omkverve: politisk, militært, økonomisk, kulturelt, osb., i nær allianse med det kongeleg-fascistiske landssvikar-regimet. Det er difor partiet vårt — i rak motsetning til revisjonistklikken som heilt har lagt til side kampen mot USA og til og med størt den økonomiske inntren ginga og godtek militærbasane — har lyfta den anti-amerikanske fana og no går i brodden for den anti-imperialistiske kampen til folket vårt.

*Bildet under og øverst på neste side:*

*«Det spanske folket svara djervt med å gripe til våpen og setje sin eigen, revolusjonære vald opp mot det væpna valdet til reaksjonen».*





«Folket på landsbygda hadde omfattende kamptradisjonar.»





*...«Krigen kan berre ende om  
folket sigrar.»*





s. 100... «Berre det kjempande folket kan gje maktorgana eit revolusjonært innhald.»





s. 101...«Politikken med motstand heilt til slutten, den politikken som José Diaz og konsekvente anti-fascistar som Alvarez del Vayo så ofte slo fast, var rett og kunne ha ført oss fram til siger.»





s. 102... «I staden for vedtaket om å ta våpna og gå over grensa til Frankrike, eit vedtak som var utan revolusjonære perspektiv og utan tru på



*folket... ville utvikling av geriljakrigen ført til at vi kunne gjort motstand og til slutt hadde vi vunne krigen og gjennomført revolusjonen.»*

# Problemet med koloniane: «Eit folk som undertrykker eit anna folk kan ikkje vere fritt.»

Då Bourbon-monarkiet<sup>116</sup> kom på trona att i 1874, ønskte det å vinne over den djupe krisa som var skapt av forfallet i imperiet på slutten av 1800-talet. Måten var å setje det uforholdsmessig store korpset av militære kommandantar og offiserar som var kalla heim frå dei siste av koloniane i det gamle imperiet i arbeid gjennom nye koloni-eventyr. Motseilingane mellom dei to store koloniimperialistane, England og Frankrike, ga spelerom for at Bourbon-monarkiet kunne setje i verk eit eventyr i Afrika i byrjinga av dette hundreåret.

Afrika-kampanjen vart ei årelating av menn og pengar, men han ga kommandantane og offiserane i den hæren monarkiet heldt i Marrokko høve til forfremjingar og medaljar og til å gjere seg rike med å ta sin del av krigsbytet frå koloniane.

I kolonieeventyret i Afrika vart titusenvis av unge spanjolar ofra for ei sak som heile folket avskydde og som berre tente interessene til ei gruppe kolonialistar som var nært knytte til kongehuset og Alfonso 13. Krigane tente også ambisjonane til generalane, kommandantane og offiserane i kolonihæren, dei såkalla «afrikanistane».

Denne klasa av militære afrikanistar, var dei mest reaksjonære og mest kongetrugne generalane, kommandantane og offiserane i hæren. Dei var «Hans Majestets hoffmenn», øvstkommanderande og offiserar i den marokkanske leigehæren og i Framandlegionen<sup>117</sup>. Dei var yndlingane til den trulause kongen, og vann gullsnorene sine ved å myrde det marokkanske folket. Det var Franco, Millán Astray,

Sanjurjo, Mola, Goded, Yagüe, Fanjul, Valera, Aranda, Alonso Vega, García Valino, Muñoz Grandes, Esteban Infantes og andre.

Denne militærklanen som hadde gjort røvarkrigen til livsgrunnlaget og levebrødet sitt, utgjorde då — og var alltid sidan — den væpna armen til den svartaste reaksjonen og til fascismen.

For å slå ned gruverevolusjonen i Asturias i oktober 1934 peika dei reaksjonære gruppene ut afrikanist-generalane. Serleg fekk ein av desse sterke mennene, Francisco Franco — ein mordar som gjorde seg nytte både av einingar frå Legionen og regulære troppar — blankofullmakt til å gjere kva råskap og udåder han ville mot spanske arbeidarar.

Dei republikanske leiarane greidde ikkje å reinske dei afrikanistiske og monarkistiske sjefane og offiserane ut av hæren, og heller ikkje å revidere kolonipolitikken til kongedømet. Men oligarki-reaksjonen på si side forsto å nytte dei våpna han kontrollerte. Det galdt ikkje berre for å verne sine eigne interesser i koloniane, men òg å undertrykke det spanske folket og for å gå i brodden for den fascistiske oppreisten når tida var inne.

Etter oktober 1934 vart generalane Fanjul, Franco, Goded, Mola og kommandantar som Aranda, Varela Yagüe, Moscardó og andre afrikanistar plasserte i nøkkelposisjonar i hæren av Gil Robles.

Den republikanske perioden som byrja i 1931 tydde ingen fordelar eller framgangar for folka i koloniane (protektoratet Marokko, Sahara og Ekvatorial-Guinea). Dei republikanske regjeringane, både dei republikansk-sosialistiske og dei under dei to svarte åra, heldt fram med same kolonipolitikken som kongedømet. Det vart til og med sett i verk nye militære operasjoner, som okkupasjonen av Ifni og ein del av Sahara i 1934. Alle krav som vart lagde fram for dei republikanske styresmaktene og som tok sikte på å betre tilhøva for kolonifolka, vart blankt avviste, om det så var dei mest moderate nasjonalist-leiarane som la dei fram. Ingen av dei fridomane som det spanske folket vann den 14. april 1931 galdt lenger sør enn til Tarifa.

Historisk sett er det ikkje så vanskeleg å skjøne at dei republikanske regjeringane og dei sosialdemokratiske leiarane ikkje gjorde noko for å løyse koloniproblemet, men i staden nyttar regjeringstaburettane til å handle som verkelege kolonialistar. Like fullt var dette at Folkefronten ikkje gjorde noko med saka, eit grovt politisk mistak av svært stor rekkevidde. Då fronten vel var skipa, heldt alle dei gruppene som var med i han fram med å «gløyme» at 17. km. sør for Iberiahalvøya, i Nord-Marokko, heldt Spania under sitt herredøme eit koloniområde på 20.000 km<sup>2</sup> og med ein folkesetnad på over 1 million menneske. Og dei «gløymde» at dette området var eit retteleg reir for militær-afrikanistane, det marokkanske folket sine bødlar. Området var dessutan operasjonsbasen for den spanske Framandlegionen og andre kolonitroppar, som vart den viktigaste militære hjelpa for den fascistiske oppreisten som var under førebuing. Folkefronten som vart skipa for å blokere vegen for fascismen, ga han dette operasjonsområdet til å leggje dei komplotta som skulle syne seg å bli avgjerande.

Dei noverande revisjonistleiarane ønskjer ikkje å tale så mykje om dette, og når dei ein sjeldan gong nemner det, dekker dei seg attom at dei andre som var med i Folkefronten hadde så lita forståing for problemet. Men sanninga er at kommunistpartiet korkje pressa på for å få koloni-spørsmålet med i programmet til Folkefronten eller førté nokon sjølvstendig, energisk politisk kampanje om dette. Og dette var trass i at oppdelinga av Marokko hadde møtt svært hard, væpna motstand frå det marokkanske folket som endå slåst for sjølvstendet sitt.

Følgjene av denne sosial-kolonialistiske politikken som vende ryggen til dei nasjonale krava frå det marokkanske folket, var at folket i Marokko straks vart ein reserve for den fascistiske oppreisten. For dei marokkanske massane var Folkefrontregjeringane like kolonialistiske som dei fascistiske offiserane som gjorde opprør. Difor kunne dei fascistiske offiserane for augo på eit totalt passivt

marokkansk folk ta makta over heile protektoratet på mindre enn 24 timer og utan å møte nokon motstand.

Slik gjekk det til at medan det spanske folket slo ned oppristen i Madrid og Barcelona og gjorde at han leid nederlag nestan overalt i landet, så vart hamnene og flyplassane, elite-einingane og krigsmateriellet i Protektoratet verande på opprørane sine hender.

Vi veit at ein delegasjon marokkanske nasjonalistar var i Spania i august 1936, der dei møtte leiarane for Folkefronten og i det minste ein av leiarane frå PSUC, Rafael Vidiella. Den marokkanske delegasjonen kravde at det republikanske Spania skulle proklamere sjølvstende for det marokkanske protektoratet og at det skulle levere våpen til dei nasjonalistiske styrkane som, dersom dei fekk våpen, gjerne ville slåst mot Francohæren i sjølve den militære basen han starta: Marokko.

Det var klårt at om den spanske regjeringa proklamerte sjølvstende for Marokko under dei tilhøva som rådde, ville ho setje seg opp mot fransk kolonialisme. Ho ville tørne saman med den sosialdemokratiske regjeringa til Leon Blum, som ho såg som ein alliert. Det var noko som ingen av dei sosialdemokratiske spanske leiarane eller dei republikanske politikarane ville gjere godvillig. Men kommunistpartiet hadde alt då både tilrekkeleg styrke og innverknad over massane, to ministrar i Folkefrontregjeringa og andre kraftige løftestenger. På dette grunnlaget kunne dei i namnet til den sams saka — å vinne krigen og krosse fascismen — ha kravd sjølvstende for Marokko og avståing av koloniane.

Folkefronten, og Kommunistpartiet som kunne ta sine eigne avgjerder, vende ryggen til dei rettvise marokkanske krava. Med det la dei vegen open for fascist-opprørarane. Ser vi bort frå dei regulære leigesoldateiningane, hadde fascistane til då berre lukkast rekruttere eit lite fåtal unge marokkanarar. Republikken, Folkefronten og arbeidarklassen fekk snøgt betale for denne politikken. Få månader etter, i 1937, hadde fascistane ein hær på over 150.000 marokkanske soldatar under kommando på spansk jord.

Både partiet vårt og allment alle dei revolusjonære krefte som er samordna i FRAP, har lært den leksa historia har gjeve. Dei går no i spissen for å avsløre og slåst mot den spanske kolonialismen, og dei arbeider i solidaritetsrørsla med POLISARIO<sup>118</sup>-fronten og andre krefter i Vest-Sahara som slåst for fridomen og sjølvstendet sitt. I punkt 5 i programmet som vart vedteke på det første landsmøtet, heiter det:

Restane av kolonimakta skal avskaffast. Dei spanske troppane og det koloniale administrasjonsapparatet som diktaturet helt oppe i dei afrikanske område det okkuperer i dag, skal evakuerast. Dei folka det gjeld skal få desse områda att.»

Punkt 5 i programmet til FRAP krev *likvidasjon av alle restar av spansk kolonialisme.*

# Nokre konklusjonar som melder seg.

Av alt det som er sagt kan ein trekke mange lærdomar og konklusjonar. Mellom dei vil vi særleg understreke desse:

1 Utan at proletariatet gjennom partiet sitt har førarskapen i ein revolusjonær einskapsfront, kan korkje einskapen i fronten haldast oppe eller folket førast fram til siger.

2 Ein må ikkje binde seg til dei maktformene som alt er skipa, men vere fleksibel og dra full nytte av dei formene som folket utviklar under kampen, så sant dei er rette. Slik vil det bli skapt nye kanalar for folkemakta.

3 Politikken med å gje innrømmingar i prinsipsaker (konsesjonar på underordna saker kan ein gje), med vakling, og med «ikkje å skremme» fører berre til at einskapsfronten bryt saman og går mot nederlag. Partiet, og ikkje småborgarskapet, må stå i brodden.

4 Einstak i arbeidarklassen og alliansen arbeidararbønder kan ein ikkje få i stand ved å *gå saman med leiingane i dei småborgarlege arbeidarpartia*. Denne einskapen må ein vinne fram til på grunnplanet, ved å slåst om sjelene, og gjennom føredøme. Einstak i partiet til arbeidarklassen kan ein berre opprette på grunnlag av semje om prinsipp, og mellom verkelege marxist-leninistar, ikkje med sosialreformistar. Den som ikkje skjørnar dette, gjev seg opportunismen i vald.

5 Alliansepolitikken må vere klår: Einstak og kritikk, sameine seg med dei framskridne, trekke til seg sentrum og isolere dei gjenstridige høgreetmenta. Grunnlaget for all alliansepolitikk er den proletariske

einskapen og alliansen *arbeidarar-bønder*. Utan dette grunnlaget kan ingen einskapsfront halde seg på eit revolusjonært grunnlag.

6 Partiet må ikkje freiste gjere alt gjennom einskapsfronten, og det må halde på sitt eige og dei andre kreftene sitt sjølvstende innafør fronten. Partiet må for eiga rekning setje i verk dei tiltak som er naudsynte, om så er utan å rekne med dei allierte, så sant desse tiltaka ikkje går mot generallina for einskapsfronten.

7 Utan ein folkehær som i all hovudsak er leia av kommunistpartiet kan ein ikkje ein gong drøyme om å vinne siger i ein revolusjonær folkekrig. Denne hæren må vere politisk («Partiet rår over geværet, og vi må aldri godta ein tilstand der geværet rår over partiet;» Mao Tsetung). Hæren må først og fremst vere bygd opp av frivillige, og han må kunne stø seg på ei brei geriljarørsle. Berre ein slik hær kan nytte den strategien som høver til den karakteren og typen krig det her gjeld.

8 Ein må utan miskunn slå ned og knuse tendensane til kapitulasjon og svik i små- og mellomborgarskapet, for det er ein pest som kan få alt til å rotne.

9 Ein må bu folket på at det må føre ein langvarig krig, og ikkje gje opp same kva som hender. Gjer ein ikkje dette — slik det var her hos oss — tyner ein ut massane, for dei vonar alltid på ein snøgg slutt på krigen. Såleis vil ein undergrave moralen mellom massane.

10 Partiet må gjere førebuingar for å halde fram med krigen under jorda — heller ikkje dette gjorde kommunistpartiet vårt. Partiet må alltid vere førebudd på å halde fram med krigen under kva tilhøve det skal vere, også dei vanskelegaste.

Saman med andre anti-fascistar øydde tusenvis av kommunistiske hjarteblodet sitt på spansk jord. Vi kan ikkje gjere ein marxist-leninistisk analyse av krigsinnslatsen til Partiet utan å dra fram i første rekkje det heltemotet Par-

tiet synte. Vi må vidare understreke at partiet hadde ei rett generallinje: Motstand og kamp. Alle vurderingar av krigen vår må ta denne sanninga med som grunnlag for analysen. Men samstundes må vi vedgå og analysere lyte og mistak. For at ikkje mistak som vart gjort under den nasjonalrevolusjonære krigen vår mot fascismen skal bli tekne opp att, er det naudsynt at det nye Spanias Kommunistparti (marxist-leninistisk) blir smidd ihop med teori og praksis; nytta kritikk og sjølvkritikk; stendig aukar det teoretiske og ideologiske nivået sitt; er samansveisa og sterkt i organisasjonen, og at det knyter seg uløyseleg til folkemassane. For det er dei som på ein og same gong er lærarane våre og elevane våre.

Difor har ei av dei første, store oppgåvene våre vore å studere og analysere årsakene til det nederlaget som det spanske folket leid for førti år sidan. Utan denne analysen kan vi ikkje førebu oss på dei kampane som snart kjem mot fascist-diktaturet og den amerikanske imperialismen.

# Om det svarte toåret.

I november 1933 var det val til Cortes, nasjonalforsamlinga. Like før hadde det vorte vedteke ei ny vallov. I den hadde det, etter press frå borgarskapet, kome inn ei rekke mekanismar som gjorde vald på og deformerte prinsippet om direkte val. Samstundes var venstrekreftene, og særleg arbeidarklassa kløyvd slik at dei spreidde røystene sine. Til saman gjorde dette at høgresida, som stod samla, vann valet. Tala stadfester dette. Det sameinte høgre fekk omlag 3.255.000 røyster og 217 mandat, medan venstresida, som spreidde kreftene sine, berre fekk 99 mandat med 3.550.000 røyster. Slik byrja det som har vorte kalla «Det svarte toåret», da reaksjonen freista ta makta utan borgarkrig. Denne aksjonen byrja med valet, og med at den gamle demagoggen Alejandro Lerroux skipa regjering. Deretter gjekk dei i gang med å freiste innføre eit fascistliknande diktatur med «lovlege» middel. Neste steget var å skipe ei sentrums-høgreregjering i 1934. Arbeidarklassa reagerte spontant på dette. Det vart generalstreik over heile Spania, og dei heltemodige gruvearbeidarane i Asturias sette i verk ein revolusjonær oppreist. I 15 dagar stod dei imot åtaka frå kolonitroppane under Francos kommando, før dei vart knuste i eld og blod. Etter dette følgde ei tid med rå undertrykking og skjerpa fascistisk diktatur, med tusenvis av politiske arrestasjonar og mord, oppløysing av fagforeiningar og parti osb. Med dette var grunnlaget lagt for at høgreleiaren José María Gil Robles vart sett inn som forsvarsminister. Dette var sluttsteinen i arbeidet med å innføre fascismen i Spania med «konstitusjonelle» middel. Men så kløyvde høgrekreftene seg mellom dei som ville inn-

føre fascismen på dette viset, og dei som alt da gjekk inn for at dei skulle ta makta med vald. Desse meiningsskilnadene førte til ei krise som munna ut i ei ny sentrum-høgreregjering. Ho løyste opp nasjonalforsamlinga i januar 1936 og skreiv ut nyval. Etter initiativ frå Kommunistpartiet gjekk venstrekriftene saman i Folkefronten framfor dette valet, og 16. februar 1936 vann Fronten reint fleirtal i Cortes med 257 mandat, mot 57 for Sentrum og 139 for Høgre. Slik tok «Det svarte toåret» ende. Etter dette nederlaget valde høgrekriftene å innføre fascismen med væpna vald, og tok til å førebu den oppreisten dei sette i verk nokre månader seinare.

# Om femte regimentet.

Femte Regimentet vart til i september 1936, som eit steg på vegen til å skipe Folkehæren. Det var bydande naudsynt å få i stand ein slik hær for å rå bot med den politiske og militære sprikinga og oppkløyvinga som rådde i militsane. Desse leid stendige nederlag. Kommunistpartiet analyserte på rett vis røynslene frå andre revolusjonære krigar og stilte skiping av ein Folkehær som fremste oppgåva si. Som ei byrjing skapte dei Femte Regimentet, for å la det tene som kjerne og føredøme. Femte regimentet fylte denne rolla fullt og heilt, ikkje berre på slagfeltet, der det var eit avgjerande ledd i forsvaret av Madrid, men også organisatorisk, med di det lyktest i å bli delvis sjølvforsynt, og produserte visse typar lette våpen og ammunisjon sjølv. Den stendige utviklinga og styrkinga av regimentet når det galdt disiplin og kampevne, så vel som opplæring av militære kadrar, førte til at det vart den udiskutable forløparen for Folkehæren. Regimentet skapte dei politiske og militære vilkåra for at han vart skipa. Femte Regimentet var i røynda Folkehæren før han var komen til. Rundt regimentet, og på grunnlag av lærdomar og røynsler frå det, vart så den Regulære Folkehæren til den Spanske Republikken bygd opp. Femte Regimentet var eitt av dei beste tiltaka Kommunistpartiet sette i gang under kampen mot fascismen, og det var eit prov på at partiet hadde revolusjonær innsikt og kjensle. Då den republikanske regjeringa vedtok å skipe Folkehæren, løyste Femte Regimentet opp seg sjølv og vart ein del — i røynda kjernen — i hæren.

# Om dei revolusjonære åtgjerdene som vart tekne under krigen vår.

Dei viktigaste revolusjonære åtgjerdene som vart sette i verk under den nasjonal-revolusjonære krigen, og som Komunistpartiet var føregangspartiet for, var desse:

1. *Skipinga av Folkehæren*. Dette var heilt naudsynt for å kunne halde fram krigen. Militsane var spreidde, både militært og politisk, og var ikkje istand til å møte den mektige fienden. Dette førte til stendige militære nederlag, og drog med seg at vi var i ferd med å tape krigen snøgt. Desse tilstandane tok slutt som følgje av at Komunistpartiet på eiga hand skipa Femte Regimentet. Det skapte føredømet for, og vart kjernen i Folkehæren. Desse hendingane var ei av hovudårsakene til at det spanske folket i tre år klarte å stå djervt mot dei opne åtaka frå fascismen og den løynde hjelpa han fekk frå verdsimperialismen.

2. *Jordreforma*. Denne reforma vart sett i verk medan Komunistpartiet sat i leiinga for Landsbruksdepartementet. I den republikanske landsluten gjorde dekretet ende på storgodseigarane som klasse. 46.896 storgods vart kverrslette utan motyting. Dette svara til 4.086.386 mål jord (då reknar vi ikkje med Katalonia og Euzkadi) som vart gjeve til bøndene. Trass i krigen investerte regjeringa meir enn 200 mill. pesetas for å hjelpe bøndene med gjødsel og jordbruksutstyr av ymse slag. Samstundes hjelpte ein til med kollektivisering av jorda der bøndene ynskte det. Desse kollektivbruka fekk omfattande hjelp med kredittar, utstyr, gjødsel og såkorn.

3. *Faktisk nasjonalisering av industrien*. Den 23.februar 1937 vart det send ut eit dekret som ga regjeringa fullmakt til å gripe inn i og kverrsetje industriverksemder. Føremålet

var å sentralisere industrien og setje han i krigen si teneste. Samstundes ville ein gjere ende på det industrielle kaoset som rådde på grunn av ukontrollerte kverrsetjingar og det arbeidar-sjølvstyret som anarkistane hadde sett i verk i mange industrigreiner. Men dette dekretet stetta i røynda ikkje dei krava krigen stilte. Det var først og fremst eit kompromiss med dei krinsane som ikkje ville nasjonalisere, jamvel om det ga legale ramer for at regjeringa kunne ta meir vidtrekkande åtgjerder. Ei faktisk nasjonalisering av industrien vart på den eine eller andre måten — kontrollert eller ukontrollert — i alle høve gjennomført i heile den republikanske landsluten.

*4. Folkeopplysing.* Etter initiativ frå Kommunistpartiet vart kulturen ført ut til dei breie folkemassane. 147 mill. pesetas vart sete av til undervisning, og det vart ført ein omfattande kamp mot analfabetismen, også i skyttargravene. Det vart skipa kultur-militsar som hadde 2000 skolar for meir enn 200.000 soldatar. Frå og med oktober 1936 vart det opna omlag 10.000 skolar, ogein oppretta Arbeidar institutta for å gje alle høve til utdanning, ubunde av kva økonomiske vilkår dei levde under. Arbeidarsøner kunne gå på desse institutta medan dei var mellom 15 og 35 år gamle. Kunst og litteratur vart og ført ut til breie massar. Det vart gjeve teaterframSYNINGAR for folket og store mengder litteratur kom ut.

*5. Helsestellet.* Krigen gjorde det naudsynt å leggje stor vekt på militærersjukehusa og evakueringstenesta for såra. Samstundes sette regjeringa i verk stendige vaksinasjonskampanjar. Dette hindra mange epidemiar, til skilnad frå det som hende i den fascist-styrde landsluten, der epidemiar ofte rasa, særleg mellom soldatane. Med omsyn til det sivile helsestellet vart det lagt stor vekt på helsetiltak for borna. Over heile den republikanske landsluten vart det oppretta sjukestover for born og mødrehygienestasjonar. Staten garanterte maten for borna opp til 2 års alder. Sjukehusa

skulle vere opne for alle, og for første gong i Spania vart dei såkalla «betalte plassane» tekne bort, det vil seie at ein kunne kjøpe seg betre service på sjukehusa mot å betale ekstra for det. Alle sjukehusa og helsecentra vart no kontrollerte av Helsesekretariatet.

# Om det anarko-trotskistiske kuppet i Barcelona

Frå midten av april 1937 kvesste motseiingane seg til i Katalonia. På den eine sida stod dei anarkistiske og trotskistiske gruppene som var imot å ta del i den anti-fascistiske Folkefront-regjeringa. På den andre sida stod dei verkeleg revolusjonære kreftene som skjøna at utan ein jernhard, folkeleg einskap rundt Folkefrontregjeringa — der alle anti-fascistar som ønskte det var med — var det umogleg å halde fram med krigen og gjere motstand mot ein mektig fiende som den ein hadde møtt. 3.mai drog ein representant for den sjølvstendige regjeringa i Katalonia, Generalitetet, til telefonsentralen i Barcelona, som på den tida var kontrollert av anarkistane. Føremålet hans var å vitje avgiftsavdelinga. Han vart møtt med geværeld frå CNT-militsen (CNT var den anarkistiske fagorganisasjonen). Dette var startsignalet for det anarko-trotskistiske kuppet som lenge hadde vore førebudd og som berre venta på ein provokasjon som denne for å bli sett ut i livet. Kampane rasa i gatene i Barcelona, endå det også fanst anarkistgrupper som ikkje ønskte å vere med på kuppet. Stridane vara til 7.mai. Dei revolusjonære sektorane av folket, med PSUC i brodden, ytte fast motstand mot kuppet. Då anarkistiske og trotskistiske einingar tok til å bryte opp frå fronten og marsjere mot Barcelona, vedtok sentralregjeringa i Valencia å sende troppar til Barcelona. Dei kontra-revolusjonære elementa byrja da å dra seg attende, og dei ga opp kampen og godtok ein avtale for å gjere slutt på blodsutgytinga. Ei følgje av hendinga var at regjeringa Largo Caballero fall. Ho hadde vakla mykje med å slå ned kuppfreistnaden og sto for eit urett syn på korleis krigen

skulle førast vidare. Seinare vart dei trotskistiske førarane avslørte som svikarar og kontrarevolusjonære. I rettargongane mot leiarane vart det prova at dei, saman med Franco-agentar, hadde organisert dette kuppet for å gjere ende på folkemotstanden mot fascismen ved å kløyve proletariatet. Dette er ikkje berre blitt prova i desse rettsakene, men også av tyske løynde-dokument. Det gjeld dokument som vart sende til den tyske regjeringa og der den tyske ambassadøren i Salamanca på den tida, Fautel, fortel at Franco sjølv hadde informert han om at «gatekampane (i Barcelona) hadde vorte starta av agentane hans.»

Dei anarkistiske bandehøvdingane gjorde på si side store valdsverk under krigen. Attom den republikanske fronten skapte kolonnane «Maroto» og «Hierro» ålmennt folkeleg misnøye med framferda si. «Aragón-rådet» (eit anarkistisk tiltak) var nær ved å få i stand ein bondeoppreist da dei med makt «kollektiviserte» jorda til bøndene. Dei nytta til og med fysisk vald for å setje dette i verk og godtok ikkje at dagarbeidarane og fattigbøndene sjølve skulle avgjere korleis jordbruksarbeidet skulle leggjast opp. «Eksperimenta» deira med «frigjorte område» vart ein skammeleg fiasko som skapte stor misnøye. Med dei metodane dei nytta ga dei fienden våpen for å baktale alle anti-fascistar. Ved fronten var det mange av dei som oppførte seg skammeleg. Sume deserterte frå stillingane sine under kampen (som i Málaga, t.d.). Sjølv anarkistleiaren Durutti, ein konsekvent anti-fascistisk stridsmann, måtte fleire gonger forsvare seg med pistol i hand mot anarkistar som rømdte frå kampsonen. Anarkisthovdingane fungerte som det beste springbrettet for Francos «Femte Kolonne» i Madrid. Dei samarbeidde med dei, som dei gjorde det med Casado i hans kupp, og sette i gong ei vill «jakt på kommunistane». I den kontrarevolusjonære kuppfreistnaden i Barcelona vakla dei ikkje ein augneblink med å slå seg i lag med trotskistane (i 1937). Den terrorismen og blinde valden som dei nytta mot små- og mellomborgerskapet — til og med fysisk utsletting — sette fleire gonger heile Folkefronten i fare.

Det skal likevel påpeikast at det fanst mange anarkistar som slåss djervt under krigen og som var føredøme på sjølvnyttelaus og heiderleg framferd, slik som Durruti sjølv. Mange av dei gjekk etter krigen inn i Kommunistpartiet.

# Om «sosialisten» Indalecio Prieto.

Indalecio Prieto y Tuero var ein sosialdemokratisk, reformistisk politikar. Hovuddraget hos han var ein ekstrem anti-kommunisme. Han vart fødd i Oviedo i Asturias i 1883. Familien hans levde i svært trонge kåر, og medan han var liten, flytte han til Bilbao saman med mora som var enkje. I Bilbao hadde han mange slags jobbar for å tene til livets brød. Han var svært intelligent og dynamisk. Millionæren Horacio Echevarría hjelpte Prieto fram til ei leiarstilling i Bilbao-avisa «El liberal de Bilbao», og deretter vart han vald som deputert til Cortes for sosialistane i 1918. I PSOE sto han alltid på ytterste; høgrereformistiske sida, og mest støtte fann han i mellomklassane. I avis «El Socialista» — som låg på hans line — forfekta han alltid den mest ettergjevande reformismen. Han vart minister i den første regjeringa i den 2. spanske republikken. Då den fascistiske oppreisten braut ut 18 juli 1936, tok han fleire opportunistiske standpunkt som gjekk ut på å presse fram sine eigne synspunkt. Som forsvarsminister i regjeringa Negrin freista han øydeleggje Folkehæren og gjere han til ein typisk borgarleg hær. For å klare dette avsette han alle politiske kommissærar som var kommunistar, og seinare avskaffa han mange av desse stillingane, mellom anna den som Sjefskommisær. Eit tiltak i same retninga var at han freista avpolitisere hæren og forbaid all politisk aktivitet i han. Av desse årsakene; av di han var gjennom pessimistisk og vanta totalt tiltru til folket si sak; og av di han synte seg ettergjevande andsynes Franco-fascistane, vart han drégen ut av regjeringa. Han heldt fram det antifolkelege og antikommunistiske arbeidet sitt utanfor regjeringa. Dette sær-

draget heldt han fast ved heilt til han døydde i Mexico. Med den sta antikommunismen sin var Indalecio Prieto ein av dei som hadde skulda for at ein ikkje lukkast nå fram til ein antifascistisk einskap, korkje under 2. verdskrigen eller seinare, etter at denne einskapen braut saman etter kuppet til oberst Casado i Madrid i 1939. Difor er han ein av dei som var skuld i nederlaget, det nederlaget som det spanske folket har måtta tolke i så mange blodige år, og han bar med det også skuld for at fascismen framleis har makta i Spania.

# Om Casado-oppreisten

Den kapitulasjonsoppreisten som Segismundo Casado, ein svikar og agent for den engelske imperialismen, stod bak, synte at småborgarskapet korkje var i stand til å leie krigen eller noko anna form for motstandskamp. Småborgarskapet var fylt av redsle og vakla kronisk i den vanskelege situasjonen som Spania var inne i. Den einaste løysinga som fanst, var å skipe ei regjering der arbeidarklassa og hennar parti hadde leiinga. Men småborgarskapet valde heller å overgje heile det spanske folket til den bestialske fascismen enn å gje makta til proletarane.

Vaklinga til dei småborgarlege elementa i regjeringa var saman med det opne sviket til andre, som den engelskbetalte agenten oberst Casado, årsak til at Franco vann ein snøgg siger og hindra at folket heldt fram motstandskampen, endå det fanst gode sjansar for at dette ville ha lykkast.

Oberst Segismundo Casado, ein av toppsjefane i Sentralhæren som forsvara Madrid, gjorde oppreist mot regjeringa i republikken dei første dagane av mars 1939. Påskotet var å få i stand ein «fred med ære». For å nå dette målet tok han i bruk dei simplayste svik og meinråder. Han let som han var lojal mot republikanar-regjeringa, men samstundes konspirerte han mot folket saman med den antikommunistiske bermen som fanst infiltrert i Folkefronten, slike som Wenceslao Carrillo, far til den noverande spanske revisjonistleieren; Julian Besteiro, ein gamal sosialreformist, og andre «sosialistar» og anarkistar av same toet. Straks han hadde skipa eit såkalla Forsvarsråd saman med dei nemnde og sett til sides den republikanske regjeringa, førebudde Casado seg på å overgje Madrid. Her fekk han

hjelp av svikar-generalar som Miaja og Menéndez. Samstundes sette han i verk eit åtak på dei troppane som var kommanderte av kommunistar mellom dei som forsvara Madrid. Desse styrkane måtte no slåst mot eit samla åtak frå Franco og Casado. Det var t.d. tilfellet for dei avdelingane som heldt Casa de Campo-sektoren. For å slå attende åtaka frå Casado- og Franco-styrkane måtte dei trekke seg attende frå den siste medan dei slo ned åtaket frå dei første, og straks etter måtte dei setje i verk eit motåtak og vinne attende dei stillingane som Francostyrkane i mellomtida hadde okkupert. Casado fekk hjelp frå den anarkistiske divisjonen som Cipriano Mera kommanderte. Divisjonen braut opp frå Guadalajara-fronten og kom til Madrid. På vegen marsjerte han gjennom opent lende som låg under dekkje frå Franco-styrkane sin eld, utan at det vart losna eit skot mot dei. Dette ga svikaren og agenten for den engelske imperialismen Segismundo Casado høve til å konsolidere statskuppet sitt og gjere ende på motstanden mot det i sentral-Spania. For å få dette til, kom han med ein lovnad som han straks etter braut; at han skulle setje fri alle dei kommunistane han hadde fengsla og ikkje gå til represaliar mot dei som hadde ytt motstand. Kampane vara i fleire dagar. Då dei enda, overga Casado Madrid til Franco, etter at han hadde skote mange kommunistar og utlevert mange andre ved å la dei sitje att i fengsla då Francotroppane rykte inn. Dei fleiste av desse kommunistane vart også myrda. Casado rømde frå Madrid, og i Alicante gjekk han ombord i ein engelsk kryssar som venta på han der. Dette er endå eit prov på korleis han skamlaust hadde seld seg til British Foreign Office.

Casado sitt svik var ein operasjon verdsimperialismen sette i scene for å gje Hitler og Mussolini hendene frie til antikommunistiske og antisovjetiske åtak. Det var eit resultat av München-avtalane. Den militære situasjonen var nok vanskeleg, men han var ikkje desperat. For enno hadde vår side kontrollen over eit nokså stort område som femnde over meir enn fjerdededelen av Spania, og hæren var på over ein million vel utrusta soldatar.

# Om konsentrasjonsleirane.

Etter nederlaget i Katalonia kryssa hundretusenvis av flyktningar grensa til Frankrike. Dei flydde framfor den fascistiske framrykkinga, for dei visste at dei i dei fleiste høve kom til å bli drepne om dei fall i hendene på Franco-troppane. Det er rekna ut at fram til 9.februar 1939, då Franco-hæren nådde fram til den franske grensa, hadde 453.000 rømt inn i Frankrike. Mellom dei var 270.000 militære, 170.000 sivile og 13.000 sjuke og såra. Meir enn 68.000 av dei sivile var born, over 63.000 var kvinner og over 10.000 gamle.

Da dei kryssa grensa vart dei militære avvæpna, og alle — sivile og militære — vart etter lange fotmarsjar ført til konsentrasjonslæger. Gendarmar og senegalesiske kolonitroppar utsette dei for all slag därleg handsaming og plåger. I nokre tilfelle måtte dei marsjere 100 km på ein dag. Dette tappa flyktningane heilt for krefter. Mange av dei hadde flydd heilt frå Barcelona, nokre medan dei sloss, og andre til fots og med lite mat. Mange av dei døydde på dei franske vegane.

Dei største konsentrasjonslægrene var stredene Argelés-sur-Mer og Saint-Cyprien, omgjerda av taggete piggtråd og vakta av kolonitroppar. I desse lægrene var det til tider 150 000 flyktningar. Det fanst nokre mindre læger, som Vallespir i Aust-Pyreneane, Amelieles-Bains, Arles-sür-Tech og Prats-de-Mollo, med omlag 40.000 flyktningar i kvar. I Le Boulou var det også ein leir for kvinner og born. Den første tida hadde desse leirane ikkje noko slag installasjonar. Dei var rett og slett ei strand eller eit flatt jordstykke med piggtråd rundt. Det var midt på vinteren, men

det fanst ikkje noko livd, ikkje sanitærinstallasjonar, ikkje vatn. Leiren i Argelés hadde t.d. aldri meir enn 18 lækjarar på 75.000 personar. I mars vart alle flyktningane konentrerte i tre leirar: Argelés-sur-Mer, Saint-Cyprien og Barcares. Denne siste hadde visse minimale installasjonar og vart nytta til å syne fram. Hit tok ein med politikarar og pressefolk. Men dei andre leirane vart heile tida haldne isolerte og ingen fekk lov til å vitje dei, slik at det infernoet av eit liv som vart ført der ikkje skulle bli kjend. Det var elendige vilkår. Som følgje av dårlig hygiene, skort på vatn og kulde vart mange sjuke og døydde. Særleg var dysenteri og lungesjukdomar utbreidd. Dei døde kan teljast i tusental. Dei som hadde vorte evakuerte i såra tilstand fekk ikkje noko medisinsk behandling, og dei fleiste av dei døydde i koldbrann eller andre infeksjonssjukdomar. Dei døde vart gravlagde av kameratane i sjølve leiren, med berre sand frå stranda til å dekke dei.

Dette var den handsaminga som den franske imperialismen ga dei som i tre år hadde slåst mot fascismen. Det er endå ei av sidene i det spanske folket si bok av smerte og død, og det brennemerkjer enda ein gong desse regjeringane som kalla seg demokratiske og antifascistiske.

Etter at dei verkelege demokratane i Frankrike og andre land hadde avslørt tilhøva, vart dei noko betre. Nokre minimumstiltak kom, slik at ikkje alle flyktningane skulle døy. Likevel vart konsentrasjonsleirane i røynda aldri noko anna enn fengsel for dei spanske republikanarane.

Dei som ikkje døydde eller vende attende til Spania, slik situasjonen og dei franske styresmaktene pressa dei til (det var få slike tilfelle), måtte tole langt fangenskap. Den vanlegaste måten å sleppe ut vart å melde seg til teneste i arbeidsbataljonane i den franske hæren etter at 2. verdskriga hadde byrja. I desse bataljonane vart spanjolane oftast sette til å byggje befestningsverk på dei farlegaste og mest utsette stadene.

# Albania

Albania er eit fjellrikt, lite land som grensar til Jugoslavia og Hellas på land, og som blir avgrensa av Adriatarhavet og Det joniske havet på sjøsida. I april 1939 gjekk troppane til Mussolini til åtak på landet og okkuperte det med militærmakt og med samtykkje frå svikar-kongen Zog, som var ein verkeleg føydal despot. Den undertrykkinga og utbyttinga som det albanske folket hadde vore offer for, vart no gjort enda verre gjennom eit fascistisk diktatur. Men det albanske folket har gjennom heile soga si ein rik tradisjon når det gjeld opprør og kamp for sjølvstendet, og det let seg ikkje skräme. Med tildriv og leiing frå dei albanske kommunistane sette dei straks i gang med å organisere dei første væpna gruppene i fjella. Vinteren 1940 byrja geriljasoldatane å gå til offensivar mot dei italienske fascistane og mot det korrupte albanske borgarskapet som var vilkårslause lakeiar for Mussolini.

Folkestyrkane var sett saman av arbeidarar, bønder og unge, revolusjonære studentar. Den 8. november 1941 vann det albanske folket ein siger som skulle få lykkelege konsekvensar i åra som kom. Den dagen vart Albanias Kommunistparti (seinare døypt om til Arbeidspartiet) skipa. I brodden for partiet leia kamerat Enver Hoxha den væpna kampen med stor framgang. Etter initiativ frå Albanias Kommunistparti og takk vere det store arbeidet dei albanske kameratane la ned i dette, vart det mindre enn eitt år seinare skipa ein Nasjonal Frigjeringsfront som samla alle albanske patriotar. Geriljastyrkane under leiinga til partiet og fronten gav soldatane til Mussolini avgjerande nederlag, slik at Hitler til sist ga ordre om at tyske troppar skulle okkupere

Albania. Det var i 1943. Andsynes Hitler-invasjonen vakla høgrevengen innafør det nasjonalistiske, albanske borgarskapet på nytt, og dei to organisasjonane «Balli Kombëtar» og «Legalitet» som dei rådde over vart omskapte til politistyrkar i Hitler si teneste mot sitt eige folk.

Den Nasjonale Frigjøringshæren, som vart leia av kameratane Enver Hoxha og Mehmet Shehu (denne siste var ein helt frå dei Internasjonale brigadane som sloss saman med det spanske folket) heldt ikkje berre stand mot dei åtaka som dei tyske nazistane sette inn mot dei patriotiske geriljabasene. Hæren var òg i stand til å frigjere nye område dag for dag, og ringe inn byane. I mai 1944 vart dei leiande organa til den provisoriske, demokratiske regjeringa valde i byen Përmet, som Frigjøringshæren hadde frigjord. Kamerat Enver Hoxha vart utpeika til president.

Dei folkelege styrkane vann siger på siger, og hovudstaden i Albania, Tirana, vart frigjord etter 19 dagar med blodige gatekampar. Den 29 november 1944 var Albania heilt frigjord frå Hitler-troppar og innanlandske og svikefulle herskarklassar, og folkemakta tok over. Den 11 januar 1946 vart Folkerepublikken Albania proklamert.


Dei albanske kameratane har alltid gjeve eit stort føredøme på mot, djervskap og revolusjonær støleik. Dei vann ikkje berre fridom og sjølvstende etter lange år med krig, men dei laut seinare krosse planane til imperialistane i England og Hellas, og møte dei anneksjonistiske framstøytane frå overløparen Tito. Med di dei var trugne mot dei marxist-leninistiske prinsippa og det albanske folket, måtte Arbeidspartiet og den albanske staten, med kameratane Enver Hoxha, Mehmet Shehu og andre i brodden, resolutt setje seg opp mot revisjonistbanden til Krustsjov. Frå då av er Folkerepublikken Albania og det ærerike partiet og det heltemodige folket der eit verdfullt føredøme for folka som strid for frigjering og sjølvstende. Albania er i dag det raude fyrstårnet for revolusjonen i Europa. Vi spanske marxist-leninistar veit at Albania og partiet og folket der er trufaste vener som til kvar tid står klare til å

hjelpe folket vårt mot imperialismen, mot revisjonismen og mot alle dei fiendar det spanske folket har. Arbeidets Parti i Albania, med kamerat Enver Hoxha i brodden, har spela ei avgjerande rolle i kampen mot den moderne revisjonismen, serleg etter at kamerat Enver Hoxha på møtet til kommunist- og arbeidarparten i Moskva i 1960 avslørte Krustsjov-klikken frå topp til tå. Korkje Arbeidets Parti i Albania eller Folkerepublikken har nokon gong bøygd kne for noko trugsmål eller press frå ei utanlandsk stormakt.

# Kart



Kampanjen i Katalonía.



Slaga rundt Madrid frå november 1936 til mars 1937.



Delinga av Spania i juli 1936.



Delinga av Spania i mars 1937.



Delinga av Spania i juli 1938.



Delinga av Spania etter at Katalonia fall i februar 1939.

# Notar

1. Brev frå Stalin 4. oktober 1936 til José Diaz, generalsekretær i PCE.  
*(Red.)*
2. I 1931 vart Alfonso 13. tvinga til å gå av som konge, og militærregjeringa Berenguer trakk seg. Den andre spanske republikken vart oppretta, med nasjonalforsamlinga Cortes som lovgjevande og løvvande instans. *(Red.)*
3. Svære storgods med mange små forpaktarar. Jordeigesystem som tok form i Romarriket, opphaveleg på grunnlag av slavehald, seinare liveigne og så frie forpaktarar. Dei føreset låg mekanisering og produktivitet.  
*(Red.)*
4. Oligarki tyder fåmannsvelde. I Spania var det godseigarar og storborgarskap som heldt på regjeringsmakta utan omsyn til grunnlova, før og mellom republikkane. *(Red.)*
5. *Folkefronten* var ein valallianse som femnde om desse partia: Det republikanske venstre, Den republikanske union, Det katalanske venstre (Esquerra), som var borgarleg-radikale parti, og dessutan sosialistpartiet (PSOE), kommunistane (PCE) og trotskistpartiet POUM. Anarkosyndikalistane stod utanfor valsamarbeidet, men støtta fronten. Berre dei borgarleg-radikale partia tok sete i regjeringa Azaña frå februar til juli 1936. *(Red.)*
6. *Carillo-Ibárruri-klikken* leier det spanske revisjonistpartiet «PCE». *Dolores Ibárruri* (f.1895) var med i PCE frå det vart grunnlagt i 1920, og kvinnerekretær i partiet frå hausten 1932. Då kom ho og med i sentralkomiteen. Ho rømde til Frankrike i mars 1939. No er ho president i revisjonistpartiet «PCE».

*Santiago Carillo* var generalsekretær for ungdomsforbundet til sosialistpartiet (PSOE) til våren, 1936, då dette forbundet vart samanslede med ungdomsforbundet til kommunistpartiet. Carillo heldt fram som generalsekretær. Er no generalsekretær i revisjonistpartiet «PCE».

7. Etter den andre verdskrigens har USA halde Franco-Spania opp økonomisk og militært. Etter ein bilateral forsvarsavtale i 1953 fekk USA marinebasar i Cadiz og Cartagena og flybasar nær Saragossa, Sevilla og Madrid. Spania fekk ikkje rom i Marshall-planen, men frå 1959 har USA ytt lån og økonomiske tilskot gjennom regjeringa, private bankar og Verdsbanken. USA har stadig pressa på for å få Spania inn i NATO. (Red.)
8. «Spørsmål om krig og strategi», november 1938. Militærskriften av Mao Tsetung.
9. Franco-fascistane brukte store mengder utanlandske troppar. Spanske fascistar var alt i kontakt med Mussolini og Hitler då oppreisten braut ut 18.juli 1936, og fekk tilslagn om hjelp veka etter. Den tyske hjelpta til frankistane var på om lag 500 mill. i krigsmateriell og om lag 16.000 mann som gjorde teneste i Kondorlegionen (militæravdelinga til dei tyske fascistane i Spania) som soldatar eller sivile «rådgjevarar». Mussolini gav økonomisk støtte (krigsmateriell) for om lag 80 mill. pund (1939-standard) og hadde på det meste 50.000 mann i Spania ( 1937). Om lag 20.000 portugisarar var utkommanderte i Viriatolegionen for å stø Franco. (Red.)
10. Mao Tsetung, «Strategiske spørsmål i Kinas revolusjonære krig», desember 1936.
11. Spansk tittel: José Ramon Diaz, «Las Lecciones de la guerra del pueblo español».
12. «Historia del Partido Communista de España», Editions Sociales, Paris 1960. Redigert av utval under sentralkomiteen i «PCE» (Revisjonistpartiet) med Dolores Ibárruri som leiar: skiven av Manuel Azcárate, Luis Balaguer, Antonio Cordón, Irene Falcón og José Sandoval (s. 206-207).
13. *Frankiststyret*: den spanske nemninga på fascismen er frankisme, etter general Franco. (Red.)
14. Carillo-Ibárruri-klikken leier det spanske revisjonistpartiet «PCE». Påstanden om at krigen er død og gløymd finst i melding frå sentralkomiteen i «PCE» til det sjette landsmøtet.
15. Melding frå kamerat José Diaz til plenumsmøtet i sentralkomiteen i PCE i Valencia 5.—8.mars 1937.
16. Melding frå José Diaz til plenumsmøtet i sentralkomiteen i Valencia 13.—16.november 1937 (Med i José Diaz, «Tre års kamp», Ediciones España Popular, Mexico 1942).

17. *US-Marines*: Ei avdeling av marinen i USA som vart oppretta av den andre kongressen mellom dei nordamerikanske koloniane (1775) som skipa ein sams nordamerikansk hær. I dag femner The Marine Corps om infanteridivisjonar, artilleri, ingeniørkorps osb. Dei er trenar i amfibiekrigføring og har bruk av avdelingar med landfly som er knytt til marineflyvåpenet. The Marine Corps har spela ei viktig rolle i USA-imperialismen sin rolle som verdspolitimenn, fordi dei har som oppgåve å vere mobile på kort varsel. Mykje nytta til å slå ned oppreister i ulike delar av verda. (Red.)

18. I fråsega frå revisjonistpartiet i juni 1965 står det ordrett: «Kva grunnlag har Kommunistpartiet for å slå fast at forsoning er mogeleg?... Når vi seier at det er mogeleg med ein fredeleg omsnunad i Spania, bygger vi på at det er mogeleg å fjerne diktaturet til general Franco utan vald, utan oppreist, utan borgarkrig.»

19. I ein resolusjon frå eksekutivkomiteen i PSUC (Partido Socialista Unificado de Cataluña) frå august 1964 kan ein lese: «...vi meiner at prosessen med å *likvidere dei fascistiske maktformene til oligarkiet* alt har byrja...» (Som allmennt kjend er PSUC berre-eit vedheng til Carillo-klikken). Santiago Carillo, storhovdingen mellom dei spanske revisjonistane, sa i januar 1966 til eit tsjekkoslovakisk dagsnyttbyrå: «Franco-regimet er ikkje lenger det det var; det held på å misse sine fascistiske drag...folkemassane har oppnådd visse rettar, som streikerett, organisasjonsrett og ytringsfridom...»

20. Sjå leiaren i «Mundo ‘Obrero’» for første halvdel av april 1966, der det står: «Etter tretti år må vi setje ein tjukk strek over borgarkrigen...» «Denne rekninga kan berre gjerast opp ved eit allment amnesti...» «Dette amnestiet...vil gjere godt att dei urettvisene som no finst, vil føre med seg ro i dei sinn som enno blir plaga av fortida, og vil gjere det lettare å finne ei ublodig løysing på det politiske problemet i Spania.»

21. Lenin, «Sosialisme og krig», 1915. Forlaget Oktober 1976 (hefte) s.14.

22. Den 27.september 1975 vart tre medlemmer av FRAP og to medlemmer av ETA avretta av Franco-regimet. Avrettingane var i seg sjølv ei innrømming frå regimet om styrken i motstandsørsla, og vekte internasjonal avsky mot frankist-styret. (Red.)

23. FRAP vart skipa i 1974. Den revolusjonære, antifascistiske og patriotiske fronten) FRAP var med å leie masseaksjonane mot Francofascismen i Spania som auka voldsomt i styrke i 1975: i første halvår av 1975 la over 300.000 arbeidarar ned arbeidet i meir enn 500 streikar, og massedemonstrasjonar i Madrid, Bilbao, og i provinsane Vizcaya og Guipuzcoa er blitt møtte med politivald, kuler og tortur. FRAP har og teke ansvaret for væpna, vellukka åtak på politifolk og politistasjonar i 1976. (Red.)

24. Vi vil gjere merksam på dei verdfulle tilskota som kamerat José Diaz har gjeve når det gjeld nokre av sidene ved den nasjonal-revolusjonære krigen vår mot fascismen, trass i dei vanskane som fanst då han gjorde desse analysene. Men det meste av det kamerat José Diaz har skrive om dette er ikkje lenger å få tak i. Revisjonistklikken til Carrillo-Ibárruri løyner desse tekstene. Ein finn dei ikkje nokon stad, for revisjonistbanden har sørgd for å «gravleggje» dei vél. På dette viset stel dei verdfulle dokument frå det spanske folket og frå dei verkelege kommunistane.

25. Av verka til desse «marxistiske historikarane» kan vi nemne «Krig og revolusjon i Spania», redigert av eit utval i Carrillo-klikken med Dolores Ibárruri i brodden. Vidare den absurde og meiningslause boka «Krigens vår» (Nuestra Guerra) av Enrique Lister.

Av anarkistiske og trotskistiske forfattarar kan vi nemne Pierre Broue og Emile Témime: «La révolution et la guerre d'Espagne» (Revolusjonen og krigen i Spania) og verket til trotskisten Joaquin Maurin: «Revolución y contrarrevolución en España» (Revolusjon og kontrarevolusjon i Spania). Trass i at den siste ikkje eigentleg handlar om den nasjonal-revolusjonære krigen mot fascismen, legg ho fram forspelet til krigen på forvrengd, falsk og bakvaskande vis, etter rasande anti-kommunistisk og anti-stalinistisk oppskrift. I utgåva frå 1966 er det lagt til blindt anti-kommunistiske påstandar som er heilt vanvittige. Mellom dei «nøytrale» og «objektive» historikarane nemner vi særleg Hugh Thomas med boka «The Spanish Civil War», (Penguin Books 1965). Vi kunne nemne mange andre forfattarar og bøker som tek for seg den nasjonal-revolusjonære krigen vår mot fascismen. Nokre av dei er verkeleg interessante. Ikkje på grunn av kritiske analysar (til no finst det ikkje ein einaste marxist-leninistisk analyse), men på grunn av dokumentasjonen, opplysningane og tal. Det gjeld t.d. «El mito de la cruzada de Franco» (Myten om korstoget til Franco) av Southworth, som inneheld rik dokumentasjon. Alvarez del Vayo si bok «Las batallas de la libertad» (Slaga for fridomen) er verdfull, jamvel om ho berre tek for seg nokre episodar frå krigen. Interessant dokumentasjon finn ein òg i «La España del siglo XX» (Spania i det tjuande hundreåret) av Tuñón de Lara og «El laberinto Español» (Den spanske labyrinten) av Gerald Brenan. Svært interessant, både p.g.a. dei tankane ho inneholder og av di ho legg grunnlaget for ein framtidig uttømmande analyse, er Pierre Vilar: «Historia de España» (Soga til Spania).

26. Sjå vedlegg 8 om Albania.

27. Mao Tsetung, «KKPs rolle i den nasjonale krigen», oktober 1938. Skrifter i Utvalg s. 114-115 (Forlaget Oktober).

28. Den konservative regjeringa Baldwin i Storbritannia tvang Frankrike med i ein ikkje-intervensjonskommisjon for å få stengt den fransk-spanske grensa, stogga våpenleveransar og hindra all militær hjelp til republikken

Spania. Alle europeiske land, irekna Italia, Tyskland og Sovjetunionen, var med. Kommisjonen kom saman i august 1936, då Tyskland og Italia alt var i gong med hjelp til fascistane. Denne hjelpe berre auka på til krigen var slutt, utan at kommisjonen gjorde noko for å hindre henne. Sovjetunionen såg at hjelpe til fascistane ikkje let seg stogge og at alle europeiske land hadde bunde seg til å ikkje hjelpe republikken. Då organiserte Sovjetunionen det internasjonale hjelpearbeidet til den spanske republikken gjennom Komintern. Dette hjelpearbeidet femnde om å skaffe mat, medisinar, våpen, og verving av Dei internasjonale brigadane. Det var norsk tilslutting til ikkje-intervensjonspakta som gjorde at norske Spaniakjemparar vart arresterte av den norske DNA-regjeringa då dei kom heim til Noreg. (Red.)

29. Sjå «Linéa Política del Partido Communista de España (m-l)» (Den politiske lina til Spanias Kommunistparti (m-l) kapittel 1, pkt 29—54.

30. På 14—1500-talet vann Spania vidstrakte koloniar, først og fremst i Nord- og Sør-Amerika. Alt ved midten av 1600-talet var Spania i stor gjeld p.g.a. krigføring i koloniane. Spania er blitt herja av arvefølgjekriger fleire gongar, som har utarma landet og halde folketalet nede. Dei viktigaste er den spanske arvefølgjekrigen 1701—13 og Carlistkrigane (1833-40 og 1872-76). Koloniane i Asia og Amerika vart underlagt andre imperialistmakter etter krig, eller reiv seg laus, frå 1870 til 1900. Då frankistane gjorde oppreist hadde Spania berre att Marokko og nokre mindre delar av Nord-Afrika, koloniar som dei heldt med svært store utgifter. Marokko var base for fascistane under krigen 1936-39. (Red.)

31. Til 1931 var meir enn halvparten av investeringane i spansk gruve drift utanlandske. Rio Tinto-selskapet dreiv pyritt, Tarsis-selskapet kopar, Armstrong-selskapet hadde meir enn 1/3 av spansk korkproduksjon. Vassverket i Sevilla var på britiske hender. I 1935 tok Storbritania mest 50% av spansk eksport (11 mill. pund av 23) og stod for 17% av importen. Frankrike kontrollerte koparminene i Pefiarroya og San Plato, medan Belgia heldt store delar av aksjene i jernbaneselskapa og kolminene i Asturias. (Red.)

32. Republikanarane (ei rad ulike parti) vann kommunevalet i april 1931, og kong Alfonso 13. forlot landet. Folkeforsamlinga Cortes vart vald og vedtok ny grunnlov som slo fast demokratiske rettar for alle spanske statsborgarar, reiv skulestellet laus frå kyrkja i prinsippet og løyste staten frå den katolske læra som off. religion. Spania vart konstitusjonell republikk. (Red.)

33. 1 mai 1931 vart eit monarkistkomplott avslørt, og folket slo attende med å brenne og rive ein del kyrkjer. Åtaka vart stogga av Guardia Civil. I

juli og august same år var det CNT-leidde streikar i Barcelona, Sevilla og San Sebastian, som vart slegne ned med maskin geværelde frå spesialtroppar i hæren på ordre frå ei regjering der sosialdemokratane deltok (PSOE). (Red.)

34. *UGT* var leia, kontrollert og påverka av Sosialistpartiet. *CNT* var uavhengig av den iberiske anarkistføderasjonen (FAI), men var likevel under anarkistisk leiing og påverknad.

35. PCE, (Partido Comunista de España) vart skipa i april 1920. I 1921 vart PCOE (Partido Comunista Obrero de España) skipa, og kort tid etter sammanslege med PCE. Dei fleste leiande figurane i byrjinga var utbrytarar frå sosialistpartiet (PSOE). Etter mykje skifte i leiinga vart José Diaz generalsekretær i partiet hausten 1932. Det vart vald ny sentralkomite med desse medlemmene: José Diaz, Vicente Uribe, Antonio Mije, Jésus Hernandez, Adriano Romero, Martinez Cardón, Dolores Ibárruri (kvinneselekretær). Desse sat til krigen mot frankistane var slutt i 1939. (Red.)

36. Ved val til Cortes i november 1933 leid den sosialdemokratiske regjeringa Azaña nederlag. Regjeringa hadde vedteke ei mengd lover, m.a. ny jordfordelingslov, men ikkje greidd å setje dei ut i livet i nemnande grad, og ho hadde nytta hæren mot anarkist-leidde, streikande arbeidarar. Arbeidarklassen var splitta i to hovudstraumar, sosialdemokratar og anarkistar. Innanfor den høgrefløyen som tok regjeringsmakta (under skiftande leiing) vart CEDA, med Gil Robles som leiar, det sterkeste partiet. Programmet til CEDA gjekk ut på å halde oppe interessene til den katolske kyrkja i republikken. Leiinga hadde kontakt med Hitler-Tyskland og klare fascistiske sympatiar. (Red.)

37. Kallenamn på åra 1934—36, under høgrestyret i Spania. (Red.)

38. I oktober 1934 fekk 3 CEDA-medlemmer sete i regjeringa. UGT svart med generalstreik i Madrid. I Catalonia vart «den katalanske staten» som del av den «føderale spanske republikken» proklamert. I Asturias (kolddistrikt) gjekk alle dei gruppene som seinare støtta opp om Folkefronten saman om ein væpna oppreist og tok makta i provinsen. Komintern støtta oppreisten. Regjeringa sette inn Franco og Framandlegionen mot Asturias-arbeidarane, og Oktober-oppreisten vart slegen ned etter 2-3 veker med ein råskap som saknar sidestykje. Om lag 5000 vart drepne og 30 000 arresterte. (Red.)

39. *Gil Robles-regjeringa*: Regjeringane der CEDA hadde representantar, m.a. var Gil Robles sjølv krigsminister ei tid. (Red.)

40. Denne regjeringa var slik samansett: statsminister Manuel Azaña, utanriksminister Augusto Bárbaro, innanriksminister Amós Salvador,

krigsminister Carlos Mesquelet, marineminister José Giral, justisminister Antonio Lara, finansminister Gabriel Franco, minister for offentleg arbeid Santiago Casares, industriminister Plácide Alvez Buylla, landbruksminister Mariano Ruiz Funes, arbeidsminister Enrique Ramos, undervisningsminister Marcelino Domingo, samferdsleminister Manuel Blasco Garzón. Det var ei regjering frå mellom- og småborgarskapet. Det fanst ikkje ein einaste sosialistisk representant i henne, langt mindre ein kommunistisk.

41. Anarkistane og sosialdemokratane var til dels svært fiendsleg innstilt mot kvarandre etter uroa og streikane i 1931, trass i at organisasjonane gjekk saman om å stilla seg bak Folkefront-regjeringa. (Red.)

42. I boka «Historia til Spania under Franco» slår Max Gallo fast at italienske dokument avslører at «den italienske propagandatenesta betalte falangist-sjefen José Antonio Primo de Rivéra med jamne mellomrom, i det minste frå byrjinga av 1934. Denne mannen som skulle bli Franco-regimet sin «St. Juan» og som skulle få namnet sitt i alle kyrkjer i Spania, er i den mest konkrete tydinga av omgrepene ein *betalt agent* for den italienske ambassaden i Paris, med eit månadleg salær på 50.000 lire...» På den andre sida er det òg vel kjent at Franco alt frå mange år før dette sto i direkte kontakt med admiral Canaris, den tyske spionasjesjefen.

43. Lause planar om militær oppreist og diktatur fanst heilt frå den andre republikken vart oppretta i 1931. Våren 1936 planla offiserar i den spanske hæren oppreisten i stor detalj. Han vart sett i verk med støtte frå falangistpartiet, CEDA, carlistane osb, og tok form av væpna hærsetjing av sentrale plassar (militærlagsre, jarnbanestasjonar osb) mange ulike stader natt til 18.juli. (Red.)

44. Dei viktigaste reaksjonære politiske grupperingane og partia var desse: Den spanske fôderasjonen for autonome rettar (CEDA) under leiing av Gil Robles, (som Carillo freista å få med på «rundbordsdebatt»). Monarkistane skipa «Den nasjonale blokka», leia av forbrytarane Calvo Solet, Areilza og andre kjetringar. Militærorganisasjonen deira, UME (Spansk militærforeining) var leia av skurkane Sanjurjo, Mola, Franco, Goded osb. Carlistane samla seg i Tradisjonalistisk Samband, leia av Fal Conde, i Spansk Falang (ein verkeleg søppelhaug av pistolbandittar, lapsar og slagbrør) og i det terroristiske studentforbundet sitt, SEU. Det er all grunn til å gjere merksam på monarkistane, som sto budde til å halde fram og føre vidare Franco-regimet (og som Carillo seier han er viljig til å godta «om folket avgjer det») — frå første stund spela ei aktiv rolle i å førebu krigen mot folket og at mange av dei svikargeneralane som var med i den fascistiske oppreisten gjorde det under kampropet «Leve kongen».

45. Den spanske falangen vart skipa av José Antonio Primo de Rivéra, son

til militærdiktatoren Primo de Rivéra, i oktober 1933. I februar 1934 gjekk falangistane saman med JONS (Den offensive nasjonal-syndikalistiske juntaen) om eit rasistisk, imperialistisk og korporativistisk program. Våren 1936 dreiv falangistane ein organisert kampanje med politiske mord av folk som støtta Folkefronten. (Red.)

46. Den katolske kyrkja vart slegen attende etter valet i februar 1936 på den måten at ho miste stillinga som statskyrkje att. (Red.)

47. Kommunistisk ungdom (Juventudes Comunistas) og Sosialistisk Ungdom (Juventudes Socialistas) gjekk saman i JSU den 1. april 1936. I leinga for organisasjonen stilte Santiago Carillo (frå Sosialistisk Ungdom) seg. Alt på denne tida gav han prov på stor opportunisme og høgrevirk.

Katalonias Saniente Sosialistparti (Partido Socialista Unificado de Cataluña — PSUC) vart skips 23. juli 1936, og følgjande organisasjonar var med: Katalonias kommunistiske parti, den katalanske sektoren av PSOE, Sosialistisk Samband og Katalansk Proletarisk Parti.

48. Vi kjenner enno ikkje talet på alle dei brutale morda som fascistane utførte under krigen — og etter han. Tusenvis på tusenvis av kvinner og menn frå folket vart på barbarisk måte myrda i alle dei områda Franco-styrkane kontrollerte. Massemord var nett ein av favorittmetodane fascistane nytta for å underleggje seg folket i dei hærsette områda. Tusen på tusen av liv vart kaldt meia ned for å køyve den folkelege motstanden. Den franske katolske forfattaren Georges Bernanos vart fylt av fælske framfor fascistane sine brotsverk på Mallorca: (der han budde) og utbraut: «Her drep ein folk som ein feller tre!» Sume «upartiske» historikarar freistar orsake dei fascistiske morda med å seie at «det fanst overgrep frå begge partar». Reint sett bort frå at dette er ei kynisk bakvasking, syner det ei hyklande oppfatning av kva dei kalde, overlagde morda til fascistane var, når ein vågar samanlikne dei med dei få høva då folkemassane i revolusjonsiver gjorde opp med nokre få føydalherrar, militære svikarar og fiendar av folket som fall i massane sine hender. Ein må stø seg på seriøse og ærlege historikarar, som t.d. Southworth, for å få ei tilnærma oppfatning av den verkelege karakteren til det fascistiske barbariet og til hykleriet i dei «upartiske» påstandane. Nokre fakta:

— Den rotne og avskyelige fascisten, general Queipo de Llano sa over Radio Sevilla i august 1936, det vil seie ein månad etter den fascistiske oppreisten: «Åtti prosent av familiene i Andalucia ber no sorg, og vi vil ikkje nøle med å ta i bruk enda strengare og meir energiske åtgjerder». Og for ein gongs skuld heldt denne trulause generalen det han lova.

— Berre på dei første vekene av den fascistiske oppreisten skaut falangist-bandittane og dei skinnheilage carlistane i Navarra om lag 8 000 republikanarar.

— I Valladolid organiserte falangistane seg i «straffepatruljar» som utførte dei mest grufulle brotsverk. Ei av desse patruljane, «morgon-

patruljen», myrda republikanske fangar (menn og kvinner) i dei første månadene av krigen med ein fart av 40 personar pr. dag!

— Den nemde franske, katolske forfattaren Bernanos fortel at på Mallorca myrda fascistane meir enn 30.000 personar då dei okkuperte øya.

— I Bajadoz sette fascistane i verk eit av dei mest gruvekkjande massemorda sine (ved sida av at tusenvis av fattigbønder og dagarbeidrar vart myrda i grender, bygder og landsbyar). Dei republikanske fangane vart stengde inne på tyrefektararenaen. Her vart dei «banderillert» (små spyd med flagg som vert planta i nakken på tyren under tyrefektinga) og stukne med tyrefektar-kårde, medan dei svært gudelege og aristokratiske medlemmene i kvinneavdelinga til falangen applauderte og ropte «Olé!» Desse damene baud at øyra til dei myrda republikanarane måtte bli avskorne og gjevne til dei fascistiske «tyrefektarane» som premie for «motet» deira.

— Dei valdsverka og grufulle brotsverka som fascistane gjorde etter at dei hadde okkupert Málaga er noko som går over all forstand: masseavrettingar (massegravene der dei skotne låg vart dekte med nokre skuffer jord og nokre av republikanarane som enno var i live døydde av kvelning), torturar som berre sjuke hjernar kan tenkje ut, som t.d. å kastrere menn og etterpå stikke kjønnsorgana i munnen på dei før dei vart skotne, skjere av kvinnebryst, stikke flasker opp i skjedene på unge republikanarjenter, osb., osb.

Liknande ting hende i Baskerprovinssen og i Katalonia. Og då krigen tok slutt, kven hadde tal på alle dei nedskytingane, torturane, «morgonavrettingane», alle dei unemnelege plagane og lidingane som dei svært så kristelege fascistane hadde påført det spanske folket?

Det er ikkje mogleg å finne ord for å skildre så mange brotsverk, så mykje gru, så mykje sadisme... Men det spanske folket vil aldri gløyme desse skjendige morda. Det er noko fascistane kan vere sikre på.

49. Den fascistiske oppreisten vart møtt med motstand organisert på kort varsel av dei organisasjonane og partia som støtta Folkefronten på staden. Styreformene fekk form etter kva for grupper som stod bak, anten det var CNT eller UGT, kommunistpartiet eller nasjonalistparti som dei i Katalonia og Baskarprovinssane osb. Hæren, politiet osb. delte seg mellom fascistane og republikanarane i ulike provinsar og ny militær leiing vart sett opp etter kven som hadde våpen. (Red.)

50. Mao Tsetung, «Spørsmålet om sjølvstende og initiativ innanfor einskapsfronten» Eng.utg. «The Question of Independence and Initiative within the United Front» (November 1938), Selected Works, bind 2, s.215 (Peking 1967).

51. *Juntaen for forsvar av Madrid:* Vart organisert 7. november 1936, i andre veka av åtaket på Madrid, etter at regjeringa hadde reist frå byen. Juntaen organiserte civile tenester (ordensvern osb.) ettersom svært mange

tenestemenn som sympatiserte med fascistane hadde flykta frå byen, og den hadde hovudrolla i å mobilisere og leie folkemassane i forsvaret av Madrid. (Red.)

52. *Femte Regimentet*: Sjå vedlegg II. (Red.)

53. Anarkistane var mot å oppretta ein republikansk hær under sentral leiing, dei ville berre ha folkemilitis. Sjå vedlegg IV. (Red.)

54. *Largo Cabállero* (1869—1946): generalsekretær i UGT frå først i 20-åra. Arbeidsminister i fleire regjeringsar 1931—33, då han m.a. sette inn hæren mot streikande arbeidrarar. Statsminister i Folkefrontregjeringa frå september 1936 til mai 1937. Rømde til Frankrike 1939, utlevert til tyskarane 1940—45, døydde i Paris 1946. (Red.)

55. Ved årsskiftet 1936—37 vart folkemilitsen og Femte regimentet omorganisert til divisjonar i ein landsomfemnande republikansk hær under sentral leiing. PCE tok initiativ til dette og overvann hard motstand frå anarkistane, som ville ha militsen slik han var. (Red.)

56. José Diaz, «Tres años de lucha» (Tre års kamp) s. 301

57. Mao Tsetung, «Om nydemokratiet» Eng. utg. «On New Democracy», Selected Works II s. 346—47 (Peking 1967)

58. Dolores Ibárruri, «El Unico Camino» (Den einaste vegen) s. 460

59. «PCE», «Guerra y revolución en España» (Krig og revolusjon i Spania) s. 271

60. Mao Tsetung, «Om den rette måten å handsame motseiingar i folket på», sjå Skrifter i Utvalg (Forlaget Oktober) s. 318—19

61. José Diaz, «Rapport til plenum i sentralkomiteen», Valencia 13.—16. november 1937

62. Dolores Ibárruri, «El Unico Camino» (Den einaste vegen)

63. I store område av Spania hadde folket teke makta på eit eller anna nivå og var væpna. Når dei 13 punkta opna for folkerøysting om styreform på like vilkår for fascistar og republikanarar, opna dei og for at folket måtte gje frå seg maiktta friviljug til ei fascistisk regjering. (Red.)

64. *Figueras*: By i Katalonia. 1. februar 1939 møttest 62 medlemmer av nasjonalforsamlinga Cortes der og vedtok dei tre punkta til Negrín-regjeringa som grunnlag for forhandlingar med frankistane om slutt på krigen. Det var siste møtet i Cortes før republikken leid nederlag. (Red.)

65. Dei 13 punkta var desse, i korte drag:

- Sjølvstende og integritet for det spanske territoriet.
- Frigjering av det nasjonale territoriet frå all utanlandsk okkupasjon og innblanding.
- Demokratisk republikk.
- Folkeavrøysting om kva regjeringsform Spania skal ha når krigen er slutt.
- Utvikling av dei nasjonale fridomane, med vørtnad for den nasjonale einskapen.
- Godkjenning av alle samfunns- og borgarrettar for alle statsborgarar, også samvitsfridom.
- Vern om eideom og produksjonsmiddel, men restriksjonar mot misbruk som fører til oppsamling av rikdommar og utbytting av borgarane.
- Jordreform.
- Sosiale lover som garanterer for rettane til arbeidslagene.
- Kulturell, fysisk og moralsk utvikling av nasjonen.
- Ein hær som står i teneste for folket.
- Ingen bruk av krig som middel i internasjonal politikk, og truskap mot pakta til Folkeforbundet.
- Amnesti for alle spajolar som syner vilje til å samarbeide og byggje opp landet, også for dei som har slåst i opprørshæren (det vil seie den fascistiske).

*Trepunkts-programmet* var dette:

1. Spansk sjølvstyre
2. Fri sjølvråderett for folket gjennom ei folkerøysting.
3. Ingen straffetiltak etter at krigen var slutt.

66. Lenin, «Utkast til fråsegn på det 10. landsmøtet i SUKP(b) om det syndikalistiske og anarkistiske avviket i partiet», Collected Works, Eng. utg. bind 32, s. 245

67. Sjá Dimitrov, «Enhetsfrontens og folkefrontens problemer», norsk utg. Forlaget Oktober 1970

68. Våren 1937 fremma PCE tanken om at alle partia bak Folkefronten skulle gå inn i eit proletariske einskapsparti for å styrke den politiske leiinga i krigen mot fascismen. (*Red*).

69. «Historia del Partido Comunista España», Edicions Sociales 1960.

70. *Primo de Rivera* (1870—1930): Militærerdiktator i Spania 1923 — 1930. Militær og politikar. Deltok i krigen i Marokko 1893 og i Cuba 1898. Guvernør i Cadiz 1915, i 1922 øvstkommanderande i Barcelona. Gjorde statskupp i 1923 i samråd med hæren og kongen. Avsett i 1930, døydde i eksil i Paris samme år. (*Red*)

71. *Indalecio Prieto* (1883—1962): Sjå Vedlegg V. Redaktør av borgaravisa «El liberal del Bilbao». Medlem av nasjonalforsamlinga Cortes frå 1918 og regjeringsmedlem fleire gonger 1931—39). Sosialreformist og anti-kommunist — representerte høgrefløya i PSOE. Drog til Mexico i 1939 der han beslagla reservane til den republikanske regjeringa (for det meste edelsteinar) som han m.a. nytta til å skipa JARE, «Hjelpeforbund for spanske republikanarar i eksil.» Død i Mexico 1962.

*Julian Besteiro*, universitetsprofessor, sosialdemokrat, i 1931 formann i UGT og PSOE. (Red).

72. Denne nasjonalforsamlinga (Cortes) var samansett slik: 99 sosialistar (PSOE), 88 CEDA, 87 frå Republikanske venstre, 39 frå Republikansk samband, 36 frå Esquerra, 17 kommunistar, 16 frå Sentrum, 13 frå Nasjonal Blokk, 12 for Lliga, 11 for Agrarane, 10 baskiske nasjonalistar, 10 uavhengige, 9 tradisjonalistar (carlistar), 6 progressivistar (Zamora, då president), 4 radikale (Lerroux), 3 konservative republikanarar, 3 høgre-uavhengige og 1 mesokrat.

73. Cortes møtte to gongar for året i det republikanske Spania under krigen, for å halde opp styreforma frå den andre republikken. I oktober 1937 kravde kommunistane nyval til Cortes for å få eit fulltalig Cortes som støtta regjeringa. Statsminister Negrín frå PSOE nekta. (Red).

74. Prieto forbaud politiske kommisarar i hæren og han forbaud offiserar å vera med i kommunistpartiet (oktober 1937). (Red).

75. Her er nokre avsnitt frå dette brevet: «...påstanden om at den einaste løysinga på krigen vår er at Spania korkje skal vere fascistisk eller kommunistisk er heilt rett, og samsvarar nøyaktig med synspunkta til partiet vårt...» Det spanske folket slåst for fridomen og forsvarar det demokratiske og republikanske regimet. Dette er den legale styreskipnaden til landet vårt, og den som gjer mogleg dei største sosiale framstega. Kommunistpartiet, som saman med sosjalistpartiet er partia til arbeidarklassen i Spania, har ikkjé og kan ikkje ha interesser eller mål som er ulike dei som heile folket har. Partiet vårt har aldri meint at løysinga på denne krigen skulle vere å innføre ein kommunistisk styreskipnad...»

«... i landet vårt finst det i dag objektive vilkår som gjer det absolutt naudsynt, i heile folket si interesse, at vi har ein sterk demokratisk styreskipnad. Det finst ikkje vilkår som gjer det mogleg å tenkje på å innføre kommunistisk styreskipnad»

76. *Julio Alvarez del Vayo* (1895—1975): Journalist, rådgjevar for Largo Caballero. Hovudansvarleg for at ungdomsforbundet til PSOE gjekk inn i ungdomsforbundet til kommunistpartiet PCE i 1936. Under krigen var han krigskommisær for dei republikanske regjeringane og talmann for

republikken i Folkeforbundet. Han kravde at medlemslanda skulle engasjere seg til føremon for republikken, som var den einaste lovlege spanske regjeringa. Gjekk hardt mot ikkje-intervensjonspakta. Etter krigen vart han ekskludert frå PSOE fordi han hyste kommunist-sympatiar. Var møtestyrar på skipingsmøtet for FRAP i 1974. Døydde i eksil i 1975. (Red..)

77. Brev frå Carillo til Togliatti, prenta i *Rinascita* nr. 25 18. juni 1971, seinare òg i *Realidad*.

78. *Dei internasjonale brigadane* var sette saman av anti-fascistiske friviljuge (det store fleirtalet kommunistar) frå 29 nasjonar. Alt i alt kan ein heile krigstida medrekna, rekne talet på soldatar i dei vidgjetne Internasjonale Brigadane til mellom 33.000 og 35.000 mann (men det var aldri meir enn 15.000 på ein gong) medan dei regulære troppane Hitler, Mussolini og Salazar sende Franco talde over 300.000 veltrena mann med moderne våpen. Dei internasjonale brigadane vart vidgjetne for den store djervskapen dei synte i kamp og for den djupe anden av proletarisk internasjonalisme dei bar i seg. Det spanske folket vil alltid hyse eit varmt minne om desse mennene som kom frå alle kantar av jorda for å slått mot fascismen i landet vårt.

I byrjinga av 1937 vart dei internasjonale brigadane sette opp på språkleg grunnlag:

9. brigade (tysk), 12. brigade (italiensk), 13. brigade (slavisk), 14. brigade (fransk), 15. brigade (engelsk) og 129. brigade (Sentral-Europa).

Nokre av dei bataljonane frå dei internasjonale brigadane som utmerkte seg på slagmarka:

- «Paris-kommunen» (franskmenn, sveitsarar og belgiarar),
- «Thälmann» (tyskarar) og «Edgar André» (tyskarar og austerríkarar),
- «Roselli», «Gastone Sozzi» og «Garibaldi» (italienarar),
- «Dombrowski» (polakkar og slavarar),
- «Lincoln» og «George Washington» (amerikanarar, irar og engelskmenn),
- «Tsjapalev» (sett saman av friviljuge av 21 skilde nasjonalitetar).

Det var mange heltar i Dei internasjonale brigadane, og det er uråd å nemne alle dei innanfor rammene av denne boka. Men her er nokre av dei som fall i kamp mot den fascistiske fienden:

*Hans Beimler* tysk (forsvaret av Madrid)

*Avshim Voshi* albansk (Fuente de Ebro)

*Nathan* engelsk (Guadarrama)

*Oliver Law* amerikansk (Brunete)

*Franz Reisenover* austerríksk

*Kirjakidis* gresk

*Burca Kostache* rumensk

*Bernhard Larsen* skandinavisk

*Pierre Ackermann* belgisk

*Peter Borilov* bulgarsk

*Nino Nannetti* italiensk

*Antek Kochanek* polsk

*Walter Chadek* sveitsisk

*Alfred Brugeres* fransk

*Christopher Caudwell* engelsk (Jamara)

Etter tal frå «Hjelpekomiteen» for krigsfangar i Spania var det då krigen tok slutt i 1939 meir enn 500 internasjonale friviljuge som sat i fengsla til Franco. Mellom dei var 124 tyskarar, 16 amerikanarar, 3 argentinarar, 1 bulgar, 1 kinesar, 1 kubanar, 3 danskar, 4 eststrar, 32 franskmenn, 25 italienarar, 12 nordmenn, 28 polakkar, 1 rumenar, 1 meksikanar, 14 svenskar, 9 tsjekkoslovakar og 5 jugoslavar. Alle desse vart overgjevne til udyret Hitler.

Når dei talar om dei internasjonale brigadane, plar revisjonistane vanlegvis «gløyme» å nemne dei meir enn 50 albanske heltane som slåst mot fascismen i Spania før dei byrja den nasjonale frigjøringskampen sin. Dei albanske friviljuge i Spania ga ut eit blad med namnet «Vulneratiri Illirise» (Friviljuge for fridomen).

Mellom desse albanske heltane kan vi (omframt Avshim Voshi, som alt er nemnd) nemne *Teni Konomi* (fallen i strid), *Xhemal Kada* (fallen i strid), *Musa Frateri* (fallen i strid), kamerat *Mehmet Shehu* (no ministerråds president i Den albanske folkerepublikken), *Mane Nishova* (president i den albanske Raudekrossen), *Petro Marko* (romanforfattar, har skrive boka «Hasta la vista») (På gjensyn) som er viggd til krigen vår), *Feim Muco* (myrda av nazistane i Paris noko etter krigen vår) og *Thomas Ziko*. Det er med byrgskap vi kan peike på at mange av dei albanske soldatane i dei internasjonale brigadane gjekk inn i kommunistpartiet under krigen vår i Spania. Dette var t.d. tilfelle med kamerat *Mehmet Shehu*.

I den veldige nternasjonale solidaritetsbylgja for folket vårt tok også dei kinesiske kameratane del, dei som alt hadde byrja ein eigen revolusjonære strid. I fleire kinesiske provinsar var det store støttedemonstrasjonar for det spanske folket. Dei kinesiske revolusjonære lærde seg å syngje sangen «Madrid», og når fienden bomba dei sette dei fram parolen «Lat oss halde ut slik dei spanske kameratane våre gjer.» Kamerat Mao Tsetung sende eit brev til partiet vårt der han seier: «Den saka De slåst for er også vår sak».

79. Brigadane vart dregne attende frå midten av november 1938, under opsyn av eit offisersutval oppnemnd av Folkeförbundet. (Red.)

80. *Alvarez del Vayo*, som var krigskommisær for republikken, heldt ein kraftfull tale i Folkeförbundet i Genève, der han avslørte og fordømte den tysk-italienske intervensjonen mot folket vårt og slo fast:

«Ikkje-intervensjonen er eit juridisk misfoster som i praksis syner seg å vere ein røynleg, direkte og konkret intervensjon til hjelp for opprørarane...»

«kvart spansk forsvarar av republikken og fridomen som fell ved fronten,

i elden frå desse våpna (tyske og italienske) som trass i «ikkje-intervensjonen» kynisk blir ført inn i stadig større mengder, er umotsefande prov på det brotsverket som no blir gjort mot det spanske folket.»

*Antonio Machado*, den store diktaren til folket, skreiv nokre dagar seinare i avis «La Vanguardia» (22.mai 1938):

«Røysta til Spania har tala, álvorsamt, høvisk og djervt frå Alvarez del Vayo sin munn...

Den hånlege stadfestinga av ikkje-intervensjonen i Spania, som nett den forsamlinga gjorde som fekk lagt framfor seg overveldande prov på at han er eit svik, er ei skamlaust kynisk handling som etter vår mening ikkje kan gjerast strafflaust. Desse mennene er med på å fornedre sine eigne folk når dei syner seg fram frå den «høge» tribunen i Genéve for all verda som medskuldige i ei prova urettferd, som usle hyklarar framfor ei misgjerning som saknar si like i soga...»

Desse menn er like lite i stand til å skjøna framtida og ta tiltak mot det som ventar, som dei er naive og trur at krigen er sendt av lagnaden. Dermed er dei med på å gjere krigen uunngåeleg. For der fornufta og moralen har sagt farvel, er det berre brutaliteten som står att. Men med di dei har fått utsett den uunngåelege krigen, er det dei som ber skulda for den grufulle forverringa av han».

81. *Dekretet om jordreforma*, (7. oktober 1936) lovfeste at jord-eigedomane og latifundia til dei som hadde samarbeidd med dei fascistiske opprørarane skulle oreignast utan vederlag og gjevest til dagarbeidarar og fattigbønder. Her hadde dei som var innskrivne i folkemilitsane eller i dei friviljuge republikanske militæravdelingane forrang. I løpet av krigen vart det etter jordreforma som landbruksminister Vicente Uribe leidde delt ut 5.692 mål jord til dagarbeidarar og fattigbønder. Denne jorda vart drive kollektivt eller individuelt, alt etter som folk sjølv ville.

82. *Jesús Hernández* vart sparka ut or kommunistpartiet i 1944 for den kontra-revolusjonære anti-parti-verksemda si. Seinare, i 1953, gav han ut ei stinkande bok, «Eg var statsråd for Stalin», der han sette fram kriminelle åtak og bakvaskingar mot partiet, Stalin og kommunistane. Hernández var undervisningsminister september 1936—mars 1939.

83. *Dolores Ibárruri*, «El Unico Camino» (Den einaste vegen).

84. Tilhøvet mellom anarkistane og kommunistane i Barcelona 1937 er handsama i Vedlegg IV. Meir stoff finst i «Kommunister mot trotskister i Spania 1936—9», Folkets Historie 3, Forlaget Oktober 1973. (Red.)

85. *Den første Negrín-regjeringa* (mai 1937): Stats- og finansminister Negrín, utanriksminister José Giral, forsvarsminister (krigsminister) Indalecio Prieto, innanriksminister Vicente Uribe (PCE), undervisningsminister Jesús Hernández (PCE), justisminister Manuel de Irujo, arbeids-

minister Jaime Aguadé, minister for offentleg arbeid Giner de los Rios, generalkrigskommisær og representant for Spania i Folkeförbundet Julio Alvarez del Vayo.

*Den andre Negrín-regjeringa* (april 1938): stats- og forsvarsminister Negrín, utenriksminister Alvarez del Vayo, innanriksminister Paulino Gomez, justisminister Ramon Gonzalez Pena, finansminister Francisco Méndez Aspe, arbeidsminister Jaime Aguadé, landbruksminister Vicente Uribe (PCE), minister for offentleg byggingsarbeid Antonio Velao, samferdsleminister Giner de los Rios, undervisningsminister Segundo Blanco.

86. *Casado-oppreisten*: Sjå vedlegg IV. Casado-oppreisten mot regjeringa Negrín kom av di gruppa rundt Casado (borgarlege republikanske ofiserar) var mot fortsatt kamp for å halde Madrid mot frankistane, og redde for at regjeringa skulle la kommunistane gripe leiinga i motstandskampen. Casado kommanderte den republikanske hæren i Madrid sentrum. Med støtte frå anarkistleiarane i Madrid opna han tingingar med talsmenn for Francos femte-kolonne i Madrid, la etter kvart ned forsvaret og gjekk til åtak på kommunistiske offiserar og fekk fleire avsette og avretta. Trass i at Casado var viljig til å slutte fred på verre vilkår enn dei tre punkta som Negrín-regjeringa hadde fremma, avslo Franco. Han kravde vilkårlaus overgjeving i heile Spania. Casado-oppreisten vara frå 28.februar 1939 til Madrid fall først i mars 1939. (Red.)

87. PCE støtta Folkefronten, men nekta å ta sete i regjeringa etter vala i februar 1936. Dei gjekk inn i regjeringa med to ministrar (Uribe og Hernández) då Largo Caballero sette det som vilkår for å skipe regjering 4/9-1936. (Red.)

88. Mao Tsetung, «Ein einaste gnist kan tenne ein præriebrann», januar 1930.

89. Sjå avsnittet om «Den amerikanske imperialismen i krigen vår, og den hjelpt han gav den fascistiske oppreisten» s. nedanfor, og note om ikkje-intervensjonspolitikken s. (Red.)

90. For å gjennomføre fastlandsblokade mot Storbritannia innsette Napoleon bror sin, José, som konge av Spania i 1808. Spanjolane svara med forbitra geriljakrig som batt store styrkar for Napoleon og som fekk støtte frå britane. (Red.)

91. Etter slaget ved Ebro (den fascistiske motoffensiven vann fram 7.11.38) fall Katalonia i løpet av 3 månader. (Red.)

92. Generalstabben i Folkehæren var samansett av karriereoffiserar som alle stod fjernt frå interessene til folket, sjølv om dei opphaveleg hadde vald å stø republikken mot frankistane. General Miaja var øvstkom-

manderande i sør-vest etter at området som republikken heldt vart delt i 1938. Han var seinare med i Casado-oppreisten. (Red.)

93. Sjå Vedlegg VII om konsentrasjonsleirane i Frankrike. (Red.)

94. Som eit døme på denne typen tilbaketrekking, og som eit føredøme, må nemnast «den lange marsjen» eller «den store marsjen» som den kinesiske folkehæren gjennomførte under kamerat Mao Tsetung sin kommando. Denne fantastiske tilbaketrekkinga byrja i oktober 1934 frå Vest-Fukien og Sør-Kiangsi, og enda i Oktober 1935 i Nord-Shensi. Under «den lange marsjen» gjekk dei kinesiske revolusjonære styrkane 12.500 km, dei kryssa sumper og myrland som ingen menneske endå hadde våga seg over, dei kleiv over nesten uoverkomande fjell. Dei drog gjennom 11 provinsar og dei slo attende alle freistnader frå fienden på å omringe, øydelegge og utslette dei. Alt dette gjorde dei med lite proviant, utan medisinar, utan ekstra klede og utan mekaniske transportmidlar. Dei fleste av dei som var med på denne storfelde, strategiske marsjen miste livet. Den dag i dag er alle, også dei borgarlege militær«strategane», samde om at denne marsjen var ei episk-heroisk bragd, leia av eit militært geni (Mao Tsetung), som det ikkje finst make til i moderne soge.

95. *Guadalajara* er ein provinshovudstad nordvest for Madrid, ved elva Henares. Slaget ved Guadalajara stod frå 7. til 18. mars 1937, og er del av det vellukka republikanske forsvaret av Madrid med omegn. (Red.)

96. Slaget ved Ebro frå 24.7.38 til 7.11.38. Folkehæren gjekk over Ebro frå vest og greidde å ta byen Gandesa i løpet av 14 dagar, trass i den overlegne våpenmakta på andre sida. Men republikanarane vart sitjande fast mellom Franco-hæren og elva, og gav seg ut på ein desperat stillingskrig. Mannefallet var enormt. Av den republikanske hæren på 100.000 mann vart 70.000 drepne eller skadde. Dei internasjonale brigadane gjorde ein vidgjeten innsats i slaget ved Ebro, og miste 75% av styrkane sine. I første veka av november gjennomførte frankist-hæren med tysk og italiensk hjelp ein motoffensiv og tok att vest-breidda av Ebro. (Red.)

97. Frankistane heldt Spania frå Navarra til den portugisiske grensa heilt frå juli 1936, slik at republikken vart delt i ein nordleg og ein sør-austleg del. (Red.)

98. *Teruel*: By i provinsen Teruel i nord-aust-Spania. Republikanske styrkar tok Teruel i desember 1937, men måtte dra seg attende i midten av februar etter 2 månader under harde åtak frå frankistane. Etter at Teruel gjekk attende til fascistane kom Aragon-offensiven, som etter delte det republikanske Spania i to (mars—juli 1938). (Red.)

99. *Malaga fall 3.—7. februar 1937. (Red.)*

100. *Santoña og Laredo:* Leiarar for den borgarlege baskiske nasjonalistrørsla overgav styrkane sine til italienarane i Laredo og Santoña i slutten av august 1937, mot lovnad om fritt leide til Frankrike for dei som ønskte det. Baskarane vart svikne, og overgjevne til frankistane etter at dei var avvæpna. (Red.)

101. Stalin, Molotov og Vorosjilov sende eit brev til den spanske republikanske regjeringa der dei mellom andre saker som vart tekne opp gav dette rådet:

«Det er formålstenleg å vere merksam på bøndene, som i eit jordbruksland av Spania sin type er svært viktige. *Ein bør trekkje desse (bøndene) til hæren og skipe geriljagrupper der bøndene er med attom linene til fascisthæren*» (vår understrekning, forf).

102. Carillo, «Føreord til brev frå Togliatti», *Realidad* nr.21.

103. Mao Tsetung, «Viktige oppgåver etter at samarbeidet er kome i stand», september 1937. Eng.utgåve: Selected Works, bind II, s. 44 (Peking 1967).

104. Lokale representantskap (styringsorgan, sivilt og militært) samansette etter forholdet mellom dei ulike partia i Cortes ved februarvalet i 1936. (Red.)

105. Spania hadde regulær verneplikt før krigen mot fascismen, under den 2.republikken. Denne verneplikta stod ved lag i republikken sine område under heile krigen. (Red.)

106. «Forsvarsrådet» til svikaren Casado ( han døydde i Madrid 18.desember 1968) var sett saman av desse elementa:

- statsminister Miaja (yrkesgeneral utan partipolitisk tilknyting)
- utanriksminister Besteiro («sosialist»)
- forsvarsminister Casado (yrkesmilitær, oberst)
- innanriksminister Carillo («sosialist» og far til den noverande revisjonisthovdingen Santiago Carillo)
- finansminister González Marín (anarkist)
- samferdsleminister Eduardo Val (anarkist)
- arbeidsminister Antonio Pérez («sosialist»)
- justisminister Miguel San Andrés (republikanske venstre)
- sekretær Sánchez Requena (anarkist)

Her ser vi såleis kva rolle «sosialistane» og anarkistane spela i sviket mot folket og vaklinga andsynes fascismen.

107. *Standard Oil (New Jersey):* Del av det opphavlege Standard Oil som

Rockefeller-familien grunnla og eig (eit av fleire regionselskap som vart skipe etter at Standard Oil vart råka av anti-trust-lovgjevinga i USA først i hundreåret). Namnet til selskapa er forkorta Esso. (Red.)

108. Spansk: Delele. Utnamn på Juan Carlos.
109. *CAMPSA* er eit stort industriselskap i Barcelona. (Red.)
110. *T.Rieber*: norskfødd. Kjend for nazisympatiane sine. (Red.)
111. *Embargolova* var ei lov om forbod av eksport av krigsmateriell. Vedteken den 8. januar 1937 av Kongressen i USA i all hast for å hindre eit skip i å gå til republikken Spania med krigsmateriell. (Red.)
112. *Henry Robinson Luce* (1898—1967) grunnla «Time» og redigerte og gav det ut til han døydde. Dessutan «Life» og forretningsbladet «Fortune».
- W.R.*Hearst* (1863—1951): grunnla presseimperium frå århundreskiftet fram til 1. verdskrig. Kjend for omsynslaus og sensasjonsjagande journalistikk og ultra-konservativ politisk tendens. Støtta Franco, var mot at USA skulle gå med i 2. verdskriga, drivande anti-kommunist i første McCarthy-tida. I 30-åra kom avisene hans ut med samla opplag på over 20 mill pr.dag i USA. (Red.)
113. *Kardinal Spellman*: Kjend i vår tid for ihuga støtte til USA si krigføring i Viet Nam. (Red.)
114. *Joseph Kennedy* (1888—1969): Amerikansk finansmann — ein av dei rikaste i USA — og diplomat, kjend i mellomkrigstida for profascistiske sympatiar. Far til president John F. Kennedy. (Red.)
115. *W.C.Bullitt* (1891—1967): diplomat, ambassadør i Sovjetunionen 1933—36 og Frankrike 1936—41. Utvikla seg til å bli anti-kommunist. (Red.)
116. *Bourbon-monarkiet*: Fransk adelsætt, regjerte Spania frå 1713 til 1923, med avbrot. (Red.)
117. *Framandlegionen*: Oppretta som parallel til den franske framandlegionen i 1920, for å føre krig i Afrika. Verva friviljuge same kvar dei kom frå. Kjend for valdsferda si, nytta ordtaket «Lenge leve dauden». I 1936 var det 34.000 mann i framandlegionen. (Red.)
118. Frente POLISARIO: Folkefronten for frigjering av Saquia al Hamra og Rio de Oror. fPOLISARIO vart skipa 10.mai 1973 for å gje kampen mot Marokko og Mauretania organisering og sterk leiing. Målet er fullt

nasjonalt sjølvstende, fritt for all kolonialisme og ny-kolonialisme, og fPOLISARIO har som utgangspunkt at einaste vegen går gjennom væpna kamp. Etter frigjeringa skal statsforma i Vest-Sahara vere ein nasjonaldemokratisk og republikansk stat med folket i leiinga. (Red.)



## BØKER OM FOLKEKRIG

### **Mehmet Shehu: FOLKEHÆR MOT FASCISMEN**

Korleis kunne vesle Albania jage armeane til Mussolini og Hitler på sjøen under motstandskrigene mot fascismen og nazismen? Den noverande statsministeren, Mehmet Shehu, fortel om organiseringa av kampen. Han var sjølv ein av partisanleiarane.

*112 s., kr 30,-*

### **Truong Chinh: FOLKEKRIGENS VEI**

En klassiker om folkekrisen av en av lederne i Vietnams Arbeiderparti.

*136 s., kr 24,50*

### **Mao Tsetung: OM DEN LANGVARIGE KRIGEN**

I sine militærskrifter har Mao Tsetung oppsummert og utvikla folkekrisens teori. Artikkelen «Om den langvarige krisen» er en viktig del av disse skriftene.

*Utkommer i desember 1976.*



# **Ein marxist-leninistisk analyse av krigen mot Franco-fascismen**

Krigen i Spania frå 1936 til 1939 sto i brennpunktet for arbeidrarar og demokratar verda over. Her vart dei store massane av folket i Europa klår over korleis det sanne andletet til fascismen såg ut. Arbeidrarar og progressive kjende striden i Spania som sin eigen, og tusenvis drog for å kjempe mot den spanske, tyske og italienske fascismen i Dei internasjonale brigadane. Også nordmenn deltok.

Det spanske folket stridde som heltar, og tusentals av anti-fascistar og kommunistar let livet på slagmarka i forsvar for den 2. spanske republikken. Fremst i striden sto det spanske kommunistpartiet, PCE, som ut frå ei rett generalline — væpna motstand mot Franco-kuppet — gjekk i brodden for å oppretta ein folkehær for republikken og halde oppe motet og kampviljen i folket.

Trass i kampviljen og den rette hovudlinja for kampen, leid folket nederlag mot Franco-fascismen. PCE(m-l), det spanske kommunistpartiet som no arbeider illegalt, gjev her ein marxist-leninistisk analyse av den spanske krigen mot fascismen. Dei kritiserer feil som PCE gjorde, og gjer samstundes opp med dei spanske revisjonistane som vil «gløyme» krigen og slutte fred med Franco-fascismen. Ved å finne årsakane til nederlaget i 1939 legg PCE(m-l) grunnen for ein ny og sigerrik strid for fridom og sjølvstende for det spanske folket.



**ISBN 82-7094-134-4**

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie ([www.akp.no](http://www.akp.no)) 2020

**Pris kr 30,—**